

Årsrapport 2011

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Innhold

| | |
|---|---------|
| Kapittel 1 - Om embedet | Side 4 |
| Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer | Side 12 |
| Kapittel 3 - Resultatområder | Side 17 |
| Kongehuset | Side 17 |
| Miljøverndepartementet | Side 17 |
| Landbruks- og matdepartementet | Side 24 |
| Kunnskapsdepartementet | Side 36 |
| Statens Helsetilsyn | Side 51 |
| Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet | Side 54 |
| Justis- og politidepartementet | Side 59 |
| Kommunal- og regionaldepartementet | Side 64 |
| Arbeidsdepartementet | Side 67 |
| Helse- og omsorgsdepartementet | Side 70 |
| Samferdselsdepartementet | Side 84 |
| Utenriksdepartementet | Side 84 |
| Kulturdepartementet | Side 85 |
| Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet | Side 85 |
| Andre | Side 91 |
| Endringer i årsrapporten | Side 92 |

Embete:

2011 – året då beredskapen vart sett på prøve

Vi vil aldri gløyme 22. juli 2011. Midt oppi sorga og avmakta over dei fryktelege handlingane som råka heile nasjonen, kom kvalitetane ved landet vi bur i til syne. Vi såg fellesskapet og samhaldet mellom menneska. Midt opp i alt det tragiske stod statsministeren og mange andre fram og understreka kor viktig det var at frykta for terrorhandlingar ikkje skulle få endre på det som vi reknar som sentrale verdiar i vårt demokrati: tillit, toleranse og openheit. Samstundes har det siste året synt kor viktig det er å drive eit godt beredskapsarbeid, både mot terror og andre kritiske hendingar. Vi er difor glade for at Justis- og beredskapsdepartementet har teke initiativ til å styrke arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

Kor sårbar menneskebygd infrastruktur kan vere, fekk vi erfare til gagns då orkanen Dagmar herja Sogn og Fjordane i romjula. Først sette den svært sterke vinden store delar av straumnettet i fylket ut av spel om kvelden første juledag. Manglande straum gjorde at telefonlinjer heller ikkje fungerte, og mobilnettet fall ut etter kvart som reservebatteri i basestasjonane gjekk tomme. Oppå dette kom kraftig lokalt regnvêr om kvelden andre juledag, som utløyste flaum og skred langs vegane mange stadar i fylket. Enkelte kommunar og bygder vart heilt isolerte, og viktige gjennomfartsårer sperra.

Ekstremvêret skapte tre hovudutfordringar: kommunikasjon, tilgang til lege og sjukehus, og omsorg for hjelpetrengande og sjuke.

Fylkesmannen koordinerte beredskapsarbeidet i fylket under orkanen, og fylkesberedskapsrådet vart viktig for å få eit samla situasjonsoversyn og for å prioritere ressursar dit det var størst behov. Sjølv om situasjonen tidvis var dramatisk, er det i ettertid òg flott å sjå korleis fylket var i stand til å mobilisere store ressursar i ein felles innsats. Folk stilte opp og hjelpte til det beste dei kunne, enten som ein del av jobben som montørar i kraftselskapet, som tilsette i den kommunale heimesjukepleien, eller som frivillige i Røde Kors Hjelpekorps.

Evalueringane i etterkant av Dagmar viser at beredskapen fungerte godt på dei fleste nivåa i fylket, men òg at det er ting vi kan gjere betre. Nasjonale styresmakter må stille strengare krav til beredskapen for å sikre straum og telefoni. Desse krava må òg omfatte naudnettet, det maritime radionettet og kringkastingsnettet. Lokale og regionale styresmakter og verksemder må kartleggje risiko, få eit betre oversyn over alle ressursar som kan vere til hjelp i krisesituasjonar, oppdatere beredskapsplanverket og øve jamleg. Alle helseinstitusjonar og sjukeheimar må få naudstraumforsyning på plass.

Klimaendringar gjer at vi i framtida må forvente meir ekstremnedbør, flaum og skred. Det gir endå meir grunn til å tenkje førebyggjande. Ei god arealplanlegging og betre sikring og vedlikehald av offentleg infrastruktur er avgjerande for å stå best mogleg rusta til å møte eit endra klima.

Leikanger, 13.02.2012

Anne Karin Hamre

Kapittel 1 - Om embetet

1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

Oppgåver innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ligg langt framme med nasjonale oppgåver innanfor IKT. I IKT-seksjonen arbeider det 14 personar, der tolv er finansierte gjennom nasjonale oppgåver med utvikling og drift. Mellom anna driv Fylkesmannen publiseringssloyna Trippelnett og portalane for partistøtte og fritt rettsråd for Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Andre viktige prosjekt vi har arbeidd med i 2011 og som vi skal halde fram med i 2012, er ei ny publiseringssloyning for Direktoratet for naturforvaltning og deltaking i arbeidet med ny verjemålsapplikasjon for Justisdepartementet. I tillegg har Fylkesmannen utarbeidd ein rapport som ser på nye potensielle elektroniske tenester for det såkalla vurderingsprosjektet. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane håpar at IKT-seksjonen i embetet kan vere ein ressurs til beste for både sentralforvaltning og andre fylkesmannsembete.

Samhandling og læring – Fylkesmannen og kommunane

I 2011 vart embetsprosjektet *Samhandling og læring – Fylkesmannen og kommunane* avslutta. Prosjektet hadde som målsetnad å utvikle robuste samhandlingsformer som gir læring og betre kvalitet på kommunale tenester, og læring i vårt eige arbeid med å utvikle samhandlinga med kommunane. Prosjektet har munna ut i fem hovudkonklusjonar:

1. I samarbeid med andre aktuelle partar vil Fylkesmannen ta initiativ til å opprette forum for folkehelse og omsorg, kompetansegruppe for landbruks- og miljøforvaltning og forum for kommunale planleggjarar.
2. Jamlege møte med kommunane skal gjennomførast med tre til fire kommunar i lag, slik at Fylkesmannen får møte kommunane oftare, og slik at begge partar får høve til å sjå utfordringane i kommunane i eit større perspektiv. I tillegg til dei jamlege kommunemøta, kjem møte med enkeltkommunar ved spesielle behov.
3. Tilsynsverksemda til Fylkesmannen skal samordnast betre både internt og med andre statlege tilsynsetatar, og tilsynsfunn skal følgjast betre opp. Føremålet med tilsynsarbeidet må vere å hjelpe kommunar og verksemder med å halde god kvalitet, ikkje å finne feil. Fylkesmannens tilsynsgruppe har utarbeidd rapporten *Tilsyn, ressursbruk og læring*, som konkretiserer tiltak for å framheve læringsperspektivet ved tilsyn.
4. Opplæring av nye folkevalde skal gjennomførast etter ein ny modell, med fire regionvise dagssamlingar i fylket der heile leiargruppa deltek. I opplæringa legg Fylkesmannen vekt på å vere ein ressurs for kommunane, framføre å vere ein instans som kjem med krav og pålegg.
5. Alle avdelingar skal innføre prinsippa for ein lærande organisasjon. I samband med dette skal alle tilsette gjennomføre eit kurs i kommunikasjon og rettleiing.

Planløftet

Embetsprosjektet *Planløftet* vart sett i gang i 2011, og blir vidareført i 2012. Prosjektet var ei oppfølging av ein intern gjennomgang av planfeltet i 2010. Prosjektet legg opp til at Fylkesmannen skal arbeide meir strategisk og førebyggjande på planfeltet og utvikle gode samhandlingsformer med fylkeskommunen, regional stat og kommunane. Målet er å styrke plankompetansen og få til betre kvalitet på kommunale planar.

I 2011 arbeidde vi mellom anna med:

1. Styrking av plankoordineringa internt
2. Utvikling av eit eige menypunkt på heimesida vår om planlegging
3. Plansamlingar for kommunane
4. Faste møtepunkt mellom fylkesmiljøvernensjefen (som har hovudsvar for plankoordineringa hos Fylkesmannen) og fylkesdirektøren for plan- og samfunnsavdelinga i fylkeskommunen
5. Førebu kommunane på arbeidet med kommunale planstrategiar
6. Involvering i arbeidet med regional planstrategi

Innsyn og opne data

I tråd med signal frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet legg vi til rette for at informasjon skal vere offentleg tilgjengeleg, . Mellom anna har Fylkesmannen gjennom eit avdelingsovergripande prosjekt publisert data i maskinlesbare format. Embetet har gjennom aktiv deltaking på kurs, seminar og drøftingsmøte styrka kompetansen innan fagområdet.

I 2011, det første heile året der Offentleg elektronisk postjournal gjorde det mogleg å krevje innsyn med eit tastetrykk, fekk Fylkesmannen 3 167 innsynskrav. Vi første ikkje statistikk over tal innsynskrav tidlegare, men har grunn til å tru at det har vore ein stor auke. Vi merkar også at fleire krev innsyn i dokument som er underlagde teieplikt, slik at talet på heile eller delvise avslag på innsynskrav gjekk opp frå fire i 2010 til 100 i 2011. For å betre rutinane for vurdering av innsynskrav, og for å understreke krava i offentleglova, har Fylkesmannen laga ein prosedyre for handsaming av innsynskrav som er gjort kjend for avdelingane og som også skal takast opp på eit lunsjmøte for alle tilsette.

Samla medfører satsinga på innsyn og opne data stadig større bruk av ressursar frå Fylkesmannen, utan at det i tildelingsbrevet er teke høgde for ein slik auke.

Videomøte

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane deltok i 2011 i prosjektet [Kunnskap kryssar grenser](#). Føremålet med prosjektet var å redusere CO₂-utslepp gjennom auka bruk av videomøte og nettoverføringer. Vi gjennomførte i prosjektperioden 172 videomøte som erstatning for reise til fysiske møte, og dette gav embetet ei innsparing på 1 118 reisetimar og kr. 340 000 i reisekostnader. I tillegg ført redusert bil- og flybruk til ein reduksjon i klimagassutslepp tilsvarande 16 tonn CO₂. Likevel kunne effekten ha vore større dersom også departement og direktorat la meir til rette for bruk av video i møte og konferansar der det eignar seg.

Reisebudsjettet i embetet vert for 2012 redusert med 5 % samanlikna med 2011, og auka bruk av elektroniske møte er eit viktig tiltak for å nå målet om redusert reisebelastning.

Setjefylkesmann

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er fast setjefylkesmann for Fylkesmannen i Hordaland i saker etter plan- og bygningslova. Dei fleste setjesakene gjeld klage over dispensasjonsvedtak. Vi fekk inn 152 setjesaker i 2011, og dette er ei stor utfordring for oss. Til samanlikning fekk vi inn 66 klagesaker etter plan- og bygningslova frå kommunane i vårt eige fylke. Det kan hende at talet på klagesaker frå Hordaland er på veg ned, men vi har framleis ein del restansar på området.

Finansiering av stillingar gjennom prosjektmidlar

Sett bort frå IKT-seksjonen har embetet i dag 17 tilsette som er finansierte av prosjektmidlar, særleg frå Helse- og omsorgsdepartementet og Miljøverndepartementet med underliggende direktorat. Det er krevjande å ha så mange tilsette finansiert gjennom prosjektmidlar. Prosjektmidlane kjem ofte så seint på året at det er vanskeleg å planleggje aktivitetar og ha rett kompetanse tilgjengeleg. Prosjekt skal vere mellombelse, og erfaringa viser at det er vanskelegare å rekruttere til og ikkje minst å halde på personar i mellombelse stillingar. Dette verkar både inn på kvaliteten på oppgåveløysinga og utnyttinga av midlane. Dessutan er det ei belastning på administrasjonen. Sett frå vårt perspektiv er Kunnskapsdepartementet eit føredøme til etterfølgjing, der det nettopp har kome på plass finansiering over kap. 1510.01 til ei heil ny stilling på barnehageområdet.

Konkurranse på løn

Som det går fram under kap. 1.2 er ei anna utfordring at somme av dei som sluttar hjå Fylkesmannen får tilbod om høgare løn ved andre offentlege etatar. Ei anna side av konkurransen om tilsette mellom offentlege verksemder er at Fylkesmannen må gje høgare løn for å halde på tilsette med nøkkelkompetanse. Vi vurderer å redusere talet på tilsette for å finansiere høgare løn.

Helse

Førebuinga til samhandlingsreforma med ny kommunal helse- og omsorgslov har vore ei spesielt viktig oppgåve for Fylkesmannen i 2011. Like eins har vi lagt vekt på informasjon om gjennomføringa av den nye folkehelselova.

Folketalet veks

Sogn og Fjordane hadde folkeauke i 2011, for femte år på rad. Folketalet auka med 459 personar i 2011, slik at det ved årsskiftet var 108 201 innbyggjarar i fylket. Den prosentvise auken var på 0,43 %, medan auken på landsbasis var 1,33 %. Av alle fylka hadde Sogn og Fjordane den lågaste auken i folketalet. Innvandring frå utlandet (972 personar netto overskot) og fødselsoverskot (185 personar) er hovudårsakene til auken. Innanlands var det ei netto utflytting frå fylket med 685 personar.

Av dei 26 kommunane var det 16 som hadde vekst i folketalet i 2011. Dei tre kommunane med størst vekst var Sogndal (188), Førde (100) og Vågsøy (99).

(Kjelde: Statistisk sentralbyrå)

Elevar i landstoppen

Resultata frå eksamen i grunnskulen våren 2011 viser at elevane i Sogn og Fjordane ligg over landsgjennomsnittet både i engelsk, matematikk og norsk hovedmål og sidemål. I norsk sidemål er dei heilt i toppen med eit gjennomsnitt på 3,7, der det nasjonale gjennomsnittet er 3,2. I matematikk er talet 3,4 for Sogn og Fjordane og landsgjennomsnittet 3,1. Tilsvarende ligg elevane på eller over landsgjennomsnittet ved alle nasjonale prøvar, og det er spesielt gode resultat i matematikk i 8. og 9. klasse.

Avgangselevane frå Sogn og Fjordane fekk i gjennomsnitt 41,5 grunnskulepoeng, medan landsgjennomsnittet er 39,9 poeng. Grunnskulepoeng er eit samla mål på karakterar i alle fag ved avslutninga av grunnskulen, både eksamenskarakterar og standpunktcharakterar.

Kommuneøkonomi

Ved utgangen av 2011 var tre av dei 26 kommunane i fylket i Robek-registeret. Dette var Flora, Vik og Bremanger.

I statsbudsjettet for 2011 vart det i gjennomsnitt lagt opp til ein realvekst i frie inntekter på 0,9 % for kommunane, noko over landsgjennomsnittet. Kommunane fekk meir skatteinntekter enn budsjettet, men utviklinga for fylket var noko lågare enn for landet. I sum får kommunane i fylket meir i frie inntekter enn det som opphavleg var budsjettet. Førebelse tal for utgiftsveksten ligg på nivå med det som var lagt til grunn i statsbudsjettet. Langsiktig gjeld vurdert i høve til inntekter ligg over landsgjennomsnittet. Lågt rentenivå har bidrige positivt til kommuneøkonomien. Kommunar som har plasseringar i verdipapirmarknaden, må bokføre eit tap i drifta for 2011.

Stabil matproduksjon og strukturendringar i landbruket

Vi ser den same utviklinga innan jordbruket i Sogn og Fjordane som vi finn i resten av landet. Talet på bruk går ned, jordbruksarealet minkar litt og dyretalet går ned. Samstundes er det mange som har imponerande vilje til å satse. Vi har så langt halde oppe produksjonsvolumet for mjølk og kjøt, og verdiskapinga i frukt- og bærproduksjonen aukar. Med færre sysselsette i landbruket er det viktig å legge til rette for næringsutvikling i heile fylket for å erstatte desse arbeidsplassane. Særleg gjeld dette utkantbygder med avgrensa arbeidsmarknad.

Sysselsetting og næringsliv

Talet på sysselsette i Sogn og Fjordane har i 2011 auka frå 55 000 personar til 57 000 personar. Statistikken viser at auken har kome ved at fleire kvinner er i arbeid. Sogn og Fjordane har ein sysselsetningsprosent på 73,1, som er høgst i landet.

Likevel skapar det store utfordringar både for lokalsamfunn, kommunar, Fylkesmannen og for Nav når større verksemder legg ned eller flyttar produksjonen utanlands. Til dømes har Vågsøy, ein kommune med rundt 6 000 innbyggjarar, på nokre månader før og etter nyttår mista rundt 130 arbeidsplassar etter at eit skipsverft og eit filetproduksjonsanlegg har stengt dørene.

Verksemdene i Sogn og Fjordane forventar vekst i sysselsettinga for 2012, men ikkje like mykje som året før. Dei økonomiske utfordringane i fleire europeiske land fører til uro i eksportnæringane. Elles har mange verksemder problem med å skaffe kvalifisert arbeidskraft. Mangelen er størst på fagarbeidarar og høgt utdanna teknisk personell.

Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Næringsbarometeret for Sogn og Fjordane 2012

1.2 Ressursbruk og andre økonomiske forhold

1.2 Rapportering på ressursbruk

Økonomiske forhold hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2011:

Embetet si tildeling i 2011 over kap. post 1510.01 var på kr 69.057.568,- inkl. kompensasjon for lønsoppgjeret, andre ekstratildelingar og landsdekkjande oppgåver som trippelnett, fri rettshjelp, fagutval kart, elektronisk dokumentutveksling og elektronisk årsrapport.

Embetet fekk inn refusjon av sjukepengar på totalt kr 1.531.626,-, refusjon av foreldrepengar kr 1.377.959 og inntekter frå andre mindre prosjekt på kr 831.686,-

Sum tildeling, refusjon og andre inntektsoverførte beløp over kap. post 1510.01 var på kr 74.595.111,-. Av dette vart kr 72.482.211,- nytta til ordinær drift og landsdekkjande tenester. Embetet hadde eit mindreforbruk på kr 1.944.586,- i 2011. Kr 626.000,- er midlar som er tildelt Portalprosjektet og desse midlane vert overførte og nytta i 2012.

Mindreutgifta skuldast at embetet har hatt mange vakansar og dessutan mange sjukmelde gjennom året. Embetet finansierer ein del av si ordinære drift gjennom inntekter frå andre etatar der vi får løns-, reise- og overheadrefusjon frå prosjektmidlar. Dette utgjer ca kr 18 millionar, eller 20 % av den ordinære drifta.

Ved årsskiftet hadde vi ei mindreutgift på kap. post 1510.21 på kr 3.304.124,-. Dette er midlar som vi i 2012 skal nytte til: kompetansemidlar frå Difi, leiarnettverk innan helse- og omsorg, forbettingsprosjektet, fagleg og pedagogisk utvikling, EDU, samiske fellestekstar, CMS-løysing og samleprosjekt IKT-utvikling.

I samband med årsrapporteringa har vi funne feil i resultatrapporteringa vår. Forbruket pr resultatområde er ikkje lasta opp alle månadane. Vi har difor mauelt berekna dei manglende opplastingane. Total ressursbruk er likevel tilnærma rett.

| Departement | Kap1510 | Fagdep |
|---|-------------------------|------------------------|
| Miljøverndepartementet | kr 7 596 746,00 | kr 303 263,32 |
| Landbruks- og matdepartementet | kr 10 719 591,05 | kr 74 954,00 |
| Kunnskapsdepartementet | kr 4 835 465,00 | kr 1 283 792,21 |
| Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet | kr 1 373 062,47 | kr 0,00 |
| Justis- og politidepartementet | kr 2 657 220,00 | kr 19 755,88 |
| Kommunal- og regionaldepartementet | kr 3 215 957,00 | kr 0,00 |
| Arbeidsdepartementet | kr 615 220,00 | kr 30 041,37 |
| Helse- og omsorgsdepartementet | kr 5 909 063,00 | kr 1 590 990,54 |
| Andre | kr 35 559 886,56 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 72 482 211,08 | kr 3 302 797,32 |

1.3 Risikostyring

Risikostyring

Vi utarbeider årlege verksemndplanar og tilsynsplanar som er baserte på risikovurderingar. Det vert utarbeidd kvartalsvise rapportar for status og avvik i verksemndplan og budsjett. Rapportane vert lagt fram i leiarmøta, og leiargruppa tek stilling til korleis evt. avvik skal følgjast opp. Vi har utarbeidd ei serviceerklæring som gir kommunar og enkeltpersonar oversyn over sakshandsamingstid på viktige saksområde. Etter ei risikovurdering av kva område som er mest kritiske når det gjeld sakshandsamingstid, vert desse saksfelta rapporterte på kvartalsvis til leiargruppa.

Framover må vi i større grad systematisere og dokumentere dei risikovurderingane vi gjer. Fram til no har vi hatt meir merksemad på å dokumentere risikovurderingar av den eksternt retta verksemda vår (td. rettstryggleik og risikovurderingar av tilsynsobjekt og ROS-analysar knytt til samfunnstryggleik).

System for og gjennomføring av risikostyring

Vi meiner at vi har eit velfungerande styringssystem. Vi gjennomfører jamlege risikovurderingar. Ut frå

tilbakemeldinga frå Riksrevisjonen og tydelegare føringer om risikostyring i tildelingsbrevet til fylkesmennene for 2012, ser vi at vi framover må legge meir vekt på interne tilhøve i arbeidet vårt med risikostyring. Vi har difor starta opp eit avdelingsovergripande prosjekt som skal syte for at vi får på plass eit heilskapleg system for risikostyring. Måla for prosjektet er at vi innan 01.07.2012 har fått følgjande punkt på plass (sjå vedlagde prosjektplan):

- utarbeiding av ein risikopolicy
- felles forståing av risiko internt i embetet
- ein overordna, samla risikoanalyse på verksemdkritiske område
- oppdaterte styringssystem og styringshjul

I 2012 startar vi med risikovurdering av embetsprosjekt. Embetsprosjekta er store satsingar som embetet set i gang kvart år. Satsinga dette året er «Planløftet» og «Sjumilssteget».

I «Planløftet» skal vi leggje til rette for at vi kan arbeide meir strategisk og førebyggjande på planfeltet. Vi vil utvikle gode samhandlingsformer med fylkeskommunen, regional stat og kommunane, og utvikle intern samhandling. Målet er å styrke plankompetansen, utvikle samarbeidet mellom kommunane og få til god kvalitet på kommunale planar. Satsinga er forankra i den strategiske planen vår og i sentrale føringer i tildelingsbrevet for 2012. Planfeltet er høgt prioritert i embetsoppdraget på miljøområdet for 2012.

«Sjumilssteget» har som føremål å utvikle det tverrfaglege og tverretatlege arbeidet med barn og unge i kommunane. Vi ønskjer å vere med på å sikre at born og unge sine utviklings-, lærings- og omsorgsbehov vert ivaretakne gjennom betre planlegging og koordinering av offentlege og friviljuge organisasjoner sin innsats.

I arbeidet med verksemndplan for 2013 vil vi leggje vekt på å risikovurdere i større grad enn vi har gjort tidlegare, også når det gjeld interne forhold.

I framdriftsplanen for prosjektet vi set i gang no har vi og lagt inn at vi skal

- etablere system for å dokumentere område med høg risiko som vert aksepterte utan at tiltak vert sette i verk
- integrere risikovurdering i styringssystemet og i styringshjulet vårt

HMS-prosjektet vi har sett i gang vil kunne knytast til måla i embetet, når vi har fått på plass ein overordna, samla risikoanalyse.

Informasjonstryggleik

Ebetet sin strategi innan informasjonstryggleik vart godkjend i leiarmøte i april 2011. Denne er bygd opp etter mal frå tryggleikssutvalet i FAD. I tillegg gjennomfører vi årlege risikovurderingar på IKT med konkrete oppfølgingstiltak. Vi meiner at vi har ein tilstrekkeleg god informasjonstryggleik, men brukarane er uansett den største risikoen. Vi legg vekt på å informere brukarane godt, men samtidig kan det oppstå uønskte hendingar. Vi viser også til rapport sendt FAD 14. september om IKT-tryggleik.

Turnover/kritisk kompetanse

Ved rekruttering har vi utfordringar når det gjeld løn for nyttilsette kontra løn til erfarte medarbeidarar. Vi opplever også at vi mister erfarte og viktige medarbeidarar til andre offentlege verksemder. Vi har for tida stor utskifting av medarbeidarar, og forsøk på å behalde medarbeidarar via Hovudtariffavtalen punkt 2.3.4, viser at vi ikkje greier å konkurrere med lønsnivået til andre arbeidsgjevarar.

Vi har ikkje klart å halde på erfarte overingeniørar innan plan, vassdragsforvalting og ureining, og vi har hatt problem med å rekruttere frå skuleleiarnivå i kommunane. Vi har i periodar utfordringar med å rekruttere juristar med lang arbeidserfaring.

Hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane arbeider i overkant av 120 tilsette. Heile 21 personar slutta i 2011, og dette medførte ein del kostnader og meirarbeid til utlysing og nyttilsetjingar, og ikkje minst til opplæring. Åtte av dei som slutta vart pensjonistar. Fem personar gjekk til andre offentlege arbeidsgjevarar i Sogndal eller Leikanger, og for somme av desse var det eit medverkande motiv at den nye arbeidsgjevaren tilbydde høgare løn enn det Fylkesmannen kunne.

Sjukefråver

Sjukefråværet ved embetet var 6,1 % i 2011. Dette er høgare enn det vi tradisjonelt har hatt. I den lokale IA-avtalen har vi sett som mål å komme ned under fire prosent i løpet av perioden. Vi har oppdatert rutinane for

oppfølging av sjukemelde i samsvar med nytt regelverk. Vi har sett fokus på korleis vi skal førebyggje sjukefråvær, og vi har sett i verk tiltak i 2011 som held fram i 2012. Vi har avtale om bedriftshelseteneste (BHT) og brukar denne aktivt, både ved førebygging og i oppfølging av sjukmelde.

Tiltak ved sjukefråver:

- Arbeidsmiljøundersøkinga seier oss at tilsette opplever å ha stor arbeidsbelastning; avdelingsleiarane har kartlagt interesse for stressmeistringskurs. Vi planlegg kurs i løpet av 2012.
- Nokre avdelingar er flinke med pausetrim, men ikkje alle er like systematiske. Avdelingane treng pådrivarar. Nokre tilsette finn andre metodar for å kople av frå skjermen.
- BHT har hatt tilbod om treningsrettleiring til dei som ønskjer det.
- BHT har samtale og ergonomigjennomgang med alle nytilsette. I haust har vi og oppfordra om at alle tilsette som ynskjer ergonomigjennomgang tek kontakt på kontordagar.
- Fysiske tiltak er nok dei enklaste å få til på kort sikt. I 2011 har vi kjøpt inventar for ca 250 000,- etter tilråding frå BHT.
- Trimregistreringa motiverer til fysisk aktivitet. Vi har arrangert to fjellturar etter arbeidstid. Vi arrangerte zumba-trening seks måndagar.
- I 2010 innførte vi refusjon for treningsavgift for å motivere til fysisk aktivitet.
- Vi har god erfaring med at tilsette får hjelp av leiar til å prioritere arbeidsoppgåver.
- Vi har også endra malen for medarbeidarsamtalane, jf samtale om IA-måla våre:
Som inkluderande arbeidslivsbedrift har vi eit spesielt ansvar for å ta vare på tilsette over 60 år og dei som av ulike årsaker har redusert stilling. Arbeidsbelastning skal og vere tema.
- Systematisering og oppdatering av internt HMS-system er under arbeid
- Nye rutinar for oppfølging er på plass, jf lovendring frå sommaren 2011.

1.4 Helhetlig og strategisk ledelse

Leiarutvikling

I januar 2011 avslutta vi det interne leiarutviklingsprogrammet vi starta i 2010. Forbetringspunkt var tilbakemeldingstrening, konflikthandtering og malen for medarbeidarsamtalar. Vi har difor gjennomført ei dagssamling for alle avdelingsleiarar og mellomleiarar der vi la vekt på korleis vi kan gje og ta imot tilbakemeldinger, og vi har øvd på "den vanskelege samtalen". Vi har også laga nytt skjema for medarbeidarsamtalen der vi har lagt vekt på å formulere spørsmål som er evaluerande og som samtidig bidreg til læring.

Kommuneundersøking

Vi har følgt opp kommuneundersøkinga med to embetsprosjekt. Planløftet har som hovudfremål å styrke rettleiing og rådgjeving, noko kommunane har etterlyst. Vi har også styrka bemanninga på planfeltet for å klare å gje kommunane meir rettleiing og rådgjeving. Samhandlings- og læringsprosjektet vårt har hatt som hovudfremål å styrke dialogen med kommunane. Prosjektet har ført til at vi har endra folkevaldopplæringa vår til å verte meir dialogbasert. Vi har også endra strukturen på kommunemøta; vi legg opp til at fleire kommunar skal ha fellesmøte, nettopp for å lære av kvarandre.

Medarbeidarundersøkinga

Medarbeidarundersøkinga viste at ikkje alle tilsette kjende godt nok til dei interne rutinane våre. Vi har difor i 2011 laga eit årshjul for publisering på intranettet der vi har lagt inn dei dokumenta vi meiner det er viktig at dei tilsette kjenner til. Vi sikrar då at tema som etikk, strategiplan og informasjonstryggleik vert sett på dagsorden med jamne mellomrom.

Vi har også gjennomført ei helse- og arbeidsmiljøkartlegging i 2011 for å få utdypande informasjon om dei områda der vi skåra därlegast i medarbeidarundersøkinga. Dette var område som stress og prioritering av arbeidsoppgåver. Vi planlegg difor å gjennomføre eit stressmeistringskurs for tilsette våren 2012.

Lære av andre embete

I perioden frå november 2010 til januar 2011 reiste sju tilsette på besøk til fylkesmannsembeta i Troms, Nord-Trøndelag, Oppland, Buskerud, Østfold, Vestfold, Aust-Agder og Rogaland. Det reiste ein tilsett til kvart

embete. Målet med besøka var å få auka kunnskap om korleis andre embete arbeider med felles utfordringar og tverrgåande kunnskapar. Etter at vi i fellesskap har summert opp erfaringar frå besøka, er ambisjonen å ta i bruk ny kunnskap om arbeidsmåtar og organisering frå dei andre embeta til å forbetra vår eiga verksemnd.

Vi har òg gjennomført felles leiarmøte med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Samhandlingsreforma, kommunedialog, planområdet og samarbeid med eksterne verksemder var hovudtema. I tillegg har embetsleiinga hatt erfarsutvekslingsmøter med embetsleiinga i Hordaland og Vestfold der vi diskuterte omorganiseringa hos Fylkesmannen i Hordaland og læringspunkt frå kommuneundersøkinga i dei tre fylka.

1.5 Andre forhold

Innkjøp

Vi har innkjøpskoordinator og er framleis medlem av innkjøpssamarbeidet til Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFI). I 2011 gjennomførte vi fleire anbodskonkurransar der vi hadde god nytte av innkjøpskompetansen hos SFFI.

Lærlingar

Vi har hatt ein lærling i 2011 på IKT. Læretida vart avslutta til nyttår. Ny lærling på IKT skal vere på plass i august 2012.

Vi har òg hatt trainee i 2011 gjennom Framtidsfylket. Vi har valt å rekruttere juridisk kompetanse sidan det er eit fagområde der vi strevar med å halde på tilsette.

Miljøtiltak

Vi vart sertifisert som Miljøfyrtårnverksemd i februar 2010. Vi har levert den årlege rapporten om status på miljøarbeidet vårt. Pendlarbussen mellom Luster, Sogndal og Leikanger som vart starta 1. mai 2010, er framleis i drift og får stadig fleire brukarar. Det er framleis utfordrande å få til gode og rimelege parkeringstilhøve for dei som kører delar av vegen.

Handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp

Styringsgruppa har i 2011 vore samansett av Jorunn Felde frå Fylkesmannen, Siri Heggenes frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, Arve Klokk frå KS og Hege Johnson frå NHO. I tillegg har Ylva Torillsdatter Tyssing delteke på møta sidan ho er prosjektleiar for Knutepunktet i Sogn og Fjordane.

Knutepunktet gjennomførte to erfarskonferansar for leverandørar og offentleg tilsette for å auke kompetansen om offentlege innkjøp. I Sogn og Fjordane har det vore vanskeleg å få små leverandørar til å levere tilbod. Vi gjennomførte difor ein leverandørkonferanse i forkant av eit møbelinnkjøp for å vise kva forventingar det var til dei som leverte tilbod, og for å få informasjon frå leverandørane om viktige endringar innan fagområdet. Vi hadde stort læringsutbytte av konferansen, og SFFI planlegg å bruke erfarskonferansar i forkant av store anbod framover fordi dette er med på heve miljøkrava til leverandørane.

SFFI har òg tatt i bruk miljøvask av alle konkurransegrunnlag. Dette har ført til at alle innkjøpa har fått ein klarare miljøprofil.

Vidareføring av arbeidet

SFFI, som har vore nytta som knutepunkt, vil også framover ta med seg dei erfaringane vi har hausta i prosjektperioden. Miljøkrava som er innarbeidde og erfaringane vi har med leverandørkonferanse og miljøvask av anbod, vert vidareførte av SFFI. Som medlem av SFFI vil Fylkesmannen følgje opp at erfaringane vert nytta og at vektlegginga av miljøkrav held fram.

I alt 24 av 26 kommunar er medlem av SFFI, og vi vurderer det slik at innkjøpsarbeidet fungerer godt i Sogn og Fjordane. Etter avtale med Difi vart difor Knutepunktsarbeidet avslutta 31.12.2011.

Inkluderande arbeidsliv

Vi viser til rapportering på punkt 1.3 og punkta 98.1,98.2 og 98.4.

Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

2.1 Generelle samordningsoppgaver. Fornying av offentlig sektor

Fylkesmannen har i 2011 lagt vekt på å samordne fagområde og oppgåver der dette har vore naudsynt. Vi har gjennomført embetsprosjektet *Samhandling og læring – Fylkesmannen og kommunane*, med deltaking fra fleire avdelingar og innspel frå KS undervegs. I prosjektet er det arbeidd med å utvikle robuste samhandlingsformer som gjev læring og betre kvalitet på kommunale tenester, og læring i vårt eige arbeid for å utvikle samhandlinga med kommunane. Som embetsprosjekt vart *Planløftet* starta opp i 2011. Prosjektet tek føre seg samarbeidet mellom fylkeskommunen, regional stat og kommunane. Målet er styrka plankompetansen, utvikle samarbeidet mellom kommunane og god kvalitet på kommunale planar.

Vi har hatt eit godt samarbeid med fylkeskommunen, mellom anna gjennom fire felles leiarmøte med fylkesordførar og fylkesrådmann. I samarbeid med fylkeskommunen, Nav og Høgskulen i Sogn og Fjordane er det utarbeidd ein felles nettstad for statistikk og kunnskap om utviklinga i fylket, *Fylkesspegele*.

(http://www.sj.no/cmssff/cmstrupublish.nsf/pages/Statistikk_og_analyse).

Vi har hatt som mål å gjennomføre dialogmøte med alle dei 26 kommunane i fylket i løpet av ein valperiode. I 2011 gjennomførte vi fem kommunebesøk.

Fornying og omstilling er eit prioritert område. Det vart løyvd midlar til 14 fornyingsprosjekt i 2011. Dei fleste prosjekta er samarbeid mellom fleire kommunar eller prosjekt der alle kommunane i fylket deltek. I 2011 vart det gjennomført større evalueringar av to prosjekt, *Utvikling av elektroniske tenester i kommuneforvaltninga* og *Digitalt skulesamarbeid i Sogn og Fjordane*. Vi ser mange positive effektar av skjønsmidlane som vert løyvd til kommunale fornyingsprosjekt. Vi har informert om prosjekt som er finansierte med skjønsmidlar, i konferansar og møte med kommunane, og på heimesida vår: <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=45410>

Embetsleiinga hadde to kontaktmøte med leiinga og sekretariatet i KS i 2011.

Leiinga i helse-, sosial- og justisavdelinga har hatt møte med leiinga i Nav om planlegging av kompetansetiltak og leiersamlinger for Nav-kontora. Seksjonsleiinga har også delteke på dei fleste leiersamlingane i Nav i 2011.

Fylkesmannen har hatt årleg møte med UDI, IMDI, Nav og KS for å drøfte arbeid knytt til innvandrarar, flyktningar og asylsøkjarar. Biskopen vitja embetet i juni for å drøfte menneske med utviklingshemming sin rett til trus- og livssynsutøving.

Arbeidet med revisjon av risiko- og sårbarheitsanalysen for Sogn og Fjordane (fylkes-ROS) vart starta opp i 2011. Hovudmålet for arbeidet er å etablere eit felles, tverretatleg bilde av utfordringane i fylket. Mange av fagetataane i fylkesberedskapsrådet har difor bidrige med innspel til analysen. Analysen og oppfølginga av den vart drøfta på møtet i rådet i november. I samband med møtet i fylkesberedskapsrådet hadde vi ei stor helseberedskapsøving, der etataane i fylkesberedskapsrådet og 24 av 26 kommunar deltok. Dette gav trening i samhandling og koordinering i krisesituasjonar. I arealplansaker har Fylkesmannen ei brei grenseflate mot NVE i spørsmål om utbygging i fareområde (skred og flaum). Vi har god dialog med NVE, og har hatt møte med regionkontoret for å drøfte korleis vi kvar for oss og i fellesskap arbeider med denne problemstillinga.

Vi har ei intern tilsynsgruppe der alle avdelingane er representerte. Føremålet med gruppa er å samordne Fylkesmannen sine tilsyn, kommunebesøk og forvaltningskontrollar mot kommunane, og å samordne tilsyn fra andre tilsynsetatar med tilsyn frå Fylkesmannen. Våren 2011 gjennomførte vi eit internt prosjekt i embetet, der vi kartla kor mykje ressursar vi brukar på tilsyn. Prosjektet viste at avdelingane kan lære av kvarandre. Vi har nytte av å utveksle erfaringar mellom avdelingar utover det å samordne tilsynsaktivitet.

Kvart andre år i januar månad legg vi opp til utvida koordineringsmøte, der vi inviterer dei eksterne tilsynsetataane. Tilsynskalender og oversikt over møte og konferansar spesielt retta mot kommunar vert lagt ut på nettsida vår. Ein gong per halvår sender vi brev til alle kommunane med oversyn over tilsyn, forvaltningskontrollar, rettleiingsmøte og andre møte med kommunane. Mattilsynet og Arbeidstilsynet får kopi av brevet.

2.2 Velferd, helse og personlig tjenesteyting

Førebuinga til samhandlingsreforma med ny kommunal helse- og omsorgslov har vore ei spesielt viktig oppgåve i 2011. Likeeins har vi lagt vekt på informasjonsverksemde om den nye folkehelselova.

I løpet av året har dei fleste kommunane organisert seg i eit folkehelse- og omsorgsutval med sikte på å møte interkommunale utfordringar på dette feltet.

Fylkesmannen sluttførte i 2011 rapportane: "Tilsyn, ressursbruk og læring" og "Samhandling og læring - Fylkesmannen og kommunane". Til saman gir rapportane råd om bruk av tilsyn i ein pedagogisk prosess overfor kommunane.

Tilsynet med spesialisthelsetenester har i 2012 teke opp behandling av eldre med hjerneslag, behandling av eldre med hoftebrot og tilsyn med tverrfagleg spesialisert behandling av ruspasientar (TSB).

Tilsynet med kommunale helse- og omsorgstenester har teke opp ernæring og legemiddelbehandling til heimebuande eldre, praktiseringa av lov om pasientrettar kapittel 4 A og oppfølging av rusavhengige i kommunane.

Ved tilsynet med sosiale økonomiske tenester har dei viktigaste tema vore økonomisk stønad i Nav.

Fylkesmannen har hatt ei viktig oppgåve i å heve kompetansen om Kvalifiseringsprogrammet og utvikle dette vidare, og i arbeidet mot barnefattigdom.

Andre sentrale oppgåver har vore Omsorgsplan 2015, psykisk helse og Nasjonal strategi for habilitering og rehabilitering.

2.3 Oppvekst, barnehager, utdanning og likestilling

Barnevern

I år har styrkinga av det kommunale barnevernet vore ein sentral del av Fylkesmannen sitt arbeid mot kommunane. Embetet har tildelt midlar til 7,6 stillingar for 2011, og over ein million kroner til kompetansetiltak. I tillegg vert det ei ytterlegare styrking med 1,3 stilling, som skal gjelde frå 01.02.2012.

Programmet "Vald i nære relasjonar" vart starta opp med ei samling i 2009, og heldt fram også i 2010. Hausten 2011 vart det gjennomført ei oppføljingssamling. Samarbeidet om programmet vil halde fram vidare. Ved utgangen av 2011 hadde tre av kommunane utarbeidd handlingsplan mot vald i nære relasjonar, medan fleire kommunar har starta målretta arbeid med fokus på temaet. Det er ikkje gjort tilsyn i krisenter i 2011.

Fylkesmannen har i samarbeid med Bufetat årlege fylkessamlingar for kommunalt og statleg tilsette som arbeider med barnevern. Føredragshaldarane i 2011 var Sjumilssteget frå Troms som snakka om tverrretatleg samarbeid på eit tidleg stadium. Forandringsfabrikken hadde innlegg om det å vere barn og ungdom i barnevernet. På dag to snakka BUP og Familiekontoret om samvær i eit tilknytingsperspektiv.

Råd og rettleiing til kommunane skjer i møte, dialog og telefonkontakt, og relevant informasjon vert publisert på heimesida vår. Vi har gitt informasjon og stimulert kommunane til interkommunalt samarbeid.

Embetet har starta førebuing og planlegging av korleis FNs barnekonvensjon kan bli betre implementert i kommunane. Vi vil i 2012 lansere metoden "Sjumilssteget" for alle kommunane og vi har førebudd ei intern organisering som involverer alle avdelingane i embetet.

Barnehagar og utdanning

Kommunane i fylket kan tilby barnehageplass til alle barn som oppfyller retten til plass, og Fylkesmannen er i dialog med kommunane om kravet til å oppretthalde tilbodet om full barnehagedekning.

Fylkesmannen har ført tilsyn etter barnehagelova § 9 andre ledd med fem kommunar. Tema for tilsynet var kommunane sitt tilsyn med barnehagane, kommunen som godkjenningsmynde, kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar, organisering av styrarressursen og politiattest. Fylkesmannen avdekte fire avvik og ein merknad. Meldefrist for retting er respektert.

Fylkesmannen si oppfølging av barnehagelova og rammeplanen for barnehagane blir ivaretaken gjennom ulike former for informasjon, møte, rettleiing og på våre nettsider. Fylkesmannen, i samarbeid med KS, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Utdanningsforbundet, arrangerer årleg ein styrarkonferanse og ein barnehagekonferanse for alle barnehagetilsette. Kommunane har i det vesentlege tilrettelagt sitt kompetanse-utviklingsarbeid regionvis i

fire regionar. Fylkesmannen følgjer nøyne opp arbeidet.

Vi rettleiar og formidlar nasjonale styringssignal, og har lagt særleg vekt på konsekvensane av overføringa av barnehagemidlar som rammetilskot til kommunane. Vi har auka bemanninga på området for i større grad å ivareta behovet for tilsyn med kommunane som barnehagemynde og for å stimulere til meir tverrfagleg arbeid for å ivareta born sine samla behov.

På utdanningsområdet er det gjennomført tilsyn i tråd med planane frå Utdanningsdirektoratet. Vi har gjennomført tilsyn på prioriterte område i tillegg til eigeninitierte tilsyn. Vi har også lagt vekt på at lovbroter blir retta. For å styrke effekten av tilsyna har vi lagt opp til ulike informasjonstiltak og opplæring som skal støtte regelverksetterlevinga. Felles nasjonalt tilsyn vart gjennomført etter planen, og vi valde same tema og opplegg for dei tilsyna som vart gjennomførte hausten 2010, dvs. § 9a-3. Val av tilsynsobjekt vart gjort på grunnlag av risikovurdering.

Fylkesmannen arrangerer, saman med KS, høgskulen og Utdanningsforbundet, fire årlege møte i samarbeidsorganet "Forum for skule- og barnehageutvikling" og saman med KS tre samlingar for kommuneansvarlege på skule- og barnehageområdet. Partnarskapet i Forum (KS, kommunane, fylkeskommunen, Utdanningsforbundet, høgskulen og Fylkesmannen) arrangerer fire årlege konferansar for skuleeigarar, skuleleiarar, barnehagestyrarar og for barnehagetilsette. Dette er møteplassar som blir nytta for å gjennomføre tiltak for auka kvalitet i barnehage og grunnopplæring.

Busetjing av flyktningar

Fylkesmannen har i ulike møte med kommunane i Sogn og Fjordane teke opp temaet rask busetjing av flyktningar. Fylkesmannen har gitt rettleiing til kommunane om introduksjonslova. Det har ikkje vore klagesaker etter introduksjonslova i 2011. Fylkesmannen gjennomførte statsborgarseremoni på Staten Hus på Leikanger 30. april med 28 deltararar. Fylkesmannen har i samarbeid med VOX gjennomført fire kursdagar i fylket for lærarar som underviser vaksne innvandrarar.

Likestilling

Fylkesmannen har sikra seg eit godt oversyn over oppgåvefeltet, kva oppgåvene fører med seg internt og eksternt, og dessutan sikra god ansvarspllassering og forankring på leiarnivå i organisasjonen.

I januar 2012 skal det oppretta kontakt med KUN (senter for kunnskap og likestilling). Føremålet er å vidareutvikle kompetansen til Fylkesmannen kompetanse på likestillingsområdet gjennom eit systematisk samarbeid med fokus på kommunane, jf. regjeringa sin handlingsplan for kjønnslikestilling, «Likestilling 2014».

Når det gjeld oppfølging og rettleiing av kommunane har likestilling og kommunane si aktivitets- og rapporteringsplikt vore tema på Fylkesmannen sine dialogmøte med kommunar i 2011.

Fylkesmannen har kommentert likestilling i fråseguna til elleve planprogram, konsekvensutgreiingar eller kommunedelplanar, og vurdert kommunane sine årsmeldingar i samanheng med planlagde tiltak på likestillingsområdet.

Det er ei stor utfordring å rekruttere og halde på dei mannlige tilsette i barnehagane. Det er også ei generell utfordring å få synleggjort det pedagogiske likestillingsarbeidet i barnehagane sine planar og praksis. Fylkesmannen arbeider systematisk med dette.

Sjå elles omtale av Fylkesmannen sitt arbeid på område under resultatområde nr. 48.

2.4 Arealdisponering og byggesaker

Totalt gav Fylkesmannen fråsegn til 630 plan- og dispensasjonssaker i 2011, mot 613 saker i 2010. Talet på saker ligg såleis på same høge nivået som dei siste åra.

I 2011 fremja vi motsegn mot i alt 15 planar (når det gjeld arealdelen til kommuneplanen er det ofte fleire motsegner mot ein og same planen). Årsakene til motsegnene er arealbruk i konflikt med strandvern, vassdrag og naturmangfold, eller manglande/mangelfull ROS-analyse. Vi har totalt påklaga fire dispensasjonsvedtak i 2011. Tre av vedtaka er påklaga med bakgrunn i at dei var i konflikt med strandvernet, medan eitt vedtak var i konflikt med vassdrag og naturmangfold.

Vi fekk medhald i alle sakene som vart ferdighandsama av setjefylkesmann i 2011.

Vi har gjennom "Planløftet" i 2011 hatt større fokus på generell rettleiing og kursing av kommunane enn tidlegare. Samarbeidet med fylkeskommunen er også utvikla vidare. Mellom anna er det inngått ein samarbeidsavtale med fylkeskommunen innan kommunal planlegging. Vi har delteke meir aktivt i Planforum. Fylkesmannen deltek også i Kystsonenettverket.

Dei største utfordringane innan planområdet har vore å få kommunane til å prioritere planlegging framfor enkeltsaker og dispensasjonar. Vidare er det ein del kommunar som slit med rekrutttering av plankompetanse.

For at Fylkesmannen skal kunne gjere ein god innsats på planområdet er det eit sterkt behov for auka personalressursar. Fylkesmannen har teke dette opp med Miljøverndepartementet.

2.5 Landbruksforvaltning, næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Landbruksforvaltning og næringsutvikling

Forvaltningsoppgåvane i landbruket går stort sett greitt, men vi merkar at enkelte kommunar har problem med å halde oppe tilstrekkeleg kapasitet og kunnskap på alle område. Vi har dei siste åra fått meir interkommunalt samarbeid i landbruksforvaltninga, noko som er positivt, og også her er det viktig å halde oppe den samla kapasiteten. Uformelle driftsfellesskap er den største utfordringa i regelverket for produksjonstilskot. Vi bruker ein god del ressursar på å informere og følgje opp korleis kommunane handterer ulike regelverk, noko vi har gode erfaringar med.

Vi har eit godt samarbeid med fylkeskommunen og Innovasjon Norge om nærings- og bygdeutvikling. Vi har faste møte på avdelingsnivå om næringsutvikling, og det er laga samarbeidsavtalar om dette. Siste året starta vi opp eit felles prosjekt med målsetting om å styrke kommunane som førstelinje for næringsutvikling. Den regionale BU-strategien blir justert årleg i dialog med næringa og partnarskapen på fylkesnivå, og baserer seg som tidlegare på den nasjonale strategien "Ta landet i bruk".

Landbruksnæringa er i omstilling og det blir færre og større bruk. Totalarealet er i nedgang, men det samla produksjonsvolumet held seg langt meir stabilt. Forklaringsa på dette er både strukturrasjonalisering og ei kraftig effektivisering av produksjonen. Parallelt med dette er det aukande interesse for lokale matspesialitetar, gjestegardar, og andre lokale tilbod innan mat og reiseliv. Dette aukande mangfaldet teiknar godt for framtida.

Det som gir mest grunn til uro er ein reduksjon i samla jordbruksareal i aktiv drift på 37 000 daa dei siste ti åra. Det er derfor viktig med landbrukspolitiske tiltak som kan halde jordbruksarealet i hevd med tanke på framtidig matproduksjon og beredskap.

Naturressursforvaltning og miljøvern

Det er gjort ekstra innsats i 2011 for å ivareta naturmangfaldet i fylket. Fylkesmannen gjennomførte fleire kurs og samlingar for kommunane der naturmangfaldlova var tema.

Vi har i 2011 arbeidd med forvaltningsplanar for tre større verneplanar (totalt fem verneområde i Sogn og Fjordane) og eit titalls mindre verneområde. Ved årsskiftet 2011/2012 godkjende Fylkesmannen fem forvaltningsplanar. Ytterlegare tre forvaltningsplanar har vore på høyring og vil bli godkjende med det første. Eit utkast til handlingsplan for framande artar er utabeidd. Denne vil bli sendt på høyring vinteren 2012.

Vi har i løpet av 2011 konstituert alle åtte nasjonalpark-/verneområdestyra som omfattar areal i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har fått vertsskapsrolla for seks av desse styra. Vi har etablert dei fire forvaltningsknutepunkta som er godkjende av Miljøverndepartementet. Innan mars 2012 vil alle forvaltarane vere på plass. Desse har kontor i Gaupne, Fjærland, på Sandane og i Aurland. På grunn av kommuneval hausten 2011, og såleis store utskiftingar av medlemene i styra, har vi utsett gjennomføring av kompetanseprogram til vinter/vår 2012.

Fylkesmannen har også i 2011 bidrige til dei tre prosjekta innan "Naturarven som verdiskapar", der vi innan det eine prosjektet, "Kystarven", har ansvar for eit delprosjekt.

Vi har prioritert førebyggjande tiltak mot rovviltskader, og vi har eit godt samarbeid med rovviltnemnda, næringa

og interesseorganisasjonane. Skade av jerv på slutten av beitesesongen 2011 førte til at utbetalingane auka frå 630.000,- i 2010 til 930.000,- i 2011.

Innan miljøvernombrådet fører vi tilsyn med ureiningsfare, kjemikaliebruk og avfallshandtering. I 2011 deltok vi i fire landsomfattande kontrollaksjonar og ein felles risikoaksjon. Kontrollaksjonane var innan akvakultur, notvaskeri, biloppsamling og næringsmiddelindustri. Felles risikoaksjon var eit samarbeidsprosjekt mellom ulike tilsynsetatar. I tillegg gjennomførde vi to revisjonar. Til saman utførde vi 75 ureiningstilsyn i 2011.

2.6 Samfunnssikkerhet og beredskap

Fylkesmannen sitt samfunnstryggleiksarbeid har vore prega av at 2011 var eit år med mykje dårlig vær. I starten av året var det ein uro for at den lange perioden med sterke kulde, høgt straumforbruk og manglende fylling i vassmagasina, skulle føre til kraftmangel. Vi hadde tett kontakt med kraftnæringa i fylket, og deltok på møte med NVE om forsyningssituasjonen.

Kulde og tørke vart avløyst av lange periodar med mykje nedbør. Etter eit intenst regnvær i slutten av mars kom eit flaumskred i Balestrand, der eit hus vart teke. Begge personane som budde i huset omkom. Store delar av vegnettet vart også stengt på grunn av skred og flaum. Det var flaum i Indre Sogn i pinsehelga, og i Gulen kom det fleire skred etter sterke nedbør i slutten av juni. I Stryn var det ein dramatisk flaum natt til 25. juli. Det vart målt 52 mm nedbør på ein time, og i området omkring Blakset måtte mellom 40 og 50 menneske evakuere husa sine midt på natta.

Den mest omfattande hendinga fann stad i julehelga, då ekstremvêret "Dagmar" kom med sterke vind 25. desember, og særskilt intens nedbør 26. desember. Dette sette m.a. store delar av kraft- og telenettet i fylket ut av spel. I tillegg vart det meste av vegnettet stengt.

Ei av erfaringane etter "Dagmar" er at svikt i viktige infrastrukturtenester gjer det vanskeleg å halde oppe forsvarlege helsetenester. Hendinga gjorde det nødvendig med ei koordinert mobilisering av innsats, for å gjøre det tryggast mogleg for folk, og for raskast mogleg å få samfunnet tilbake i ein normalsituasjon. Vi erfarte at møta i fylkesberedskapsrådet er ein viktig og nødvendig del av ei slik koordinering. Vi hadde fem møte (telefonkonferansar) i rådet i løpet av 2 1/2 døgn.

Sjølv om vi ikkje har grunnlag for å seie at "Dagmar" er eit resultat av klimaendringar, er det likevel all grunn til å tru at klimaendringane i framtida oftare vil by på meir ekstrem nedbør, skred og flaum. Det er difor viktig å bruke erfaringane vidare i arbeidet med å tilpasse fylket til eit endra klima.

2.7 Vergemål

Vi har sett ned ei intern prosjektgruppe for å førebu oss på verjemålsreforma, der vi overtek som lokalt verjemålsorgan. I 2011 har vi delteke i sentrale samlingar der verjemålsreforma har vore tema, og vidareformidla informasjon om reforma til kommunane etter kvart som informasjonen har vorte tilgjengeleg. Arbeidet med å førebu nye oppgåver på verjemålsområdet held fram i 2012.

Vi har besøkt overformynderi og verjer i ein kommune, og gjeve dei informasjon og opplæring.

Kapittel 3 - Resultatområder

Kongehuset

00.1 Kongelige besøk

Fylket hadde ikkje besøk frå kongehuset i 2011.

00.2 Tildeling av ordener og medaljer

Vi har vidareformidla ni søknader om Kongens fortjenestmedalje i 2011 (alle i sølv). Sju medaljar vart overleverte i 2011, og to vil verte overleverte i 2012.

Miljøverndepartementet

Resultatområde 01 Naturens mangfold og friluftsliv

Generelt

Embetet har ein stram budsjett- og ressurssituasjon. Miljøvernnavdelinga har dei siste åra hatt fleire tilsette som har valt å arbeide i redusert stilling, dette verkar inn på totalbemannninga i avdelinga. Avdelinga har difor noko færre årsverk i dag enn for fem år sidan. Dersom tilsette ønskjer å auke stillingsprosent att vil årsverksBruken auke att. Embetet har omprioritert slik at vi likevel har auka kapasiteten på planområdet med ei stilling. Pga sein tilsetjing og seinare personalskifte, vil vi først få effekt av denne stillinga i 2012/2013. Det er søkt MD om ei auke på kap.1510 for å kunne handtere auka behov for kapasitet innan plan- og bygningslova.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er fast setjefylkesmann for Fylkesmannen i Hordaland i saker etter plan- og bygningslova. Dei fleste setjesakene gjeld klage over dispensasjonsvedtak. Vi fekk inn 152 setjesaker i 2011, og dette er ei stor utfordring for oss. Til samanlikning fekk vi inn 66 klagesaker etter plan- og bygningslova frå kommunane i vårt eige fylke. Det kan hende at talet på klagesaker frå Hordaland er på veg ned, men vi har framleis ein del restansar på området.

Vi hadde i 2011 god hjelp av ekstratildelinger frå DN til å gjennomføre prioriterte satsingsområde innan naturmangfold, ny forvaltningsordning for nasjonalparkar og forvaltningsplanar for mindre verneområde Samstundes krev ei slik satsing også stort fokus på desse nye oppgåvene frå avdelingsleiing og administrasjon. Dette kan gå ut over faste, ordinære oppgåver. Som døme kan vi nemne at Sogn og Fjordane har del i totalt åtte nye verneområdestyre, vi har etablert alle fire forvaltningsknutepunkta i fylket, og det er totalt 96 medlemer og varamedlemer i dei åtte styra som er etablerte. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har vertskapsfunksjon for seks styre.

Ein sterkt aukande del av fagpersonane på miljøvernnavdelinga er finansiert ved hjelp av ekstratildelinger og andre eksterne midlar. I 2011 var det spesielt dei fire nye forvaltarstillingane som utgjorde auken. Vi viser elles til punkt 1.1 i årsrapporten der vi skriv nærmare om utfordringa ved å ha mange tilsette finansiert via ekstratildelinger og andre eksterne midlar.

Spesielt om fagområdet fisk- og vassforvaltning

Til dette fagområdet har vi over ein lengre periode hatt fire stillingar og stor nytte av ei eksternt finansiert stilling som gjeld prøvefiske i regulerte vassdrag. Totalt har dette såleis tilsvart nær fem årsverk. Dei siste åra har tre seniormedarbeidarar slutta og ein er utlånt til DN. Vi har ved årsskiftet berre to personar som er tilsett fast, og det

er svært stramme prioriteringar over Fylkesmannen sitt hovudbudsjett om stillingar skal erstattast. På grunn av bemanningsendringar har vi ikkje fått nyttå mykje ressursar til arbeidsområdet som ønskjeleg. Vi har difor ikkje fått gjennomført alle oppgåver, og vi rekk ikkje å halde alle fristar. Dette gjer at vi kjem til å få enda større utfordringar framover med å gjennomføre oppgåvene våre.

Frå neste år ser det ut til at vassområda vil få tilsett administrative ressursar, og det vert difor venta eit mykje større press på Fylkesmannen for å kunne bidra. Vi ser ikkje at vi kan møte behov for større innsats enn i dag utan større, varig tildeling.

01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder

Generell status

For tredje året på rad har vi hatt ekstramidlar innan naturmangfald, verneområde og vassforskriftsarbeidet. Det er krevjande å halde på dyktige prosjektilsette når vi ikkje kan tilsetje desse i faste stillingar.

Utvida skogvern

01SO1. Innkomne tilbod om frivillig vern er følgde opp, men Fylkesmannen ventar på fleire.

01SO2. Det vart ikkje sett i gang nye vernesaker på statsgrunn i 2011.

Vurdering av bekkekløfter for vern er av kapasitetsgrunnar ikkje sett i gang. Det er ikkje skog eigd av Opplysningsvesenets fond som er aktuell for vern i Sogn og Fjordane

Nasjonalparkar og større verneområde

Breheimen: Framdrift for forvaltningsplanen er forseinka m.a. fordi DN ønskte å gjere ei ny fagleg vurdering før planen vert sendt på høyring. Fylkesmennene har ajourført planen etter den første faglege gjennomgangen hos DN.

Vestnorsk fjordlandskap, forvaltningsplan og tiltaksplan: à jour. Fylkesmannen har også sett i gang arbeid med skjøtselsplan for Dyrdal som ledd i ei oppfølging av forvaltningsplanen, sjølv om Dyrdal ikkje er del av verneområda.

Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen: Framlegg til forvaltningsplanar blei i mai sende DN for fagleg gjennomgang. I samråd med DN arbeider verneområdeforvaltar og verneområdestyra med justeringar av framlegga før dei blir sende på høyring.

Mørkridsdalen: Pilotprosjektet Målstyrt forvaltning vart avslutta i tråd med framdriftsplanen.

Konstituering av nasjonalparkstyre og verneområdestyre er gjort for alle dei åtte aktuelle områda med areal i Sogn og Fjordane. Tilsetjing av fire forvaltarar er gjennomført der Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har vertsskapsfunksjon. Fylkesmennene i Oppland og Buskerud har også fått tilsett forvaltarar for dei verneområda vi har felles med desse fylka. Mellom anna har Fylkesmannen i Oppland vertsskapsfunksjon for Jotunheimen og Utladalen. Her er det tilsett ein nasjonalparkforvaltar med kontorstad i Lom og ein nasjonalparkforvaltar med kontorstad i Gaupne.

Forvaltning og naturoppsyn i verna område

Samarbeidet med Statens naturoppsyn, SNO, fungerer godt.

01SO8 og 01SO18: Fylkesmannen fungerer som sekretariat for alle større verneområde der lokale verneområdestyre er oppretta, og dette arbeidet har så langt fungert greitt.

01SO13: Kurs for kommunane i naturmangfaldlova er gjennomførde.

01SO16: Kvalitetssikring av nye verneområdedata til Naturbasen: Vi har ikkje hatt kapasitet til å setje i gang dette arbeidet.

Oppdatering av status for verneområda i forkant av bestillingsdialogen med SNO er ikkje gjort, ettersom dette skal gjerast i Natura 2000 base 4 som enno ikkje er klar.

Forvaltningsplanar verneområde

Det har blitt stilt krav om ferdigstilling i 2011 av ein del forvaltningsplanar for mindre verneområde. På grunn av at arbeidet var meir omfattande enn vi la til grunn i planlegginga, var det ikkje mogleg å ferdigstille alle innan årsskiftet. Totalt fem forvaltningsplanar vart godkjende ved årsskiftet 2011/2012. Ytterlegare tre planar er under ferdigstilling.

Bukta fuglefredingsområde: Forvaltningsplanen er snart klar for høyring. Vi ventar på avklaring av reguleringsplan for tilgrensande område og grensemerking frå jordskifteretten.

Naturreservata Ytterøyane, Kvalsteinane, Utvær, Indrevær, Brandatjørna, Sandvikbotn og Kvitingsmorki: Vi har gjennomført høyring og oppsummering. Planane vil bli godkjende rett over årsskiftet.

Naturreservata Gåsvær og Sakrisøy: Høyringsutkasta er så godt som ferdige, men høyringa er noko utsett pga sjukdom hos ekstern rådgjevar.

Grønøyra naturreservat: Forvaltningsplanen er godkjend.

Movatna naturreservat: Utkast til forvaltningsplan vil snart vere ferdigstilt.

Naturreservata Lindvik og Åsane: Arbeidet med forvaltningsplanane vert tilpassa erstatningsprosessen for edellauvskogsreservata. Forvaltningsplanane kunne såleis ikkje ferdigstillast i 2011.

Sørværet naturreservat: Høyring er gjennomført.

Ivaretaking av viktige område for biologisk mangfold

Vi følgjer i stor grad opp dei faste oppgåvene på dette området. Vi har god oversikt over viktige areal gjennom interne databasar, men får ikkje nye data ut i dei offentlege innsynsløysingane pga. liten arbeidskapasitet.

Akvakultur (01RA12): Vi har rådd frå etablering av eit oppdrettsanlegg like utanfor nasjonal laksefjord i Nordfjord. Frårådinga vart ikkje teken til følge. Vår fråråding og endeleg vedtak i saka er oversendt DN tidlegare (lok Haneholmen, dykkar ref 11/959).

Ivareta løpende sakshandsaming innafor vassdragsforvaltinga: Sogn og Fjordane har ein stor del av vasskraftutbyggingane i Noreg, og etter ein rolegare periode ventar vi auka press når overføringskapasiteten vert avklara og ordninga med el-sertifikat no er på plass. Vi brukar mykje ressursar til løpende sakshandsaming på dette feltet. I Sogn og Fjordane er det mange søknader om både små og store kraftverk. Dette grip inn i både artsforvalting, arealforvaltning, naturtypeforvaltning, friluftsliv og i nokre tilfelle støy og vasskvalitet

Heilskapleg vassforvaltning

01SO25 – 30 Vassregionmyndigheita. Fylkesmannen har sendt brev til kommunar, sektorstyremakter og regulantar der vi har etterspurt undersøkingar, data til vassmiljø og problemområde der ein kan risikere å ikkje nå målet og der ein bør prioritere overvakning. Vi har fått ein del tilbakemeldingar, men ikkje alle har svart. Vi har som tidlegare samla inn vassprøvar i utvalte vassdrag i fylket.

Vi er med i redaksjonsgruppa for vassmiljø, og har delteke på alle møter i gruppa.

I aktuelle vassdragssakar og andre sakar vert vassforskrifta særskild omtala.

Kulturlandskap

01SO36 Slåttemark: Ni lokalitetar er kartlagde, avgrensa og oversendt DN, men berre seks er lagt inn i Naturbasen.

01SO37 Kystlynghei: Skjøtsel er utført i fleire verdifulle område, og skjøtselsplanar er under utarbeiding.

01RA15: Rapportering av status for område i Nasjonal registrering er utført.

01.2 Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurser

Generell viltforvaltning og tilskotsforvaltning

Det er få klagesaker på kommunal viltforvaltning. Tilskotsforvaltninga fungerer godt. Vi saknar ei ajourføring av

Forvaltning av villrein

Oppfølging av dei to villreinnemndene i fylket går bra. Vi nyttar same sekretariat, Aurland Naturverkstad, for begge nemndene og dette fungerer godt. Fylkesmannen er aktivt med i regionalplanarbeidet for Nordfjella. Kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde er stoppa opp grunna innspel frå Vik kommune om hyttebygging m.m. på Vikafjellet. Prosjektet om auka bruk av villreinen sitt areal i Breheimen i Luster kommune, som del av Ottadalen sør, er avslutta. Konklusjonen er at vi satsar på at villreinen tek i bruk områda naturleg, kombinert med freding i Luster og redusert jakt i grenseområda. Det er framleis god tilvekst i stamma i Vest-Jotunheimen, og det bør vurderast å opne for jakt her frå neste sesong. Vi registrerer framleis at det er enkeltsaker som grip inn i villreinområda, og som på sikt kan føre til at villreinen får mindre leveområde.

Forvaltning av anadrom laksefisk og innlandsfisk

01SO42 og 01SO43: Det er ikkje kartlagt kor mange vassdrag vi har der setjefiskanlegg tek ut vatn på anadrom strekning, og kvar desse har skapt vandringshinder. Dette har vi teke opp med DN, og vi ventar på nærmere oppdrag før arbeidet vert utført.

01SO44 Dette er omtalt under vassforvaltning

01SO45 Dette er omtalt under oppdrett. Generelt er det rapportert om mykje villaks i elvane i år.

01SO48: Gustavsen Naturanalyser har fått i oppdrag å opprette stasjonar og å overføre data frå lokale kalkingsprosjekt frå Vanninfo til Vannmiljø.

Fylkesmannen har overført midlar til drift av kalkdoserarar.

Vi har henta inn tilbod og gjeve oppdrag på prøvefiske i seks innsjøar som har vore kalka. Dette gjeld lokale kalkingsprosjekt.

Rovvilt

To jervar vart felte vinteren og våren 2011, ein på lisensjakt i Luster og ein ved uttak av SNO, også det i Luster. Trass i uttak av jerv, vart det ei auke i rovviltskadane. Det har truleg ikkje vore bjørn innom fylket etter at bjørnen som låg i hi i Jostedalen forlot dalen i slutten av mars. Vi har heller ingen dokumenterte observasjonar av ulv. Fylkesfellingslaget deltok på gaupejakt i Lærdal, men utan å felle dyr. Ein søknad om felling av jerv mellom Årdal og Lærdal fekk avslag grunna lite skadeomfang. Vi har god dialog med SNO, rovviltnemnd og næringa.

Forvaltning av trua artar

01SO49: Det er få eller ingen relevante område i fylket.

01SO50: Handlingsplan for purpurmarihand: Det er inngått kontrakt med konsulent, og feltarbeid i alle kjente vekseområde er gjennomførde i løpet av sommaren. Utkast til plan er truleg klar litt ute i 2012.

Framande artar og GMOar

01SO52: SNO har fått i oppdrag å kartlegge førekommstar av eit utval framande artar som dei ser på sin veg utanfor verneområde og registrere funna.

01SO53: Handlingsplan mot framande skadelege artar i Sogn og Fjordane: Utkast sendt til DN for gjennomlesing sommaren 2011. Vi har laga oversikt over prioriterte artar som bør nedkjempast, og behov for kartlegging. Vi manglar tilbakemelding frå diverse eksterne aktørar. Vi legg opp til å ferdistille handlingsplanen vinteren 2012.

Brosyre om framande artar retta mot hageeigarar er under sluttføring.

I verneområde: Vi har følgt opp tidlegare innsats for fjerning av framande bartre i Åsane naturreservat.

01.3 Fremmede arter og GMOer

Det har vore liten innsats utanom å svare på innkomne spørsmål.

01.4 Friluftsliv

Det har vore liten innsats utanom å svare på innkomne spørsmål. Ved generelle spørsmål viser vi til at det er fylkeskommunen som har overteke det regionale ansvaret for friluftsliv.

Resultatområde 03 Vannforurensning, miljøgifter og avfall

Det har vore høve til fleire eigeninitierte tilsyn grunna auka ressursar og bemanning frå første halvår 2011.

03.1 Overgjødsling og nedslamming

03SO01 – 04 Sjå omtale under vassforskriftarbeid.

Avløp: Flora kommune er no begynt på oppgradering av avløpssystemet sitt i tråd med kap. 14, som den siste av våre kap.14-anlegg. Søknad om nytt utsleppsløyve er motteke.

Akvakultur: Det er framleis noko etterslep av gamle akvakultursaker. Vi har ikkje klart å halde tidsfristen frå fylkeskommunen for nye saker.

03.2 Oljeforurensning

Vi oppdaterer fortløpende data til miljøsårbarheitsregisteret MOB-sjø på grunnlag av årlege teljingar av hekkande sjøfugl, og vi bidreg med miljøfagleg kompetanse etter førespurnad frå dei interkommunale oljevernutvala.

03.3 Miljøgifter

03SO08P – 09 og 10 Vi har ein B-listelokalitet som er registrert med påverknadsgrad 3. Dette gjeld Vedvika avfallslass i Vågsøy. Avfallslassen er eit nedlagt avfallsdeponi utan spesielle problem, og vert følgjt opp med etterkontrollar på vanleg måte.

03SO06P – 07P Skipsverft Dette er følgjt opp, men vi må avvente når det gjeld sjøområde.

03.4 Avfall og gjenvinning

03SO11 Fylkesmannen har sendt ut brev til dei hamnene som ikkje tidlegare har sendt inn avfallsplanar. Vi planlegg oppfølging i 2012.

03SO12 Bilvrakaksjon. Vi har delteke i samsvar med plan.

Resultatområde 04 Luftforurensninger og klima

Vi har delteke i styringsgruppe for oppfølging av fylkesdelplan for klima. Vi saknar nærmare avklaring av Fylkesmannen si rolle i klimaarbeidet.

04.1 Klimaendringer

04SO01P – 02P Dette er tema i all plankontakt.

04SO03P Vi kjenner godt til tilrådingane frå klimatilpassingsutvalet. Spesielt beredskapseininga har fokus på klimatilpassing i plansamanheng

04.3 Luftforurensning

Sogn og Fjordane har små utfordringar på dette området.

04.4 Støy

Fylkesmannen har støy som tema når vi gir fråsegner til kommunale planar, og vidare er støy ofte tema i industrisaker.

Resultatområde 05 Internasjonalt miljøsamarbeid og miljø i nord- og polarområdene

Det er ingen direkte krav til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane på dette området.

05.1 Miljøsamarbeid i internasjonale miljøfora, herunder EUs miljøsamarbeid og UNEP

Det er ingen direkte krav til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane på dette området. Vi ønskjer likevel å understreke at vi har kompetanse, m.a. innan avfallsområdet. Vi er såleis opne for å kunne delta meir i internasjonale miljøfora.

05.2 Geografisk rettet miljøsamarbeid, herunder miljøbistand

Det er ingen direkte krav til Fylkesmannen på dette området.

05.3 Miljøsamarbeid i nord- og polarområdene

Det er ingen direkte krav til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane på dette området.

Resultatområde 06 Planlegging for en bærekraftig utvikling

På grunn av auke i saks mengde og mål om meir førebyggjande innsats innan planområdet, er plangruppa på miljøvernnavdelinga auka frå tre til fire fagpersonar. Denne omprioriteringa har gått ut over andre fagområde hos Fylkesmannen og miljøvernnavdelinga. Vi har søkt Miljøverndepartementet om ekstraressursar over kap. 1510.

06.1 Arealpolitikk og samfunnsutvikling

I samarbeid med fylkeskommunen arrangerte Fylkesmannen ei plansamling for kommunane der eit hovudtema var dei nasjonale forventningane til kommunal og regional planlegging. Vi hadde også særskilt fokus på strandsoneforvaltninga i vårt fylke med vekt på dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona. Klimaendringar og tilpassingsbehov i planlegginga var også sentrale tema. Kurset i naturmangfaldlova som vi gjennomførde for kommunane i november, var også innretta mot planlegging etter plan- og bygningslova.

Vi vart frå august styrka med ei ekstra stilling på planområdet, slik at det på miljøvernnavdelinga no er fire personar som arbeider med, og koordinerer, saker etter plan- og bygningslova. I tillegg bidreg landbruk, beredskap og juridisk. I overordna planar blir også folkehelse- og utdanningsområdet involverte. Vi jobba i 2011 med å utvikle ein ny strategi som går ut på å vri innsatsen frå arbeid med enkeltsaker til meir overordna arbeid med opplæring og rettleiing mot kommunane. Dette er likevel krevjande å få til, m.a. pga. auke i enkeltsaker, små fagmiljø i kommunane og lite planfaglege ressursar i fylkeskommunen.

06SO1: Vi bidreg fortløpende til å utvikle ei differensiert forvaltning for strandsona i dialog med fylkeskommunen og kommunane. Inntil dei nye retningslinjene vart vedtekne, har vi gjennomført ein praksis med differensiert strandsoneforvalting i samsvar med vedteken fylkesdelplan for arealbruk. Dei nye statlege planretningslinjene, og kva eventuelle følgjer dei vil få for praksis i strandsonesaker her i fylket, var tema på samlinga for kommunane i oktober

06.2 Fylkesmannen som styringsmessig bindeledd og rettssikkerhetsgarantist

Klagesaker som gjeld dispensasjon

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er fast setjefylkesmann for Fylkesmannen i Hordaland i saker etter plan- og bygningslova. Dei fleste setjesakene gjeld klage over dispensasjonsvedtak. Mengda setjesaker er ei stor utfordring for oss. Vi fekk inn 152 setjesaker i 2011. Til samanlikning fekk vi inn 66 klagesaker etter plan- og bygningslova frå kommunane i vårt eige fylke. I Syssamrapporteringa har vi rapportert setjesaker og byggjesaker frå eige fylke samla.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fekk i 2011 ca kr. 200.000 til nedbygging av byggjesaksrestansen. Midlane vart nytta til overtid. Både byggjesakene og setjesakene vart handsama innanfor tremånadersfristen ved årsskiftet 2010/2011. I første halvår 2011 fekk vi inn fleire saker enn vi avslutta. Vi har derfor også nytta overtid hausten 2011 for å kome meir à jour. Dette er årsaka til at vi har 87 saker over fristen på tre månader i år. 62 av desse er setjesaker som gjeld dispensasjon. Ved årsskiftet hadde vi ein restanse på 33 setjesaker.

Klagesaker som gjeld reguleringsplan

Ved årsskiftet 2010/2011 hadde vi ein restanse på ni saker som gjaldt klage over reguleringsplan. I 2011 fekk vi inn 21 slike saker. Det er ofte fleire klager i kvar sak, men desse vert til vanleg handsama under eitt. I 2011 har vi handsama dei ni sakene frå 2010 og 17 av dei 21 som kom inn i 2011. Vi hadde såleis ein restanse på fire saker ved årsskiftet 2011/2012. Sakhandsamingstida har variert veldig, frå under to månader til ni månader. For dei 18 sakene vi handsama i 2011, var snitt sakshandsamingstid 125 dagar. Planprosessen i kommunen kan vere omfattande og tidkrevjande. Vi meiner det er uheldig om Fylkesmannen også bruker lang tid på å ta stilling til klage over planvedtaket. Vi har derfor sett oss som mål framover å handsame slike saker innanfor fristen på tre månader, der det er mogleg.

Tal motsegner/klagar på dispensasjonsvedtak

Vi fremja motsegn mot 15 planar i 2011. Totalt tal motsegner er noko større då det for nokre planar (spesielt kommune-/kommunedelplanar) kan ha vore fleire motsegner til same plan. Vidare påkлага vi fire dispensasjonssaker. Frå og med 2012 legg vi opp til - i tråd med signal frå sentralt hald - å hjelpe kommunane til å stramme inn på dispensasjonspraksisen.

Fylkesmannen gjennomførte ei mekling i 2011. Dette var ei motsegn frå Fiskeridirektoratet til reguleringsplan for rutilutvinning i Engebøfjellet. Saka fekk svært stor merksemd i 2011, m.a. gjennom synfaringa som statsråd Erik Solheim gjennomførde. Motsegsaka ligg til slutthandsaming i Miljøverndepartementet.

MD avgjorde i 2011 ei sak som Fylkesmannen v/miljøvernavdelinga hadde motsegn på i 2010. Dette gjaldt ein reguleringsplan for fritidsbustader nær Osenvassdraget på Øyra ved Storebru i Flora kommune. Reguleringsplanen vart ikkje godkjent.

06.3 Samordning av statlige interesser

Fylkesmannen gjennomfører dette, men opplever at endra organisering av regionale statsetatar inneber ein del utfordringar i samordningsrolla til Fylkesmannen.

06.4 Kart og geodata

Fylkesmannen er representert i Geodatautvalet for Sogn og Fjordane med tilsette frå miljøvern-, administrasjons- og landbruksavdelinga. Fylkesmiljøvernsjefen er leiar av utvalet. Vi har og i 2011 vore leiar for FAD sitt fagutval for kart/GIS og delteke i referansegruppa i Norge digitalt.

Resultatområde 07 Tverrgående virkemidler og oppgaver

Vi har prioritert tilsyn innan ureiningsområdet, trass i store personalendringar i 2011.

07.1 Sektorovergripende arbeid

Våren 2011 gjennomførte vi eit vellukka heildagskurs for kommunen som miljøvern- og ureiningsmyndighet. 20 av 26 kommunar deltok. Dei lærde meir om å utøve rolla si som ansvarleg myndighet i ureinings- og forsøplingssaker. Tema var førebygging, bruk av ureiningslova, og tilsyn og avløp.

07SO1P Vi har hatt ein gjennomgang av industrideponiar.

07SO2P – 4P Miljøstatus. Dette har vi prioritert høgt.

07SO5 Vassområde. Sjå omtale tidlegare.

07SO6 Skjønsmidlar til vassområdeutval: Fordeling av skjønsmidlane var alt avgjort for 2011. Dette vil bli vurdert på nytt for 2012.

07.3 Virkemidler og prosesser

IPPC-direktivet (om industrielle utslepp)

Fem bedrifter og seks avfallsdeponi har oppdaterte utsleppsløyve i samsvar med direktivet. Avfallsdeponia som skal drive vidare, har fått nye løyve.

Fiskeindustrien: Vi kartla produksjonen i fiskeindustrien i fylket ved årsskiftet 2010/2011. Alle dei tre lakseslakteria i fylket søker om nye løyve fordi dei alt har utvida, eller har planar om utvidingar, noko som gjer at dei blir omfatta av IPPC-direktivet. Også dei største fiskeforedlingsverksemndene for pelagisk fisk må ha nye IPPC-løyve.

Flyplassar

Alle dei fire flyplassane i fylket har fått konsesjon etter ureiningslova: Sandane, Førde, Florø og Sogndal.

Tilsyn innan ureiningsområdet

Vi har prioritert tilsynsaktiviteten høgt. Ein avgjerande faktor har vore at vi har personale som har interesse for og god kompetanse innan tilsynsområdet.

Ressursrapportering

I samband med årsrapporteringa har vi funne feil i resultatrapporteringa vår. Forbruket pr resultatområde er ikkje lasta opp alle månadane. Vi har difor mauelt berekna dei manglende opplastingane. Total ressursbruk er likevel tilnærma rett.

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|---|-----------------|---------------|
| 01 Naturens mangfold og friluftsliv | kr 2 537 889,00 | kr 263 553,38 |
| 03 Vannforurensning, miljøgifter og avfall | kr 847 609,00 | kr 0,00 |
| 04 Luftforurensninger og klima | kr 200 000,00 | kr 0,00 |
| 05 Int. miljøsamarbeid i nord- og polarområdene | kr 0,00 | kr 0,00 |
| 06 Planlegging for en bærekraftig utvikling | kr 1 343 240,00 | kr 0,00 |
| 07 Andre virkemidler | kr 2 651 408,00 | kr 39 709,94 |
| Andre oppgaver under MD | kr 16 600,00 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 7 596 746,00 | kr 303 263,00 |

Landbruks- og matdepartementet

Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

21.1 Jordbruk

Vi ser den same utviklinga innan jordbruksarealet i Sogn og Fjordane som i resten av landet. Tal bruk går ned, jordbruksarealet minkar og dyretalet går ned. Samstundes har mange ein imponerande vilje til å satse, og vi har så langt halde oppe produksjonen av mjølk og kjøt i fylket.

Husdyrbruk og hagebruk

Vi er no ferdig med moderniseringa av svinehaldet og eggproduksjonen i tråd med forskriftene for hald av husdyr. På fem år er 20 % av framtidige kuplassar fornøya, noko som tilseier at vi treng 25 år for å kome i mål. Geitehaldet har på få år sanert buskapane, kjøpt kvotar og etablert moderne og lettdrivne fjøs med moderne teknologi innan føring og mjølking. Vi arbeider no med nytenking og modernisering i sauehaldet. Strukturendringa er meir moderat i Sogn og Fjordane enn mange andre fylke, og dei naturgjevne tilhøva tilseier at vi treng meir ressursar enn andre for å hauste føret. Det er etablert rådgjevingsprosjekt for dei viktigaste produksjonane i samarbeid med faglaga, rådgjevingstenesta og varemottakar. BU-midlane vert brukt aktivt til fornying i husdyrhaldet og til å auke produksjonen av frukt og bær.

Sogn og Fjordane produserte 76 % av bringebæra og 40 % av morellane i landet i siste året. I hagebruket er det gjort eit betydeleg utviklingsarbeid på dyrkingsteknikk, produkthandsaming og marknadsarbeid. Morellar og bringebær til konsum vert no dyrka under tak. Dette sikrar kvalitet og god pris til produsent.

Arealet av bringebær, plomme og morellar er aukande medan jordbær og pære er redusert. For eple er det trøng for fornying i samsvar med endra krav frå marknaden og ønske om større avlinger pr dekar. Verdiskapinga i primærproduksjonen gjennom organisert omsetnad innan frukt og bær er no nærmere 95 mill kr mot under 45 mill i 2001, noko som viser at verdiskapinga er meir enn dobla på 10 år.

Været og erstatningsordningane

Været i 2011 er ei historie for seg. Vinteren 2010-2011 kom tidleg og plantane fekk ikkje tid til å førebu seg på vinteren. Saman med isbrann gav dette mykje vinterskade. Vi handsama 70 søknader om erstatning etter vinterskade. Våren var kald og med mykje nedbør, noko som gav dårlige vilkår for reparasjon av eng. Saman med ein våt sommar har det gitt mykje utvasking, reduserte avlinger og vanskelege hausteforhold. Det kom inn 76 søknader om erstatning etter svikt i grøvforproduksjonen og 51 søknader innan frukt og bær. Normalt har vi under 20 søknader på erstatningsordningane.

Vi ser driftsfellesskap og differensiert støtte som hovudutfordringane i forvaltninga av tilskotsordningane. Samdrift har vore viktig for at også mindre mjølkebruk kan fornye driftsapparatet sitt. Endra rammevilkår gjer at det no primært er ressurssterke enkeltbruk som satsar, og dei leiger areal og kvotar. Samdriftene som tidlegare klarte seg med 30-40 kyr byggjer no til 50-60 kyr for å erstatta reduserte tilskot med produksjonsinntekter. Samstundes ser vi at tilskota motiverer samdrifter mellom to moderate bruk til å dele seg og drive som enkeltbruk.

Beitebruk og tap av dyr på beite

Sogn og Fjordane har saman med faglaga utarbeidd ein strategi for redusert tap av lam på utmarksbeite der det er sett mål om å redusere tapet til under 6 %. Lammetapet i 2010 var 6,7 % og auka til 8,1 % i 2011. Hovudårsaka til dette er været. Vi ser at varme og våte somrar gjev eit høgare tap enn når det er tørt og kjølegare. Skogsbeite har eit høgare tap enn fjellbeite, og auka attgroing kan medverke til høge tap. Vi samarbeider med Mattilsynet om tapsreduserande tiltak der Fylkesmannen følgjer opp beitelag med store tap medan Mattilsynet følgjer opp enkeltbruk.

Sogn og Fjordane har ikkje midlar over kapittel 1144 post 77 til rovviltnormalisering.

Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

| Embeter | Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk) | | % tilslutning til org. beitebruk i fylket | Tapsprosent | Total tapsprosent | |
|------------|---|---------------|---|-------------|-------------------|----------|
| | Sau | Lam | | | Sau | Lam |
| FMSF | 68323 | 105544 | 94 | 2,76 | 8,1 | 5,09 |
| Sum | 68323 | 105544 | 94 | 0 | 0 | 0 |

21.2 Skogbruk

Hogsten i fylket ligg framleis på kring 45 000 m³, omsett hovudsakleg gjennom Skogeigarlaget. Skogplantinga har auka noko frå omlag 175 000 planter til 210 000 planter og samanliknar vi dette med avverkinga, ser det ut til at mesteparten av hogstarealet på gran no blir planta til att på nytt. Dette skjer etter ekstra innsats på skogkultur der vi ved å støtte lokale prosjekt har hatt ei tettare oppfølging av skogeigarane. Dette er ressurskrevjande og det er ønskjeleg at både skogeigarane, entreprenørane og kommunane tek eit større ansvar for å syte for tilplanting etter hogst.

I løpet av 2010 vart det laga eit skogfagleg utkast til hovudplan for skogsvegar, med tanke på at kommunane skulle følgje dette opp gjennom lokale planprosessar. Dette arbeidet har ikkje den framdrifta vi ønskjer, noko som hovudsakleg skuldast at vi manglar ressursdata for vegplanane. Inntil endeleg kommunal handsaming fungerer utkasta likevel som faglege innspel ved godkjenning av skogsvegar og ved prioritering i samband med tildeling av skogsvegmidlar. Uansett må det enkelte veganlegg godkjennast etter landbruksvegforskrifta av kommunen, og her må det takast omsyn til både kulturminne og natur- og miljøinteressene. Vi har brukt mykje tid i 2011 på å rettleie kommunane (om enn noko famlande) i bruk av naturmangfaldlova sine prinsipp i saker etter landbruksvegforskrifta. Vi har sterkt behov for eit betre utbygd vegnett i den veksande granskogen, og hovudplanane sikrar både meir heilskaplege løysingar og ei overordna avklaring av miljø-, kulturminne- og friluftsinteresser. Vi vil jobbe tett mot fleire kommunar i 2012 for å få til ferdige hovudplanar.

Hovudplan for skogbruksplanlegging er fornya og utarbeidd i samarbeid med Sogn og Fjordane Skogeigarlag og i samsvar med Geovekstplanane i fylket. Vi har som mål å kunne gje tilbod om skogbruksplan og miljøregistrering i skogbruket (MiS) til skogeigarane i dei viktigaste skogkommunane innan utgangen av 2015.

Midlane til kystskogbruket er delvis brukte til fellesprosjekt saman med dei andre kystfylka, til dømes til utgreiingar om tømmerkaier, informasjon om overordna vegplanlegging, eit felles taubaneprosjekt og til felles prosjektadministrasjon. Her i fylket har vi støtta prosjekt innan hogstmobilisering, lokalt samarbeid og bioenergi.

Vi viser elles til rapport pr 1. desember om bruken av nærings- og miljømidlane i skogbruket, jamfør forvaltningssistema ØKS og TSKOG.

21.3 Bygde- og næringsutvikling

Samarbeid om næringsutvikling

Vi arbeider saman med fylkeskommunen og Innovasjon Norge for å fremme næringsutvikling i fylket. "Kommuneprosjektet" er eit konkret samarbeid for å styrke førstelinjetenesta i kommunane. Fylkestinget har vedtatt ein ny reiselivsstrategi der vi har ansvar for oppfølging av kvar våre delar. Bygdeutviklingsprogrammet og LUK-satsinga har begge mål om å skape gode buminne i kommunane. Vi vil gje næringsutvikling ein større plass ved revisjon av Bygdeutviklingsprogrammet. I arbeidet med BU-strategien er også Bondelaget, Småbrukarlaget, Skogeigarlaget og KS involverte.

Forvaltning av BU-midlane

Sogn og Fjordane fekk tildelt 35,57 mill i BU-midlar og 82,6 mill i låneramme som grunnlag for rentestøtte som vert forvalta i tråd med BU-strategien. Innovasjon Norge forvaltar heile rentestøtta og 30,77 mill av BU-midlane. Fylkesmannen forvaltar 4,8 mill til utviklings- og tilretteleggingstiltak. Av Fylkesmannen sine midlar gjekk 41 % til målområdet matproduksjon, 24 % til målområdet reiseliv og opplevelingar, 15 % til målområdet småsamfunnsutvikling, 11 % til målområdet trevirke, bioenergi og utmarksnæringar, 7 % til Inn på tunet og 1 % til andre tiltak.

22 % av midlane som Innovasjon Norge forvaltar gjekk til tilleggsnæringer og 78 % til tradisjonelt landbruk. Det vart investert i 44 driftsbygningar for tradisjonelt landbruk med ein total kostnad på 92 mill. Etterspurnad etter midlar til bedriftsutvikling er låg, medan det er aukande interesse for etablerarstipend. Innan nye næringar er det størst interesse og aktivitet innan reiseliv, Inn på tunet og lokal foredling av mat. Arenaprojektet Frukt- og bærklynge i Sogn og Fjordane vert støtta av Innovasjon Norge. Prosjektet har god framdrift.

Frukt- og bærproduksjon – reiseliv og kulturlandskap på Vestlandet

Prosjektet "Frukt og bær rundt neste sving" er no ferdig med fire av fem prosjektår og disponerer årleg 2 mill over jordbruksavtalen og 1 mill i lokale midlar. I 2011 løvvde vi kr 3 029 027. Dette året har det særleg vore arbeidd med: evaluering av programmet, samarbeid mellom aktørar og fellesprosjekt, marknadsretting og produkt i marknaden, og samarbeid med destinasjonsselskap. Synlege resultat siste året er enkeltbedrifter som tilbyr opplevelingar, nettside med temaside hos destinasjonsselskap og Fjord Norge, prisutdeling og fagsamling for

norsk drikke, utviklingsarbeid kring sider med lågt alkoholinnhald, og plan for ein opplevingshage.

Landbruksbasert vare- og tjenesteproduksjon

Matspesialiteter: Fylkesmannen følgjer dette opp i samarbeid med Innovasjon Norge, Mattilsynet, Kompetansenavet Vest og Bondens Marked i Førde. Vi har eit stabilt knippe av etablerte produsentar, men det er rom for at fleire etablerer næring knytt til lokal mat. Vi ser at lokale produkt har funne sin plass i daglegvarebutikkane og at det er etablert eigne "torg" i nokre butikkar. Siste året har vi sett nærmere på distribusjon av varer, men det er så langt ikkje grunnlag for å etablere ei fellesordning i fylket.

Vi har støtta Skogeigarlaget og Bondelaget si satsing på utmarksnæring, særleg knytt til hjortejakt og innlandsfiske.

Berekraftig reiseliv er ein av hovudstrategiane i reiselivsplanen i fylket, og vi er sterkt involverte i oppfølging av akkurat denne delen. Dette handlar både om energibruk, verdiskaping i lokalsamfunna og bruk og vern.

Småkraft: Vi har støtta Bondelaget sitt 3-årige prosjekt knytt til rådgjeving kring utbygging av småkraft. Det er stor interesse kring dette, og vi ser det som viktig at grunneigarane har eit godt nok beslutningsgrunnlag før dei set i gang i utbygging. Vi ser at grunneigarane som hovudregel vel å stå for utbygginga og å eige kraftselskapet.

Inn på tunet: Fylkesmannen arbeider saman med Inn på tunet-nettverket og kommunane for å utvikle dette fagområdet. Det er ei utfordring å motivere kommunane til å kjøpe IPT-tenester, og det er stor variasjon mellom kommunane. Ein kommune, Aurland, deltek i "Inn på tunet-løftet". Gjennom dei siste åra har vi arbeidd målretta mot kommunane og det er gitt BU-midlar til sju kommunar til kartlegging og etablering av desse tenestene. Vi har sett det som viktig i 2011 å styrke arbeidet med kvalitetsikring og har gjennomført kurset «Inn på tunet - kvalitet og tryggleik». Vi vonar at fokus på kvalitetsikring kan føre til at kommunane vert meir interesserte i å bruke tenestene. Det er i hovudsak landbruksavdelinga hos Fylkesmannen som jobbar med utviklinga av IPT, men vi har planlagt eit fellesprosjekt for heile embetet der IPT er ein del av prosjektet.

Resultatområde 22 Klima- og miljøtiltak i landbruket

22.3 Miljøprogram og miljøplan

Regionalt miljøprogram og Spesielle miljøtiltak i landbruket

Vi oppmodar kommunane om å prioritere SMIL-midlar i tråd med sin lokale tiltaksstrategi og i lys av hovudmålet i Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane om ”å ta vare på og utvikle det opne og særmerkte kulturlandskapet i fylket”. Tiltak for restaurering og istandsetting av areal og element som sidan kan gje grunnlag for RMP-tilskot bør prioriterast. Vi bruker også søknadsomfanget i kommunane på dei mest målretta miljøtilskotsordningane i RMP som eit kriterium for fordeling av SMIL-ramma til kommunane.

Biologisk mangfold

Vi har ikkje ein detaljert status på tilstand og utvikling av biologisk mangfold i jordbruket. Dei største utfordringane er at kulturlandskapet gror att og dermed endrar det også dei biologiske livsvilkåra. Til dømes kjenner vi til at omfanget av artsrike engar og beitemark har blitt redusert dei siste tiåra. Vi har derfor innført både generelle og spissa verkemiddel i RMP som skal ta vare på biologisk mangfold, til dømes støtte til beiting i større verneområde og støtte til drift av artsrik eng og beite. Vi har også eit samarbeid med miljøforvaltninga om handlingsplan for slåttemarker og skjøtsel av utvalde naturtypar.

Kulturminne

Vi har ikkje ein detaljert status på tilstanden for kulturminne i jordbruket. Generelt sett kjenner vi til at det finst mange eldre kulturminne i kulturjorda, og at desse er truga av både nedbygging og driftsomleggingar. Som ein parentes kan nemnast at det derfor ofte er samanfallande interesse mellom jordvern og skjulte kulturminne. Vi har innført nokre støtteordningar i RMP for å stimulere til å ta vare på både nyare kulturminne (som t.d. steingjerde) og automatisk freda kulturminne. Dette skjer i samråd med kulturstyresmaktene.

Ureining

Det første vassområdet etter vassdirektivet som er plukka ut ligg i Stryn kommune. Tilstanden er generelt god, men med nokre unntak som også omfattar diffus avrenning frå landbruket. Det er ikkje gjennomført konkrete

tiltak innanfor landbruket som er evaluerte enno. For dei andre kommunane pågår det grunnleggande registreringsarbeidet og tilstandsanalysen. Dette skjer i regi av fylkeskommunen og vi bidreg etter behov. Vi hentar inn opplysningar om korleis kommunane praktiserer husdyrgjødselsforskrifta og minner dei om regelverket, særleg når det gjeld spreietidspunkt. Fylket vårt deltek i pilotprosjektet for miljøvenleg gjødselspreiing, med utprøving av spreiemetodar og tilskotsordningar i fem kommunar med relativt høg husdyrtettleik.

På plantevernområdet har vi i samarbeid med Landbruksrådgjevinga, Mattilsynet og Bioforsk laga eit årleg rettleiingshefte om bruk av plantevernmiddel.

Miljøplan

Mange av dei kontrollerte gardsbruka i 2011 hadde ikkje oppdatert miljøplan, og dette har vi følgt opp både med kommunane og gjennom offentleg informasjon. Samtidig er det behov for ein gjennomgang og klargjering av regelverket, til dømes når det gjeld krava til miljødokumentasjon på bruk med rikeleg areal og ekstensiv drift.

Klimatiltak

Vi har tidlegare laga eit notat om arealforvaltning og klimatiltak i landbruket, og dette vart mellom anna brukt til å styre skogplantinga inn mot dei best eigna områda med minst mogeleg miljøkonflikt. I 2011 arbeidde vi vidare med spørsmål omkring handtering av husdyrgjødsel og det er tanken at vi i samarbeid med Bioforsk og Landbruksrådgjevinga skal kunne gje meir presise råd til brukarane om klimavenleg jordbruksdrift i fylket vårt.

Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2011 etter søknadsomgang 2010 - kroner utbetalt til hovedområder

| Embeter | Kulturlandskap | Avrenning til vassdrag | Kulturmiljøer og kulturminner | Tilgjengelighet - friluftsliv | Biologisk mangfold | Plantevernmiddel | Avfall | Andre miljøtiltak |
|------------|-----------------|------------------------|-------------------------------|-------------------------------|--------------------|------------------|--------|-------------------|
| FMSF | 16612820 | 0 | 4559516 | 0 | 2768470 | 0 | 0 | 0 |
| Sum | 16612820 | 0 | 4559516 | 0 | 2768470 | 0 | | |

22.4 Økologisk landbruk

Status og utfordringar

Handlingsplanen for økologisk landbruk i Hordaland og Sogn og Fjordane 2010-2013 har som hovudmål å doble produksjon og omsetnad i høve til 2009. Det er framgang i arbeidet kring frukt og bær. Vi har ein nedgang på 400 dekar økologisk eng og beite, nedgang for storfe, vinterföra sauер og mjølkegeiter, men ein auke for utegangarsau. Grunna endringar i marknaden opplever vi mindre interesse hjå TINE og Nortura til å arbeide med økologisk mjølk og kjøt.

Sogn og Fjordane er saman med Hordaland føregangsfylke for økologisk frukt og bær. Areala er aukande for eple, pære og bringebær der 16 %, 17 % og 4 % no vert dyrka økologisk. Totalt har vi 503 dekar økologisk frukt og bær og 75 dekar i karens der eple utgjer det største arealet. Det vert arbeidd aktivt for å betre avlingane for å få større volum frukt og bær i marknaden. Etter jordbruksoppgeret 2011 har vi opna for å gje inntil 50 % investeringstilskot ved etablering av økologisk frukthage.

Utviklingsprosjekt vi har arbeidd med i 2011:

- Dyrkingsteknikk - utprøving av utstyr for mekanisk tynning av plomme og dyrking av bringebær i polyetylentunellar
- Sjukdom og skadedyr – rådgjerder mot midd, bringebærbille og rognebærmøll. Det er gode resultat frå forsøk med sprøyting med olje om hausten
- Kvalitetskompost – utviklingsarbeidet med produksjon av kompost og sprøyting med kompostuttrekk i frukthagen

Dei økologiske forsøka har gitt resultat som har vekt interesse også i det konvensjonelle frukt- og bærmiljøet. Døme på dette er forsøket med sprøyting mot midd i bringebær. Her gav økologiske forsøk med sprøyting av ei blanding med olje og grønsåpe betre resultat enn dei konvensjonelle sprøytemidla. Like eins har utstyret for mekanisk tynning av plommer vekt interesse. Her er det trådar som slår av dei tidlege blomane og såleis reduserer tal blomar som vert befrukta.

Andre arbeidsområde i handlingsplanen:

- Mjølk: Grunna lågare etterspørsel og Coop si satsing på Änglamark ønskjer ikkje TINE å starte tapping av økologisk kumjølk i Sogn og Fjordane. Gjennom Norsk Landbruksrådgiving vert det arbeidd med avlingsnivå og fôrkvalitet for å sikre nok grovfôr av rett kvalitet.

- Sauehald: rådgjeving og oppfølging av bønder. Både tradisjonell drift og raser med heilårs utedrift.
- Storfehald: små endringar
- Foredling: småskala fordeling og omsetnad av produkt frå kjøt, geitmjølk, frukt/bær og grønsaker. Like viktig at varene er lokalt produserte som at dei er økologiske.

22.5 Tre og miljø

Vi har støtta opp under eit informasjonsprosjekt om bioenergi. Hovudsakleg er det etablert små anlegg, men nokre større anlegg er under vurdering. Vi har saman med Møre og Romsdal ansvar for prosjektet Biostigen der vi skal finne flaskehalsar for utvikling av bioenergi på Vestlandet og beskrive verdikjeder for utvikling av denne næringa. Prosjektet viser at det finst klare moglegheiter for meir bruk av bioenergi, men driftskostnaden krev effektiv logistikk og forholdsvis lett tilgjengeleg trevirke. Prosjektet skal avsluttast i 2012, og då får vi betre grunnlag for å satse på bioenergi.

Det er aukande interesse blant arkitektar for å bruke treverk i større bygg, og vi har bidrige både fagleg og med litt støtte for å utgreie nokre prosjekt på massivtre. Men det er til no ikkje bygd større signalbygg i trearkitektur. Dette er eit langsiktig arbeid, og vi støttar til dømes også eit informasjons- og praksisprosjekt retta inn mot arkitektstudentar som får innføring i eldre byggeskikk og bygningsteknikkar i tre.

Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Vi er à jour med klagesaker på kommunale vedtak etter jordlova og konsesjonslova.

Det er vårt generelle inntrykk at kommunane handterer regelverket om frådeling, bu- og driveplikt og konsesjon forsvarleg etter lovverket. Men det er noko varierande interesse og vilje til å bruke dette regelverket aktivt i busettadspolitikken. Dette fører til at enkelte kommunar framstår som klart strengare enn andre, særleg ved praktisering av bupliktsreglane. Vi informerer om regelverket på kurs, ved eigne møte der kommunane ber om det, og pr telefon. Vi har ikkje funne grunn til å påleggje kommunane å sende kopi av alle vedtaka til Fylkesmannen.

Jordfondet er avslutta i vårt fylke. Når det gjeld avgangen av dyrka jord, syner vi til resultatområde 26.

Resultatområde 24 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

Kontroll

Ei gruppe på åtte personar har delteke i kontrollarbeidet i 2011. Av desse har seks delteke på forvaltningskontrollane. På forvaltningskontrollane er det alltid to personar med, ein fagperson på temaet som kontrollen omfattar, og ein kontolleiar.

På føretakskontrollane er det to personar som har hatt ansvaret, men det er vanlegvis berre ein person som gjennomfører kontrollen. Utvalet av kommunar og føretak til kontroll vert gjort på grunnlag av risiko med hjelp av verktøy frå SLF, men også med siktemål om å kontrollere alle kommunar innan 2012. Gruppa har med seg avdelinga sin juridiske konsulent i arbeidet.

I 2011 vart føretakskontrollane utførte i dei same kommunane som vi hadde forvaltningskontroll. For nærmare opplysningar om resultat av kontrollane, sjå tabelldata. I dei fleste tilfella med avvik er det snakk om tilbakebetaling, og det blir gjennomført når vedtaka er endelige.

Landbruksvikartenestene

Sogn og Fjordane har 20 årsverk som vart fordelte på dei 10 avløysarlaga som vi har. Avløysarlaga dekkjer heile fylket med unntak av Solund. Det er ein liten kystkommune med 25 aktive brukarar og det har vore vanskeleg å få ein landbruksvikar som kan dekke dette området. I 2011 har vi fått innspel på at fordelinga av årsverk må ta omsyn til avløysarlaga sine utgifter sett over fleire år. Elles er det ikkje mykje kontakt om ordninga, så det ser ut til å fungere.

Kommentar til tabellen med klage og dispensasjonssaker

Dette gjeld både ordinære klagesaker og saker som av ulike grunner vart handterte som manuelle berekningar og utbetalingar. Tal klage- og dispensasjonssaker er normale. Lite endring i høve til 2010.

Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2011 - antall**Klagebehandling**

| Produksjonstilskudd | | Miljøvirkemidler | | Andre tilskuddsordninger | |
|---------------------|---------|------------------|---------|--------------------------|---------|
| Innvilget | Avslått | Innvilget | Avslått | Innvilget | Avslått |
| 0 | 1 | 1 | 6 | 0 | 0 |

Dispensasjonssøknader

| Produksjonstilskudd | | | Miljøvirkemidler | | | Andre tilskuddsordninger | | |
|---------------------|------------------|---------|------------------|------------------|---------|--------------------------|------------------|---------|
| Innvilget | Delvis innvilget | Avslått | Innvilget | Delvis innvilget | Avslått | Innvilget | Delvis innvilget | Avslått |
| 51 | 0 | 5 | 0 | 0 | 0 | 29 | 0 | 1 |

Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2011**1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?**

Årsverk: 0,6

Antall personer: 8

2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

| | |
|----------------------|---|
| Kommune: | Askvoll kommune |
| Orninger/omfang: | Søknader om tilskot fra Regionalt miljø-program (RMP) 2009 og 2010 |
| Registrerte avvik: | Ingen avvik, men 2 merknader. 1) Dokumentasjon av endringar. Endringar i søknadsskjema bør forklara i kommentarfeltet. 2) Miljøplan. Kommunen bør halde fram arbeidet med å sikre jamm og god kvalitet på miljøplan trinn 1 og 2. |
| Oppfølging av avvik: | Ingen |

| | |
|----------------------|--|
| Kommune: | Balestrand kommune |
| Orninger/omfang: | Produksjonstilskot/ferie og fritid, august 2009 - januar 2011 |
| Registrerte avvik: | 1 avvik og 2 merknader. Avvik 1) Dispensasjon frå søknadsfristen. Merknad 1) Dokumentasjon av grovforsal. Merknad 2) Arkivering. |
| Oppfølging av avvik: | Avviket kan rettast straks, det same gjeld merknad om dokumentasjon av grovforsal. For merknaden om arkivering må rutinen endrast for framtidige søknadsomgangar |

| | |
|--------------------|--|
| Kommune: | Fjaler kommune |
| Orninger/omfang: | Produksjonstilskot i jordbruket, og tilskot til avløsing ved ferie og fritid for august 2009 til og med august 2011. |
| Registrerte avvik: | Ingen avvik. Merknad 1) Dokumentasjon på vurderingar. |
| Oppfølging av | Bruke kommentarfeltet i søknadsskjemaet når |

Arsrapport 2011 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - Innhold:

| | |
|----------------------|---|
| avvik: | ein gjer endringar. |
| Kommune: | Førde kommune |
| Orninger/omfang: | Miljøplan i ulike tilskotsordningar 2008 - 2010 |
| Registrerte avvik: | Ingen avvik, men 1 merknad. Merknad 1) Varselbrev og stikkprøvekontroll. |
| Oppfølging av avvik: | Rutinen kan endrast med ein gong. Fylkesmannen har etter kontrollbesøket sendt kommunen eit døme på innhald i varselbrev |

| | |
|----------------------|--|
| Kommune: | Hornindal kommune |
| Orninger/omfang: | Produksjonstilskot/ferie og fritid - januar 2009 – august 2010. |
| Registrerte avvik: | Ingen avvik, men ein merknad som gjeld dokumentasjon av grovforsal. |
| Oppfølging av avvik: | Endre rutinane for å godkjenne dokumentasjon av grovforsal i framtidige søknadsomgangar. |

| | |
|----------------------|--|
| Kommune: | Naustdal kommune |
| Orninger/omfang: | Søknader i SMIL-ordninga 2008-2010 |
| Registrerte avvik: | Avvik. Kommunen manglar vedteken tiltaksstrategi for SMIL i 2010 og 2011. Merknad 1) Kontroll av miljøplan trinn 2. |
| Oppfølging av avvik: | Forventar at kommunen lagar tiltaksstrategi innan utgangen av 2011. Når det gjeld merknaden om miljøplan trinn 2 er det forventa at kommunen endrar rutinen i samband med godkjenning av planen. |

| | |
|----------------------|---|
| Kommune: | Vik kommune |
| Orninger/omfang: | Søknader om tilskot frå Regionalt miljøprogram (RMP) 2009 og 2010 |
| Registrerte avvik: | Ingen avvik, men 2 merknader. 1) Dokumentasjon av endringar. Endringar i søknadsskjema bør forklarast i kommentarfelt. 2) Miljøplan. Kommunen bør fortsetje med å sikre jamm og god kvalitet på miljøplan trinn 1 og 2. |
| Oppfølging av avvik: | Ingen |

3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.

| | |
|---|--------------------|
| Foretak: | A - Askvoll |
| Orninger/omfang: | SMIL-tilskot |
| Stedlig kontroll eller annen type kontroll: | Gardsbesøk |
| Registrerte avvik: | Ingen avvik |
| Oppfølging av avvik: | Ingen |

| | |
|---|--------------------|
| Foretak: | B - Askvoll |
| Orninger/omfang: | SMIL-tilskot |
| Stedlig kontroll eller annen type kontroll: | Gardsbesøk |
| Registrerte avvik: | Ingen avvik |

| | |
|---|--|
| Oppfølging av avvik: | Ingen |
| Foretak: | C-Balestrand |
| Orninger/omfang: | Produksjonstilskot |
| Stedlig kontroll eller annen type kontroll: | Gardsbesøk |
| Registrerte avvik: | Ikkje utfylt sjekkliste, men elles ingen avvik |
| Oppfølging av avvik: | Har vurdert tilbakebetaling av tilskot, men etter ei heilskapsvurdering krev vi ikkje dette. |
| Foretak: | D-Balestrand |
| Orninger/omfang: | Produksjonstilskot |
| Stedlig kontroll eller annen type kontroll: | Gardsbesøk |
| Registrerte avvik: | Ikkje utfylt sjekkliste, men elles ingen avvik |
| Oppfølging av avvik: | Har vurdert tilbakebetaling av tilskot, men etter ei heilskapsvurdering krev vi ikkje dette. |
| Foretak: | E-Fjaler |
| Orninger/omfang: | Opplysningar i søknaden om produksjonstilskot for søknadsomgangen 20. august 2010 og 20. januar 2011 |
| Stedlig kontroll eller annen type kontroll: | Gardsbesøk |
| Registrerte avvik: | Ingen avvik. Merknad- Oppdatert kart med skifteinndeling som samsvarar med gjødslingsplan må ligge ved miljøplanen. |
| Oppfølging av avvik: | Ingen spesielle |
| Foretak: | F-Fjaler |
| Orninger/omfang: | Opplysningar i søknaden om produksjonstilskot for søknadsomgangen 20. august 2010 og 20. januar 2011 |
| Stedlig kontroll eller annen type kontroll: | Gardsbesøk |
| Registrerte avvik: | Ingen avvik. Merknad- Oppdatert kart med skifteinndeling som samsvarar med gjødslingsplan må ligge ved miljøplanen. |
| Oppfølging av avvik: | Oppdatert kart med skifteinndeling som samsvarar med gjødselplan må ligge ved miljøplan når gardskartprosessen i Fjaler er avslutta. |
| Foretak: | G-Førde |
| Orninger/omfang: | Regionalt miljøprogram |
| Stedlig kontroll eller annen type kontroll: | Gardsbesøk |
| Registrerte avvik: | Avvik som gjeld lengde på bakkemur og storkleik på bratt areal |
| Oppfølging av avvik: | Utbetalt kr 1224,- med fråtrekk for 32 meter bakkemur. |
| Foretak: | H-Førde |
| Orninger/omfang: | Regionalt miljøprogram |

| | |
|---|--|
| Stedlig kontroll eller annen type kontroll: | Gardsbesøk |
| Registrerte avvik: | Kunne ikke legge fram sjekkliste på kontrollen |
| Oppfølging av avvik: | Etter ei heilskapsvurdering vil ikke Fylkesmannen krevje tilbakebetaling av tilskot. |
| Foretak: | I - Hornindal |
| Orninger/omfang: | Produksjonstilskot |
| Stedlig kontroll eller annen type kontroll: | Gardsbesøk |
| Registrerte avvik: | Ingen |
| Oppfølging av avvik: | Ingen |
| Foretak: | J-Naustdal |
| Orninger/omfang: | SMIL-tilskot |
| Stedlig kontroll eller annen type kontroll: | Gardsbesøk |
| Registrerte avvik: | Ingen avvik |
| Oppfølging av avvik: | Ingen |
| Foretak: | K -Naustdal |
| Orninger/omfang: | Produksjonstilskot |
| Stedlig kontroll eller annen type kontroll: | Gardsbesøk |
| Registrerte avvik: | Ingen |
| Oppfølging av avvik: | Ingen |
| Foretak: | L- Vik |
| Orninger/omfang: | Regionalt miljøprogram |
| Stedlig kontroll eller annen type kontroll: | Gardsbesøk |
| Registrerte avvik: | Miljøplan trinn 1 |
| Oppfølging av avvik: | Er sendt til SLF for krav om tilbakebetaling |
| Foretak: | K -Vik |
| Orninger/omfang: | Regionalt miljøprogram |
| Stedlig kontroll eller annen type kontroll: | Gardsbesøk |
| Registrerte avvik: | 3 avvik. 1) Miljøplan trinn 2) Miljøplan trinn 2 3) Steingardar og bakkemurar - manglende skjøtsel |
| Oppfølging av avvik: | Er sendt til SLF for krav om tilbakebetaling |

4. Andre kommentarer/ innspill:

Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitiske aktør

Vi har ei rekje kurs og møte for kommunane slik at dei kan utføre landbruksoppgåvene betre. Døme på tema er:

- bygdeutvikling og bruk av BU-midlane, i regi av Innovasjon Norge (februar)
- produksjonstilskot og regelverket for miljøplan (august)
- forvaltarkurs for skogbruket i samarbeid med Hordaland (august)
- gardskart og jordregister for dei kommunane som held på med nye digitale gardskart
- to dagars samling for landbruks- og miljøforvaltninga i kommunane, med deltaking frå LMD

Embetsleiinga har møte med kommunane enkeltvis, og landbruksdirektøren har delteke i den grad landbruksrelaterte saker er tema. Døme på dette er arealforvaltning og landbruksureining. I samband med kommunevalet vart det planlagt eit justert opplegg for fagdagar for folkevalde, og dette vart gjennomført på nyåret. Landbruksdirektøren eller assisterande landbruksdirektør har delteke på fire av dei seks forvaltningskontrollane i kommunane, noko som også gir godt høve til dialog med dei ansvarlege i kommunen.

I samarbeid med fylkeskommunen og Innovasjon Norge er det sett i gang eit prosjekt for å styrke kommunane som førstelinjeneste innan næringsutvikling. Strategien er å motivere og stimulere til at kommunane set av tilstrekkeleg ressursar til næringsutvikling, enten enkeltvis eller som interkommunale samarbeidstiltak. Det siste er stadig meir aktuelt med vår kommunestruktur og felles arbeidsområde på tvers av kommunegrensene.

Vi har ikkje nøyaktig oversikt over tal årsverk i den kommunale landbruksforvaltninga pr januar 2011. Vi undersøkte dette våren 2010 og kom då til 46 årsverk, og så vidt vi kjenner til er dette talet omlag det same pr januar 2011.

Det er faste møte mellom embetsleiinga og KS gjennom året. Vi har ikkje hatt eigne møte med KS for å drøfte landbrukstema i 2011, men vi har oppretta eit eige samarbeidsforum innan kommunal landbruksforvaltning som deltek i planlegginga av kurs og konferansar.

Vi fekk tildelt 65 000 til kommuneretta arbeid i 2011 og omlag 22 000 kr er nytta til å dekke møtekostnader, møtegodtgjersle, reise m.m. for regionalt miljøprogram, kulturlandskapsgruppa og arbeidet med ein strategi for reduserte beitetap. Resten på omlag 43 000 kr er nytta til kurs for kommunane.

Resultatområde 26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging

26.1 Jordvern og kulturlandskap

Vårt arbeid med jordvern skjer i samband med høyingsfråseigner i plansakene, som klageinstans i enkeltsaker om omdisponering etter jordlova, og gjennom informasjon til kommunane om behovet for eit aktivt jordvern. Vi har ein jordvernstrategi frå 2009 som fortel kva forventningar vi har til kommunane på området og i kva tilfelle det er aktuelt for oss å reise motsegn til planane.

Den årlege omdisponeringa av dyrka jord i perioden 2005-2010 varierer mykje, frå om lag 450 daa i 2005, 2007 og 2009, til om lag 160 daa i 2006 og 200 daa i 2010. Denne variasjonen er tilfeldig og har truleg samanheng med når større utbyggingar blir gjennomførte. Gjennomsnittet for siste femårsperiode er på 350 daa og målsettinga i strategien er 250 daa.

Dei nasjonale målsettingane om jordvern blir presenterte på plansamlingar for kommunane og i dialog om enkeltsaker. Mange kommunar har gamle arealplanar, men dei fleste tek no grep i samband med kravet om kommunale planstrategiar innan 2013.

Vi har ikkje hatt plansaker i 2010 der motsegn på grunn av jordvern har enda i Miljøverndepartementet.

Vi har to område med utvalde kulturlandskap; Grinde-Engjasete i Leikanger og Hoddevik-Liset i Selje.

For Grinde har vi skjøtseslavtalar for dei mest verdifulle områda, og dette utgjer halvparten av heile området. Det

pågår eit arbeid med å få engasjert grunneigarar og gjort avtalar for resten av området. Dette tek noko tid, også fordi framtidige eigarforhold må avklarast for enkelte av bruka.

For Hoddevik - Liset har vi avtalar for dei mest prioriterte areala, men også her arbeider vi med å få skjøtseslaptalar på fleire område. I Hoddevik hadde vi eige tryggleiksskurs for å lære om hogst og rydding av skog, og kurs i biologisk mangfald.

Vi har gode erfaringar med dei ekstra midlane som er sette av til å styrke landbruket i verdsarvområdet i Nærøyfjorden. Tildelinga på kr 1 225 000 frå SLF og kr 1 000 000 frå DN vart i 2011 fordelt på i alt 47 gardsbruk. 15 bruk har driftssenter i verdsarvområdet. Av bruken som har fått tildelt midlar ligg 11 bruk i Hordaland. Vi har også samarbeid og erfarringsutveksling med tilsvarende område i Geiranger.

I 2011 er det laga enkle skjøtselsplanar eller tiltaksplanar for alle bruken med avtale og driftssenter innanfor verdsarvområdet. Desse planane skal vere ei konkretisering av avtalane og til hjelp både for bonde og forvaltning. Verdsarvparken var prosjektleiar for dette arbeidet. Det er brukt kr 100 000 til dette i 2011. Vi har også brukt noko av midlane til andre fellestiltak som kompetansebygging, gjerdeprosjekt og ei landbrukskai.

26.2 Samfunnsplanlegging

Det samla jordbruksarealet i fylket har hatt ein jamn nedgang dei siste 10 åra, frå omlag 478 000 i 2001 til 441 000 daa i 2011, dvs ein årleg nedgang på 3700 daa. Til samanlikning er den årlege omdisponeringa av fulldyrka jord til nedbygging dei siste fem åra på om lag 350 daa. No kan ikkje desse to tala samanliknast fullt ut, både fordi den varige nedbygginga er irreversibel og fordi det ikkje er den mest verdifulle jorda som går ut av drift, men talet 3700 daa pr år er likevel urovekkjande høgt. Det er derfor viktig med landbrukspolitiske tiltak for å halde "jord ute av drift" i hevd med tanke på framtidig matproduksjon.

Verneplanarbeidet med dei store verneområda er ferdige her i fylket, og no er vi over i ein forvaltningsfase. Vårt generelle inntrykk er at det ikkje er store motsetningar mellom tradisjonelt landbruk og forvaltning av desse verneområda.

Fylkesmannen gir felles fråsegner til plansaker der ulike sektoromsyn blir omtala. Vi gav fråsegn om landbruksinteressene i om lag 200 plansaker, medrekna både oppstarts- og høyringsfråsegner. I tillegg gav vi merknad om landbruksinteressene i 140 dispensasjonssaker i LNF-områda. Dette talet er dessverre for høgt og skuldast både mange gamle planar og noko varierande interesse for følgje opp arealplanane. Våre merknader i dispensasjonssakene kan sorterast i tre like delar: dei kor vi ikkje hadde merknad, dei kor vi hadde enkelte innvendingar, og dei kor vi gav klart råd i mot å gje dispensasjon. I ei sak påkalla vi kommunen sitt vedtak, men vi kom deretter fram til ei akseptabel løysing. Vi reiste tre motsegner mot kommunale planar i 2011, alle knytt til eit større veganlegg i Lærdal, og denne saka er enno ikkje avgjort. Ved fleire høve varslet vi mogeleg bruk av motsegn ved oppstart, men i dei alle fleste tilfella finn kommunen fram til løysingar vi kan akseptere. Vi er godt nøgde med at vi ikkje treng å bruke motsegn så ofte, men dessverre er ein del av kommuneplanane for gamle.

Vi deltek i geovekstsamarbeidet og har stor nytte av betre kartgrunnlag i alle arealrelaterte arbeidsoppgåver.

Beredskapsarbeidet er organisert som ein del av staben i embetet, og alle fagavdelingar bidreg i arbeidet med å revidere risiko- og sårbarheitsanalysen for fylket.

Ressursrapportering

I samband med årsrapporteringa har vi funne feil i resultatrapporteringa vår. Forbruket pr resultatområde er ikkje lasta opp alle månadane. Vi har difor mauelt berekna dei manglande opplastingane. Total ressursbruk er likevel tilnærma rett.

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|---|----------------------|----------------|
| 21 Landbruksbasert næringsutvikling | kr 3 828 845,00 | kr 9 954,00 |
| 22 Klima- og miljøpolitikk i landbruket | kr 1 666 724,00 | kr 0,00 |
| 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk | kr 499 237,00 | kr 0,00 |

| | | |
|--|------------------|--------------|
| 24 Forvaltning av inntekts- og velferdspol. tiltak | kr 1 729 248,00 | kr 0,00 |
| 25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør | kr 1 331 000,00 | kr 65 000,00 |
| 26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging | kr 1 434 951,00 | kr 0,00 |
| Andre oppgaver under LMD | kr 229 586,05 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 10 719 591,00 | kr 74 954,00 |

Kunnskapsdepartementet

Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområdet

31.1 Tilsyn

Vurdering av eiga måloppnåing

a. Ressursar i embetet

Tilsynsaktiviteten i 2011 er stort sett gjennomført som planlagt.

For 2011 fekk Sogn og Fjordane redusert omfanget av det felles nasjonale tilsynet etter kap. 9a frå 8 kommunar (16 skular) til 6 kommunar (12 skular). I 2011 gjennomførte vi tilsyn med til saman 5 kommunar (8 grunnskular) og fylkeskommunen (4 vidaregåande skular). Vi viser til eiga rapportering for det felles nasjonale tilsynet i 2011.

I sør-vest regionen vart det i 2011 ført prioritert tilsyn med "Gjennomføring av nasjonale prøver". I Sogn og Fjordane vart det gjennomført tilsyn med tre kommunar og til saman 12 grunnskular. Vi viser elles til innsendte rapportar til Utdanningsdirektoratet for prioritert tilsyn for 2011.

På utdanningsavdelinga fekk vi fleire nye medarbeidrarar i 2011. Ei stilling stod ledig store delar av hausten. Dette førte m.a. til at vi måtte redusere omfanget av det eigeniniterte tilsynet noko. Det var planlagt dokumenttilsyn etter opplæringslova § 2-8 (*Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar*), men vi har i staden lagt desse tilsyna til våren 2012. Ved årsskiftet vart det sendt varsel om tilsyn til fire kommunar med fire skular. Bakgrunnen for at vi har valt særskild språkopplæring (§2-8) som eit eigeninitiert tilsyn er m.a. at vi vurderer denne retten som sentral for elevar frå språklege minoritetar. Elevar si meistring av norsk er i tillegg avgjerande med tanke på vidare utdanning og yrke.

Sjølv om vi i 2011 har redusert tilsynet etter opplæringslova § 2-8, har avdelinga likevel nytta forholdsvis mykje ressursar på kartlegging og tilsyn med alternative opplæringsarenaer, jf. opplæringslova §5-1. Bakgrunnen for dette tilsynet var at vi 2010 gjennomførte tilsyn med ein kommune der fleire grunnskuleelevar hadde eit alternativt opplæringstilbod utanom eigen skule. Gjennom dette tilsynet avdekkja vi fleire alvorlege lovbroter. Dette resulterte i at vi i løpet av 2011 gjennomførte ei klartlegging av alle kommunane i fylket. Dette for å få oversikt over omfanget av alternative opplæringsarenaer, jf opplæringslova § 5-1. På bakgrunn av kartlegginga sendte vi hausten 2011 varsel om tilsyn til tre kommunar. Tilsyna er planlagt avslutta i februar 2012. Førebels kan vi summere at vi har funne manglar, m.a. når det gjeld den sakkunnige vurderinga, vedtaket etter § 5-1, og ansvar og oppfølging frå skulen.

b. Kompetanse

Dei tilsette som arbeider med tilsyn har høgare formell utdanning. Nokre har i tillegg lang erfaring med tilsynsarbeid og arbeid i kommunal sektor. På grunn av fleire nye tilsette i 2011 har vi valt å nytte ressursar til opplæring og utvikling av tilsynsområdet - både innan grunnopplæring (31.1) og barnehage (33.4).

c. Metodikk og strategiar

I 2011 har vi etablert eitt tilsynslag med ansvar for både grunnopplæring og barnehage. I tilsynslaget deltek alle tilsette på avdelinga. Laget sitt mandat er mellom anna:

- Å drøfte og utarbeide forslag til tiltak på tilsynsfeltet til verksemdplanen, basert på embetsoppdrag og risikovurdering.
- Lage opplegg for samordna gjennomføring av tilsyn i samsvar med gjeldande verksemdplan.
- Medverke til god samordning av tilsyn i heile embetet.
- Vurdere og drøfte nye tilsynsområde for å avklare lovforståing og metode.
- Syte for at erfaringar frå gjennomførte tilsyn kan gje grunnlag for evaluering, erfaringsdeling og kompetanseutvikling.

I 2011 har utdanningsavdelinga gjennomført eit avdelingsprosjekt som vi har kalla "Områdeovervaking". Bakgrunnen for prosjektet er at vi til ei kvar tid sit inne med mykje data innanfor grunnopplæringa frå ulike datakjelder, t.d. GSI, Kostra, Elevundersøkinga og resultat frå nasjonale prøver. I tillegg utarbeidde vi statistikk og gjorde registreringar. Vi ønskte difor å kunne systematisere dette betre, m.a. med tanke på planlegging av tilsynsarbeidet og elles i møte med kommunane. Gjennom prosjektet har vi kome fram til nokre sentrale indikatorar innanfor kvart av følgjande område: resultat, spesialundervisning, trivsel (grunnskule/vgo), kommunane si tilstandsrapportering gjennom www.kunnskapsdeling.no (§ 13-10), registrering av hendingar, klagesaker og data frå barnehage. Prosjektet er no avslutta som avdelingsprosjekt, men vil no gå inn i det ordinære statistikkarbeidet og arbeidet med risiko- og sårbarheitsvurdering.

d. Andre forhold i fylket

I 2011 vart det gjennomført tre møte med ansvarlege for skule og barnehagane i kommunane. Desse møta er eit samarbeid mellom Fylkesmannen og KS. I 2011 har vi i tillegg gjennomført eitt møte i kvar av dei fire regionane der m.a. erfaringar frå og informasjon om tilsyn var tema.

I 2011 har utdanningsavdelinga vurdert korleis tilsynet kan fungere betre med tanke på læring, dvs. både internt i kommunen, i regionen og for heile fylket. Med bakgrunn i dette har vi oppmoda skuleeigar om å trekke dei andre skulane i kommunen med i tilsynet gjennom å delta både på opningsmøte og på sluttmøte. I tillegg sender vi tilsynsrapportane til sekretariatet for kontrollutvalet i kommunen, og vi oppmodar også skuleeigar om å legge tilsynsrapportane fram for politisk utval og kommunestyret. Vi har også oppmoda skuleeigar om å invitere representantar frå nabokommunar til opnings- og sluttmøte. Å invitere nabokommunar i regionen med i tilsynet vil vi arbeide vidare med i 2012.

Vårt hovudinntrykk er at tilsynsobjekta, skuleeigar og skulane, ser på våre tilsyn som ei læring og ein måte å forbetra praksis. For oss som tilsynsmyndighet er dette eit viktig utgangspunkt for å sikre ei vellukka gjennomføring av tilsynet - førebuing, gjennomføring og retting av pålegg. I 2011 har vi fått fleire positive tilbakemeldingar på vår gjennomføring av tilsyn innan grunnopplæringa.

At kommunane og skulane møter tilsynet med ei positiv haldning meiner vi er avgjerande for dei ulike fasane i tilsynet. I 2011 har vi vurdert retting av pålegg gjennom skriftlege tilbakemeldingar. Vi har ikkje opplevd at kommunane og skulane ikkje har retta lovbroten som er oppdaga gjennom våre tilsyn - dette gjeld både grunnskular og vidaregåande skular.

31.2 Klagesaksbehandling

Vurdering av eiga måloppnåing

a. Ressursar i embetet

Fylkesmannen vurderer å ha god måloppnåing, og størstedelen av sakene vart handsama innan fristane gitt i serviceerklæringa vår. Saksmengda er tilnærma lik året før. Vi er fleire som deltek i handsaminga av klager på spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelpe.

b. Kompetanse

I hovudsak er det juristen på avdelinga som handsamar klagesakene. I tillegg er det fleire med høgare formell utdanning (pedagogikk og spesialpedagogikk) som også tek saker som gjeld spesialpedagogisk hjelpe, spesialundervisning og klage på standpunktcharakter.

c. Metodikk og strategiar

Det er skriftleg handsaming av klagene. Sakene vert handsama i tråd med opplæringslova, forvaltningslova og andre forvaltningsrettslege prinsipp. Vi registerer sakene som kjem inn, og brukar denne informasjonen som ein del av grunnlaget ved val av tilsynsobjekt.

Klagelag og samarbeid kring enkeltsaker sikrar felles lovforståing, god samordning, gjennomføring av klagebehandlinga, og jamn fordeling av saker.

I forhold til i 2010 har det vore ein auke på 3 klagesaker på standpunktakarakter. I 2011 har vi praktisert ei ordning der vi returnerer saker som ikkje er godt nok opplyste til skulen, i medhald av fvl. § 17. Dette er gjort i 29 av 45 saker, og har medført ein auke i avslag. Eit stort problem med klage på standpunkt er at klagene blir sendt inn for seint frå skulane, og dermed ofte ikkje får verknad for opptak til vidaregåande opplæring.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

| Type Klage | Sum innkomne saker | Medhold/Delvis medhold | Avslag | Annet | Kommentar |
|---|--------------------------|---------------------------|--------|-------|---|
| Standpunkt (fag og orden og oppførsel) | 45 | 17 | 26 | 2 | 2 klager trekt. |
| Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd | 2 | 0 | 1 | 1 | |
| Ekstra år i grunnskolen, § 2-1 | 1 | 0 | 0 | 1 | |
| Spesialundervisning for voksne, § 4A-2 | 1 | 0 | 1 | 0 | |
| Spesialundervisning, § 5-1 | 15 | 9 | 3 | 3 | Ei av klagene gjeld klage på iverksetting av vedtak om spesialundervisning. |
| Skyss, § 7-1 | 5 | 1 | 0 | 4 | |
| Skoleplassering, § 8-1 | 2 | 0 | 1 | 1 | |
| Psykososialt skolemiljø, § 9a-3 | 3 | 0 | 0 | 3 | |
| Annet | 1 | 1 | 0 | 0 | Klage på utdeling av testamente etter oppl. § 2-3. |
| Annet | 1 | 0 | 0 | 1 | Klage på avslag om ekstra år i grunnskolen. |
| Sum | 76 | 28 | 32 | 16 | |

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

| Type Klage | Sum innkomne saker | Medhold/Delvis medhold | Avslag | Annet | Kommentar |
|--------------------------------|--------------------------|---------------------------|--------|-------|-----------|
| Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7 | 1 | 0 | 0 | 1 | |
| Sum | 1 | 0 | 0 | 1 | |

31.3 Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

For å kvalitetssikre og følgje opp arbeidet med GSI i Sogn og Fjordane gjennomførte vi tre regionale samlingar i eige fylke i forkant av GSI-rapporteringa. Til kvar av samlingane inviterte vi tre kommunar; til saman deltok 9 kommunar. Tema på samlingane var kvalitetssikring av GSI-rapportering. Ved å gjennomføre regionale samlingar fekk nabokommunar moglegheit til å samkøyre GSI-registrering, og ein kunne nytte kvarandre som ressursar.

Etter ferdigstilling av GSI-tala har vi hatt fokus på å kvalitetssikre og revidere innrapporterte data. Vi har hatt særleg merksemd på assistenttimar i grunnskuleskjema, leksehjelp og fysisk aktivitet. I tillegg har vi konsentrert oss om voksenopplæringsskjema og kulturskuleskjema der det har vore rapportert på interkommunale løysningar.

Fylkesmannen har med utgangspunkt i GSI-tala følgt opp kommunane når det gjeld rapportering på forsvarleg gruppstorleik. Det vart ikkje funne avvik i Sogn og Fjordane.

Vi har delteke på nasjonale samlingar om GSI og delteke i sør-vest-samarbeidet på området.

Tal frå GSI blir nytta aktivt ved tilsynsarbeid.

Vi vurderer at vi har god kompetanse til å løyse oppgåvene våre, og gjennomføringa har gått etter planen.

31.4 Informasjon og veiledning

Vi har sju tilsette som er involverte i arbeid på dette området. Vi har god kompetanse til å løyse oppgåvene våre, og gjennomføringa har gått etter planen.

Vi har etablert faste samarbeids- og møtestrukturar i fylket i lag med KS, høgskulen og Utdanningsforbundet. Vi har utarbeidd ein samordna møteplan for denne verksemda som inneheld tidspunkt for ulike møte og konferansar. Dette gir oss høve til å planlegge og arbeide strategisk, og det gir oss høve til å sjå tiltak i samanheng. Det gir gode vilkår for koordinert innsats, kontinuitet og tett oppfølging. Det er stor forplikting, god oppslutnad og sterkt engasjement for dei ulike tiltaka. Vi har gjennom dette arbeidet også godt samarbeid med fylkeskommunen. Kommunane er organiserte i fire stabile regionar som har omfattande samarbeid.

Vi har i tillegg innført eit fast dialogmøte i året med dei skulefagleg ansvarlege i kvar region. Her tar vi opp sentrale tema i embetsoppdraget vårt som krev eit tett samarbeid med skuleeigar. Skuleeigar får her høve til å formidle sine sentrale satsingsområde og kva område dei spesielt treng støtte på frå utdanningsavdelinga.

Fordi vi har strukturert arbeidet på denne måten, legg vi møteplassane til grunn for omtale av ulike oppdrag og tiltak. Det som ikkje er nemnt her, er nemnt under andre resultatområde.

Utdannings- og oppvekstmøte

I samarbeid med KS arrangerer Fylkesmannen som nemnt tidlegare tre møte per år for kommunane ved skule- og barnehageansvarlege, der m.a. informasjon og opplysningar om regelverk og satsingar inngår som ein fast del av programmet. Fylkeskommunen deltek også her. Sentrale tema har vore vurderingsforskrift, fråfall og tidleg innsats, rettleiing av nyutdanna, tilsyn og kvalitetsarbeid, betre læringsmiljø og spesialundervisning.

Eit sentralt tema i alle møta har vore kvalitetsvurdering og bruk av tilstandsrapporten. Vi har utarbeidd ein samlerapport for kommunane si tilstandsrapportering. Denne har kommunane fått, og den vil bli lagt til grunn for vidareutvikling av arbeidet med tilstandsrapporteringa. I tillegg får vi gjennom eit eige skuleeigarprogram i 2012 høve til å støtte og utfordre praksisen for å gjere denne rapporteringa til eit godt kvalitetstvurderingsverkty.

Forum for skule- og barnehageutvikling

Dette er ein fast møtearena for Fylkesmannen, KS, regionsansvarlege i kommunane, fylkeskommunen, høgskulen og Utdanningsforbundet. Her set vi sentrale tema på dagsordenen for å få koordinerte tiltak og prosessar til beste for skulane og barnehagane. Sentrale tema har vore: vidare- og etterutdanning, leiarutdanning, skuleeigarrolla, vurdering og vaksenopplæring.

Skuleleiarkonferanse

Fylkesmannen arrangerte saman med KS, høgskulen og Utdanningsforbundet den årlege skuleleiarkonferansen i Loen 28.-29. september. Tema for konferansen i år var korleis ein kan nytte kunnskap om resultat og læringsmiljø til å skape ein lokal evalueringskultur. Fokus vart retta mot både skule- og kommunenivå. Skuleleiarar frå dei fleste skulane i både grunnskule- og vidaregåande opplæring deltok i tillegg til skulefagleg ansvarlege.

Lærarstemne

Vi arrangerte i samarbeid med høgskulen, KS og Utdanningsforbundet det årlege lærarstemnet i april. Hovudtema var bedre læringsmiljø og klasseleiing. Svært stor deltaking av lærarar.

Nettportal - www.kunnskapsdeling.no

Fylkesmannen har i samarbeid med KS og Høgskulen i Sogn og Fjordane utvikla ein nettportal der kommunane, fylkeskommunen, høgskulen, Fylkesmannen og arbeidstakarorganisasjonane i Sogn og Fjordane samarbeider om kvalitetsutvikling i skule- og barnehagesektoren.

På nettstaden legg vi ut kommunane sine kvalitetssystem og årlege tilstandsrapportar for skule og barnehage. Vidare formidlar vi informasjon om større FoU-prosjekt, og kurs, møte og konferansar for utdanningssektoren i fylket. Nettsida vert oppdatert jamleg av Fylkesmannen.

Regelverksamling

Fylkesmannen arrangerte 20. oktober ein konferanse om bruk av forvaltningslova og enkeltvedtak på opplæringsområdet. Målgruppa for konferansen var skuleeigarar og skuleleiarar i grunnopplæringa, PPT og lærarar.

Kommunekonferansar og kommunebesøk

Fylkesmannen har eit samarbeid med KS om tre samlingar i året der to er for rådmenn og ordførarar og ei er for rådmenn. Vi har nytta desse samlingane til å tematisere krav til skuleeigarrolla og gitt ein tilstandsanalyse av sektoren i tråd med sentrale mål i statsbudsjettet. Vi deltek elles på Fylkesmannen sine felles kommunebesøk og tar opp aktuelle tema innanfor utdanningsområdet.

31.5 Eksamens, nasjonale prøver og kartleggingsprøver

Vi har tidlegare nytta tre sakshandsamarar på området. Våren 2011 vart dette auka til fire. I tillegg nytta vi også litt leigd hjelp. Sakshandsamaren som hadde hovudansvar for grunnskuleområdet slutta hausten 2011. I haust løyste vi denne situasjonen ved å fordele desse oppgåvene på tre personar. Samla sett vurderer vi kompetansen som god i forhold til dei oppgåvene vi skal løyse, og gjennomføringa har gått etter planen.

PAS og PGS

Vi legg vekt på å følgje opp skuleeigarane. Vi har også ein god del direkte kontakt med skulane. Dette gjeld spesielt rettleiing, brukarstøtte og feilmeldingar. I periodar bruker vi mykje tid på dette - gjerne ved tilsetjingar i skuleleiinga. Då vi opplever at kompetansen på området som god, har vi i 2011 ikkje hatt møte med skuleeigarane. Kompetansen hjå sensorane er varierande, men viser ei positiv utvikling.

Når vi har meldt feil eller stilt spørsmål til PAS-hjelpen, har vi fått rask tilbakemelding.

Nasjonale prøver

Vi opplever at nasjonale prøver er godt mottekne. Resultata frå Sogn og Fjordane er gode, og elevane i fylket ligg i 2011 heilt i landstoppen på dei fleste prøvene.

På nasjonale prøver er det i lesing flest kommunar melder om fritak eller ikkje delteke. Bortsett frå lesing i 8. klasse plasserer Sogn og Fjordane seg godt under landsnittet når det gjeld fritak eller ikkje delteke. For heile landet har fritaksprosenten i lesing på 5. og 8. klasseseleget auka dei siste åra. Denne tendensen gjeld også for Sogn og Fjordane. Men vårt fylke plasserer seg likevel som eitt av fylka med lågast fritak frå nasjonale prøver.

Sentral gitt eksamen i grunnskulen

Eksamens vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. 1539 elevar gjennomførte sentralt gitt eksamen her i fylket. Sogn og Fjordane gjennomførte fellessensur i norsk hovudmål og sidemål for fylka Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det gjekk greitt å skaffe sensorar. Saman med Møre og Romsdal arrangererte vi felles sensorskulering i alle tre eksamensfaga 3. og 4. mai i Loen. Sensorskuleringa er omfattande.

Sogn og Fjordane hadde nasjonalt ansvar for klagesensuren i sidemål. Sensorane var samla til klagesensur i Sogndal den 5. og 6. juli. Dette arbeidet er interessant og positivt, men det er arbeidskrevjande. Vi meiner at sensorskulering burde vore obligatorisk.

Lokalt gitt eksamen i grunnskulen

Fylkesmannen har ikkje registrert avvik frå forskrift til opplæringslova når det gjeld gjennomføring av lokalt gitt eksamen i fylket. Lokalt gitt eksamen vert organisert i eit samarbeid i dei ulike regionane.

Sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring

Eksamens vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. Fylkesmannen deltok på møte med dei eksamensansvarlege på alle dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane.

Lokalt gitt eksamen i vidaregående opplæring

Dette vart gjennomført i fylket på forsvarleg måte. Det er ein svært god og tett dialog mellom Fylkesmannen og dei eksamensansvarlege på dei vidaregåande skulane.

Gjennomføring av kartleggingsprøvar i vidaregående opplæring

Dette har vore tema på eksamensmøte som vart arrangert saman med fylkeskommunen.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

| Særskild Rapportering | JA | NEI | Øvrige kommentarer |
|--|----|-----|--|
| 1. Benytter embetet informasjonen som fremkommer ved avvikling av prøver og eksamener i tilsynsarbeidet? | | X | Gjennom avdelingsprosjektet "Områdeovervaking" er det valt følgjande indikatorar innanfor læring: grunnskulepoeng, resultat nasjonale prøver 5., 8. og 9 trinn. I tillegg også statistikk for resultat av nasjonale prøver i rekning og engelsk. |

| | Spesifiser dersom avvik fra lands-gjennomsnittet totalt eller på enkelprøver) | Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleiere innad i fylket | Vurdering av årsak til avvik | Beskrivelse av tiltak over skoleiere med høy andel elever med fritak |
|--|---|--|--|--|
| 2. Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltagelse på nasjonale prøver | Når det gjeld fritak fra nasjonale prøver i lesing for 8. klasse, har 2,8 % av elevane i Sogn og Fjordane fritak. Vårt fylke plasserer seg såleis over landssnittet (2,7 %). Elles plasserer Sogn og Fjordane seg under landssnittet for fritak fra nasjonale prøver. | Nasjonale prøver: Lesing 5.kl.: Leikanger kommune 18 % fritak. Lesing 8.kl.: Naustdal kommune 10,5 % fritak. Lesing 9. kl.: Balestrand og Naustdal - fritak høvesvis 25 % og 11,6 %. | Balestrand: 2010/2011-ikkje rapportert om fritak lesing i 8. klasse. Mange elevar med vedtak etter § 5-1 på 9. klassetinnet. Også etter § 2-8. Leikanger: Mange elevar har enkeltvedtak etter § 5-1 på 5. klasse (omfattande). Fleire elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn - nye. Naustdal: Fleire enkeltvedtak etter § 5-1 både på 8. og 9. klassetrinn. Skuleåret 2010/2011 20,9 % fritak i 8.klasse. Skuleåret 2011/2012 er prosenten redusert 11,6 % for 9.kl. | Fylkesmannen har hatt kontakt med Balestrand, Leikanger og Naustdal kommune. Balestrand: Fleire av elevane skulle vore fritekne i 8.kl. Leikanger: Kommunen vil følgje utviklinga framover. Naustdal: Vi har motteke tilbakemelding om korleis kommunen vil rette opp pålegg etter tilsyn. Kommunen meiner at andel fritak fra nasjonale prøver generelt er for høg. |

31.7 Tilskuddsforvaltning

Kap 225 post 64 Tilskot til grunnskuleopplæring for born og unge asylsøkjarar i mottak.

Det er kontrollert at elevar og tal månader stemmer med lister tilsendt frå UDI. Eventuelle manglar og avvik er oppretta før utbetaling av tilskotet etter samtalar med kommunane. Fylket har fem kommunar som har mottak og dermed kan søkje om tilskot.

Leirskuletilstkotet vert forvalta etter gjeldande forskrift

Fylkesmannen vurderer måloppnåinga på tilskotsområdet som god. Vi har handsama dette tilskotet etter gitte retningslinjer og fristar. Før utbetaling av tilskotet, har kravet vore at alle søknader må innehalde kvittering for opphold på leirskule og elevlister. I tillegg har vi vurdert tal på grupper opp mot GSI-tal frå kommunen.

Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen

32.2 Kompetanseutvikling

I 2011 har tre personar hatt ansvaret for kompetanseutvikling. Avdelinga vurderer å ha god kompetanse.

Fylkesmannen har informert skuleeigarane om strategien "Kompetanse for kvalitet" ved diverse samlingar, gjennom brev og ved å leggje ut informasjon på heimesida vår. Eit viktig forum for drøfting av strategien er "Forum for skule- og barnehageutvikling", der medlemmar frå skuleregionane, KS, Utdanningsforbundet, Høgskulen i Sogn og Fjordane deltek saman med Fylkesmannen.

Vi har gjennom bruk av ulike fora som møte med skuleeigar og konferansar for skuleleiarar mobilisert sterkt for deltaking i rektorskulen. Dette resulterte i ca 80 søknader i 2011, og vi fekk lagt tilbodet til fylket. Fleire av dei som ikkje fekk plass deltek på høgskulen sitt masterstudium der dei kan ta ulike modular.

Vidareutdanning

Totalt i fylket deltek 55 lærarar på vidareutdanning skuleåret 2011-2012. Dette er ei markert endring frå året før då berre ein lærar tok vidareutdanning i den statlege ordninga. Dette kan mellom anna forklarast ved ei sterkare mobilisering frå alle partane i strategien, og eit grundig informasjonsarbeid om fleksibiliteten i ordninga.

På bakgrunn av felles mobiliseringsstrategi, vart det semje om å kontrollere at dei ulike partane oppfylte vilkåra i avtalen. Utdanningsforbundet fekk difor oversikt over deltakarar og kontrollerte at vilkåra for frikjøp vart oppfylte. Kommunane vart orienterte om at dette vart gjort. Fylkesmannen fekk tilbakemelding om kva kommunar som ikkje oppfylte vilkåra. Gjennom dialog med desse kom ordningar stort sett på plass. Ein kommune fekk ikkje utbetalt midlar då dei ikkje oppfylte krava til eigendel i avtalen.

Etterutdanning

I Sogn og Fjordane vart alle midlane til etterutdanning tildelt skuleeigarane etter dei retningslinjene som vart gitt av direktoratet. Inkludert tilleggsloyvingane vart det etter søknad fordelt kr 2 771 000 til skuleeigarane retta mot dei prioriterte områda vurdering, leseopplæring, rekneopplæring, rådgjeving og fag og yrkesopplæring. Hovudtyngda av midlane gjekk til tiltak innan vurdering og leseopplæring.

Vurdering for læring

Fylkesmannen assisterer direktoratet i gjennomføringa av prosjektet "Vurdering for læring". Åtte skuleeigarar i fylket vart etter søknad plukka ut til å vere med i første pulje i den statlege satsinga, det er Selje, Floppen, Førde, Flora, Fjaler, Askvoll, Luster og Årdal. Alle kommunane skal levere sluttrapport 31.01.2012. Pulje to starta opp i 2011 og fylkeskommunen og Sygna vidaregåande skule er deltakarar i satsinga. Dei har levert undervegsrapport ved årslutt.

GNIST

Fylkesmannen deltek i den lokale GNIST-partnarskapen der Forum for skule- og barnehageutvikling er arbeidsutval, og der KS, Fylkesmannen, høgskulen og Utdanningsforbundet deltek. Utdanningsdirektøren er koordinator for regional GNIST. Informasjon om både nasjonalt og regionalt GNIST-arbeid er lagt ut på portalen www.kunnskapsdeling.no. Gjennom dette arbeidsutvalet har vi arbeidd målrettet med alle elementa i strategien. Vi har spesielt hatt fokus på rekruttering og omdømmebygging. Vi har hatt problem med å involvere og mobilisere dei andre partane i strategien, og vi tenkjer då spesielt på LO og NHO.

32.3 Skoleporten

Kommunane innarbeider i aukande grad Skoleporten sine verktøy som ledd i lokal kvalitetsvurdering og rapportering i grunnopplæringa. Det har gjennom året vore enkelte spørsmål om teknisk brukarstøtte frå kommunane.

Fylkesmannen brukar Skoleporten som grunnlag for embetet sitt tilsynsarbeid og som støtte for risiko- og

sårbarheitsvurdering av kommunane. Kommunane sine årlege tilstandsrapportar publiserar embetet på nettportalen www.kunnskapsdeling.no. Gjennom utviklingsprosjektet "Områdeovervaking" (jf. 31.1 punkt c) gjer embetet bruk av utvalde indikatorar m.a. henta frå Skoleporten.

Fylkesmannen har i samarbeid med KS og Høgskulen i Sogn og Fjordane initiert eit skuleeigarprogram som startar februar 2012 og blir avslutta januar 2013. Dette består av 4 samlingar med mellomliggjande arbeid. Målsetjinga er ei styrka involvering frå både politisk og administrativ leiing i kommunane og fylkeskommunen. 20 av 26 kommunar og fylkeskommunen deltek. I dette programmet blir dei utfordra på å nytte dei ulike verktya dei finn i Skoleporten.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

1. Har embetet oppdatert brukerstøtte- og veiledningsfunksjon?

Ja

Øvrige kommentarer

Embetet deltok med to rådgjevarar på Utdanningsdirektoratet si samling for superbrukarar av Skoleporten 21. september.

2. Hvordan har embetet lagt til rette for at Skoleporten brukes i lokal kvalitetsvurdering?

Embetet aktualiserer Skoleporten sine verktøy for heilskepleg skuleutvikling på planlagde møte med kommunar og skuleleiarar. Når resultat frå nasjonale prøver og eksamen blir publisert, blir dette omtala på Fylkesmannen si heimeside med aktiv lenkje til Skoleporten for utfyllande informasjon. For å legge til rette for erfarsingsutveksling mellom kommunane i fylket, har embetet frå 2010 etablert og drifta ein eigen nettportal med adressa www.kunnskapsdeling.no. Her legg embetet ut alle kommunane sine tilstandsrapportar og kvalitetssystem.

3. I hvilken grad brukes Skoleportens elementer i lokal kvalitetsvurdering?

Kommunane nyttar tilstandsrapporten, ståstadanalysen og resultatanalysar frå nasjonale prøvar i sitt eige kvalitetsarbeid. Det er berre ein av 26 kommunar som ikkje gjer bruk av tilstandsrapporten i Skoleporten som rapporteringsmal.

4. Benytter embetet Skoleporten i tilsynsarbeidet?

Ja

5. Innspill fra embetet til forbedringer av Skoleporten:

Embetet har ikkje innspel til forbetingar av Skoleporten.

32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting

Det er seks medarbeidarar ved avdelinga som har arbeidd med dette resultatområdet i 2011. Vi vurderer kompetansen på området som god og måloppnåinga som tilfredsstillande.

Meir om dei einskilde oppdragene:

Hente inn erfaring og kunnskap frå sektoren etter konkrete oppdrag frå Utdanningsdirektoratet

I brev datert 03.06.2011 fekk Fylkesmannen i oppdrag å kartleggje rutinane i samband med trekk til eksamen ved to grunnskular og to vidaregåande skular i fylket. Svara frå skuleeigar eller skulen skulle samanfattast i ein kort rapport til Utdanningsdirektoratet innan 1. oktober.

Fylkesmannen kartla rutinane ved desse skulane:

Selje skule (204 elevar), Selje kommune

Vågsøy ungdomsskule (253 elevar), Vågsøy kommune

Luster vidaregåande skule (120 elevar)

Firda vidaregåande skule (370 elevar)

Spørjeskjema frå Utdanningsdirektoratet vart nytta og rapport om trekkordninga vart sendt Utdanningsdirektoratet 21.09.2011.

Formidle informasjon og kunnskap om sektoren sine erfaringar med læreplanane i Kunnskapsløftet til Utdanningsdirektoratet.

Fylkesmannen har ikkje registrert oppdrag på området i 2011.

Prosjekt vurdering for læring

Fylkesmannen assisterer direktoratet i gjennomføringa av Vurdering for læring. Åtte skuleeigarar i fylket vart etter søknad plukka ut til å vere med i første pulje i den statlege satsinga, det er Selje, Gloppen, Førde, Flora, Fjaler, Askvoll, Luster og Årdal. Alle kommunane skal levere sluttrapport 31.01.2012. Pulje to starta opp i 2011 og fylkeskommunen og Sygna vidaregåande skule er deltakarar i satsinga. Dei har levert undervegsrapport ved årslutt.

Forsøk med framandspråk på 6. og 7. årstintnet 2010 -2012

Frå Balestrand kommune deltek Sagatun skule (spansk) og frå Gloppen kommune deltek Breim skule (tysk). Vi viser elles til Fylkesmannen sin rapport til Utdanningsdirektoratet datert 17.06.2011. Det er seinare ikkje rapportert om endringar. Forsøket er også presentert på våre heimesider og i media. Begge kommunane og Fylkesmannen var representerte på ei nasjonal konferanse for alle forsøksskulane (74) i Oslo våren 2011. Gloppen kommune hadde innlegg på konferansen. Forsøket vert avslutta i 2012.

Forsøk med arbeidslivsfag

Arbeidslivsfaget skal vere eit alternativ til 2. framandspråk og engelsk eller norsk til fordjuping. Faget skal ta utgangspunkt i utdanningsprogramma frå vidaregåande opplæring, og skal tilpassast ungdomstrinnet.

Fire kommunar og seks skular deltek i forsøket i Sogn og Fjordane.

Stryn kommune

Modellen for gjennomføring av faget er felles for skulane Olden skule og Stryn ungdomsskule. 8. årstrinn har to timer i veka med innføring og smakebitar. Føremålet er her å skape oversikt. På 9. årstrinn har elevane tre timer i veka, der dei vel to programområde som dei jobbar grundigare med. På 10. årstrinn skal elevane ha tre timer i veka der dei får velje eit område for spesialisering og fordjuping. Dei skal og få vere på ein arbeidsplass dette året.

Kommunen rapporterer at elevane gjev svært gode tilbakemeldingar på faget og at faget har utvikla seg til å bli enda meir praktisk retta frå 2010 til 2011.

Førde kommune

Ved Førde ungdomsskule tilbyr dei opplæring i Restaurant- og matfag og Teknikk og industriell produksjon (TIP) til 8. årssteg. 9. årssteg får tilbod innan faga Bygg og anlegg og Design og handverk. 10. årssteg skal få tilbod om eit valfritt program. Mellom 15 % til 20 % av elevane ved skulen vel arbeidslivsfaget.

Halbrend skule tilbyr Restaurant- og matfag samt Bygg- og anleggsteknikk til sine elevar på 8. årstrinn. På 9. trinn kan elevane velje mellom Helse- og sosialfag og Elektrofag/TIP. Det er inngått samarbeidsavtale med Øyrane vidaregåande skule i høve opplæring i TIP og ein barnehage i høve Helse- og sosialfaget.

Gulen kommune

Ved Dalsøyra skule får elevane velje mellom Byggfag og Restaurant- og matfaga. Faget er organisert slik at elevane i 8. og 9. klasse går i lag to timer på måndagane. Då er det i stor grad lagt opp til praktisk arbeid for elevane. Sidan 8.klasse har tre timer i veka, har dei ein time åleine i veka. Då kan dei skrive rapport etter måndagens arbeid, noko som har vore ei god løysing. For elevane i 9. klasse, som berre har to timer i veka, må dei skrive i enkelte dobbeltimer, eventuelt heime.

Skulen rapporterer at elevane er positive og viser både glede og interesse for faget.

Eid kommune

Eid ungdomsskule har lagt opp til eit treårig løp for elevane, der dei får prøve ulike fagretningar dei to første åra og ei spissing mot ei eiga oppgåve med praktisk/munnleg eksamen om våren i 10. klasse.

For elevane på 8. trinn har tema i faget vore m.a. tryggleik i arbeidslivet, førstehjelp, HMS og design og produksjon av blomsterkasser til skulen sitt uteområde.

For 9. trinn har skulen lagt opp til arbeid med Naturbruk, Mat- og restaurantfag, samt Helse- og miljøfag.

Skulen rapporterer at dei har eit godt forhold til næringslivet og ressursar i lokalsamfunnet. Det er utvikla eit godt samarbeid med Eid bondelag. Vidare er det lagt opp til samarbeid med Eid vidaregåande skule i høve elektrofaget. Ideen er m.a. at elevar i vidaregåande opplæring skal fungere som mentorar og hjelparar og lage enkle opplegg for elevane frå ungdomsskulen.

Informasjon og forankring av faget

Fylkesmannen deltok på Utdanningsdirektoratet sine informasjonssamlingar i mars og april. Vidare arrangerte Fylkesmannen nettverkssamling for forsøksskulane i juni. Eit hovudtema på denne samlinga var vurdering. Vi har teke initiativ i lag med Fylkesmannen i Hordaland med tanke på ei større felles fagsamling i 2012. Vi har oppfatta at det er eit ønskje frå forsøksskulane at eksamensformer då vert eit tema.

Erfaringar med arbeidslivsfag har og vore tema på sektormøte med kommunane under paraplyen "Satsing på ungdomstrinnet". Førde kommune presenterte aktiviteten ved Førde ungdomsskule per 2. november 2011. [Presentasjonen finn du her.](#)

Fylkesmannen har i samråd med forsøksskulane laga [ei informasjonsside](#) for aktiviteten med arbeidslivsfag i fylket. Forsøksskulane har her høve til å dele informasjon om praksisen med arbeidslivsfaget.

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og har vore dialogpartner i samband med utviklinga av eit utvida forsøk med arbeidslivsfaget i Nordfjordregionen. Arbeidslivsfaget og kompetanseutvikling for lærarar har vidare vore tema på samrådsmøte mellom Fylkesmannen og høgskulen hausten 2011.

Bistå Utdanningsdirektoratet i arbeidet med nasjonalt rettleiarkorps

Primo juni laga Fylkesmannen ein artikkel for heimesida kalla "Vil du bli rettleiar?". Her vart det gjort greie for direktoratet sitt rekrutteringsbehov for 2011-2013, bakgrunnen for eit nasjonalt rettleiarkorps, om frikjøp og honorar og dei kommande informasjonsmøta i fem av dei store byane. På same tid vart informasjonen og formidla av embetet sin kontaktperson som innlegg på Utdannings- og oppvekstmøte for heile fylket. Den nye brosjyren frå direktoratet vart utdelt.

Medio august publiserte Fylkesmannen eigen promotering av informasjonsmøta på heimesida, inkludert aktive lenker til påmelding for potensielle rettleiarar og nærmere informasjon frå direktoratet.

Dronning Sonjas skolepris for inkludering og likeverd

Utdanningsdirektoratet bad fylkesmannen nominere inntil to kandidatar til Dronning Sonjas skolepris for likeverd og inkludering 2011. Det var opp til embetet å finne ein høveleg nominasjonsprosess.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjorde følgjande for å få fram dei gode kandidatane:

- Informasjonssak om Dronning Sonjas skolepris 2011 på internett
- Skriftleg informasjon til alle kommunar
- Informasjon på kommunalt sektormøte
 - oppfordring frå Fylkesmannen om å fremje gode kandidatar
 - innlegg frå Kaupanger skule, prisvinnaren i 2010
- Kontakt med skuleeigar for vidaregåande skule
 - førespurnad om gode kandidatar
- Kontakt med grunnskule i fylket
 - førespurnad om skulen ønskjer å delta i nominasjonsprosessen
- Ny informasjon og frist til kommunane, grunnskulane og dei

Det kom ikkje inn framlegg til aktuelle skular frå skuleeigane si side innan fristen. Det var heller ikkje mogleg for fylkesmannen å finne fram til dei kandidatane som vi meinte fylte kriteria for prisen i 2011. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fann difor ikkje grunnlag for å nominere kandidat til Dronning Sonjas skolepris 2011.

Forprosjekt - om forskjellar i resultat på nasjonale prøver

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag fekk midlar til eit samarbeidsprosjekt for å finne ut kva faktorar som kan forklare forskjellen i elevresultat på blant anna nasjonale prøver i dei to fylka. Midlane har vorte nytta til eit forprosjekt som har involvert også Oppland og Aust-Agder. Det er i samarbeid mellom Fylkesmennene, KS, Utdanningsforbundet og høgskular/universitet i fylka utarbeidd ein søknad om midlar til eit forskingsprosjekt som er sendt Forskningsrådet og programmet PRAKUT. Det er rapportert på bruken av desse midlane i tråd med kravet.

32.5 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

Vi har hatt som hovudmål dette året å vidareutvikle eit tettare samarbeid mellom skuleigarane, PPT, Statped vest og Fylkesmannen. Gjennom ulike tiltak har vi styrka samhandlinga og opplever at dette blir godt mottatt av alle partar.

Statped Vest deltek fast på møta Fylkesmannen har med kommunane, og vi har delteke i regionsamarbeid som Statped vest har initiert med to av regionane våre. Særleg i Sogn har Fylkesmannen vore aktiv med å utvikle regionsamarbeid i lag med Statped.

Vi har i samling med dei skulefagleg ansvarlege i kommunane presentert og problematisert dei store skilnadane mellom kommunane i bruk av spesialundervisning.

20. oktober vart det arrangert fagdag for skuleigarar, skuleleiarar, PPT og lærarar. Tema for samlinga var enkeltvedtak knytt til spesialundervisning. Det var 75 deltakarar på samlinga.

Fylkesmannen har delteke på møte med kommunane etter førespurnad. Temaet har også vorte tatt opp i nokre konferansar i fylket der Fylkesmannen har delteke med innlegg.

Det er etablert nettverk for kommunar med asylmottak i fylket. Spesialundervisning har vore tema på den første samlinga i nettverket.

I lag med Kriminalomsorgen har ein på Vestlandet etablert nettverk knytt til fengselsundervisning. Spesialundervisning har vore tema på samlingar ein har hatt i nettverket.

Det har vore gjennomført kartlegging og tilsyn på alternative opplæringsarenaer i 2011.

Dei nemnde tiltaka her må sjåast som tiltak knytt til elevane sine rettar etter kap. 13. I tillegg har vi for 2011 hatt eit særleg fokus på vaksne sin rett til grunnskuleopplæring og spesialpedagogisk hjelp.

Resultatområde 33 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på barnehageområdet

33.1 Tilskuddsforvaltning

Fylkesmannen har nådd måla på tilskotsområdet. Vi har handsama dei statlege tilskota etter gitte resultatkrev og fristar frå KD. Alle søknader er kontrollerte med omsyn til formelle og skjønsmessige krav. Fylkesmannen har gjennomført kontroll med kommunane på statstilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i forskulealder. Fylkesmannen har rapportert til KD på datoar i tråd med embetsoppdraget for 2011 på KD sine skjema for tilskotskontroll. Fylkesmannen har handsama tre klagesaker om likeverdig behandling ved tildeling av offentleg tilskot.

33.2 Klagesaksbehandling

Fylkesmannen har hatt tre klagesaker på likeverdig behandling av private barnehagar.

Klagelag, barnehagelag og samarbeid kring enkeltsaker sikrar felles lovforståing, god samordning og gjennomføring av klagebehandlinga.

| Type Klage | Klager gis medhold/delvis medhold | Klager gis ikke medhold | Opphevet/returnert | Sum | innkommet 2010 |
|--|---|-------------------------------|--------------------|-----|-------------------|
| | | | | Sum | |
| Barnehageloven § 10 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskrift om familiebarnehager § 7 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd § 6 | 0 | 1 | 2 | 3 | 3 |
| Forskrift om foreldrebetaling § 5 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Barnehageloven § 16 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Forskrift om pedagogisk bemanning § 3 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Merknad

33.3 Informasjon og veiledning

Fylkesmannen nyttar dei faste nettverka og kommunenesamlingane for å informere om statlege satsingar og prioriteringar. I tillegg nyttar vi Fylkesmannen si nettside og den nye nettportalen vår www.kunnskapsdeling.no. Denne nettportalen er utvikla i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, KS, kommunane, fylkeskommunen og arbeidstakarorganisasjonane i fylket med tanke på samarbeid om kvalitetsutvikling i skule- og barnehagesektoren. På nettstaden blir kommunane sine kvalitetssystem og tilstandsrapportar for skule og eventuelt barnehage, lagt ut. Prosjekt, FoU-arbeid, kurs, konferansar og møte blir òg lagt ut her.

Fylkesmannen har arrangert barnehagekonferanse for alle tilsette i kommunale og private barnehagar og administrativt tilsette, og leiarkonferanse for styrarar og pedagogiske leiarar (sjå 34.2).

I kommunenesamlingar med skule- og barnehagefagleg ansvarlege har vi særleg fokusert på informasjon om forskrift om likeverdig behandling og kommunane si endra rolle ved overgang til rammefinansiert barnehagesektor. Vi har rettleia kommunane på prosedyrar knytt til godkjenning og tilsyn og på deira rolle som barnehagemyndigkeit etter barnehagelova med forskrifter.

Spørsmål rundt overgang til rammefinansiert sektor og "rett til barnehageplass" har vore aukande både frå kommunale og ikkje-kommunale barnehageeigarar.

Frå 01.08.11 har fylkesmannen styrka den barnehagefaglege kompetansen med ein nyttilsett i 100 % stilling. Stillinga er finansiert av ekstra tildeling frå departementet og midlar frå embetet. Barnehageområdet har no 2 årsverk. Fylkesmannen vil for 2012 drive meir utoverretta verksemd som prosjektarbeid og ha ein tettare dialog med kommunane og regionane. Fylkesmannen vil i 2012 gjennomføre regelsamling for kommunale- og ikkje-kommunale barnehageeigarar.

Fylkesmannen har ut frå oppdraget nådd måla på tilfredsstillande vis.

33.4 Tilsyn

Fylkesmannen har i 2011 ført tilsyn med 5 kommunar. Vi har ikkje vurdert at der er kommunar som ut frå spesielle grunnar bør prioriterast for tilsyn, og har såleis valt ut kommunar både i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

Tema for tilsynet har vore kommunen som barnehagemynde: kommunen som godkjenningsmynde (§§ 10 og 11), kommunen sitt tilsyn med barnehagane (§ 16), kommunen si handtering av regelverket om styrar og pedagogisk bemanning, pedagognorm, dispensasjonar og organisering av styrarressursen (§§ 17 og 18) og politiattest (§19).

Alle tilsyna er utført etter systemrevisjonsmetoden.

I dei fem kommunane vart det avdekka i alt fem avvik. Ein kommune fekk to avvik og tre kommunar fekk eit avvik kvar. I ein kommune vart det ikkje avdekka noko. Tilsynsrapportane for fire kommunar er sende KD og lagt ut på Fylkesmannen si heimeside. Kommunane har mangelfulle rutinar for å sikre at barnehagane har godkjenning etter barnehagelova. Fire av dei fem kommunane Fylkesmannen førte tilsyn med i 2011, oppfylte lovkrava gitt i barnehagelova når det gjeld godkjenning for alle barnehagane i kommunen. Ein kommune hadde i tillegg ikkje utarbeidd rutine for tilsyn med ein ikkje-kommunal barnehage. Ein av kommunane har etter retting av avvik oppgitt at rutinar ved godkjenning av barnehagar vil bli endra for å sikre at sakshandsaminga blir i tråd med regelverket. Nye godkjenningsvedtak er sendt Fylkesmannen i samband med lukking av avvik. Tre kommunar har fått frist om lukking av avvik innan første kvartal av 2012.

Fylkesmannen ønskjer å oppnå god dialog og læring gjennom tilsynet med kommunane.

Frå hausten 2011 vart avdelinga styrka med eit årsverk på barnehageområdet. Det er to rådgjevarar på barnehageområdet og ein jurist som har gjennomført tilsyna. Dei to rådgjevarane er nye frå i haust av.

Fylkesmannen har nådd måla innanfor resultatområdet.

FMSF

| | |
|-----------------------------|--|
| Tilsynsobjekt: | Leikanger kommune |
| Tema/myndighetskrav: | Kommunen som barnehagemynde §§ 10 og 11, § 16, §§ 17 og 18 og § 19 |
| Avvik/funn: | Ingen avvik |
| Frist for lukking av avvik: | |
| Pålegg: | Nei |
| Merknad: | Ingen merknad |
| Ressursbruk: | 6 dv |
| Kommentar: | |

FMSF

| | |
|-----------------------------|---|
| Tilsynsobjekt: | Gloppen kommune |
| Tema/myndighetskrav: | Kommunene som barnehagemynde §§ 10 og 11, § 16, §§ 17 og 18 og § 19 |
| Avvik/funn: | Gloppen kommune sine rutinar for tilsyn sikrar ikkje fullt ut at barnehagane dreiv i samsvar med krav stilt i lov om barnehagar. |
| Frist for lukking av avvik: | 15.10.2011 |
| Pålegg: | Ja |
| Merknad: | |
| Ressursbruk: | 8 dv |
| Kommentar: | Fylkesmannen har motteke melding frå kommunen om at avviket er retta. Fylkesmannen lukka avviket 12.10.2011 i brev til kommunen. |

FMSF

| | |
|----------------------|---|
| Tilsynsobjekt: | Stryn kommune |
| Tema/myndighetskrav: | Kommunen som barnehagemynde §§ 10 og 11, § 16, §§ 17 og 18 og § 19. |
| | Stryn kommune har ikkje teke i bruk |

| | |
|-----------------------------|---|
| Avvik/funn: | eigne utarbeida kvalitetssikringssystem som sikrar at kommunen godkjenner barnehagar i tråd med krava i barnehagelova. Stryn kommune manglar rutine for tilsyn med at Stryn bedriftsbarnehage driv i samsvar med barnehagelova. |
| Frist for lukking av avvik: | 08.02.2012 |
| Pålegg: | Ja |
| Merknad: | |
| Ressursbruk: | 6 dv |
| Kommentar: | |

FMSF

| | |
|-----------------------------|---|
| Tilsynsobjekt: | Naustdal kommune |
| Tema/myndighetskrav: | Kommunen som barnehagemynde §§ 10 og 11, § 16, §§ 17 og 18 og § 19 |
| Avvik/funn: | Naustdal kommune har ikkje system som sikrar at kommunen godkjenner barnehagar i tråd med krav i barnehagelova. |
| Frist for lukking av avvik: | 01.04.2012 |
| Pålegg: | Ja |
| Merknad: | |
| Ressursbruk: | 6 dv |
| Kommentar: | |

FMSF

| | |
|-----------------------------|--|
| Tilsynsobjekt: | Årdal kommune |
| Tema/myndighetskrav: | Kommunen som barnehagemynde §§ 10 og 11, § 16, §§ 17 og 18 og § 19 |
| Avvik/funn: | Årdal kommune har ikkje godkjent Ve barnehage og Årdalstangen barnehage i tråd med krav i barnehagelova. |
| Frist for lukking av avvik: | 01.05.2012 |
| Pålegg: | Ja |
| Merknad: | |
| Ressursbruk: | 6 dv |
| Kommentar: | |

33.5 Kontroll av årsmeldinger og årsregnskap

Fylkesmannen har gjennomført kvalitetskontroll av årsmelding og årsrekneskap innrapportert i Basil. Der Fylkesmannen har vore usikker på tal som er innrapportert har det vore teke kontakt med kommunane for avklaring.

Fylkesmannen vil i 2012 auke eigen kompetanse på kvalitetskontroll av årsrekneskap for ikkje-kommunale barnehageeigarar.

Fylkesmannen vurderer det slik at årsmelding og årsrekneskap er i tråd med føringane i Embetsoppdraget.

Resultatområde 34 Opgaver for økt kvalitet i barnehagen

34.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

Fylkesmannen følgjer opp kompetanseutvikling og rekruttering i barnehagesektoren gjennom tiltak knytt til kompetansemidlar, språkstimulering, utviklingsmidlar, likestillingsmidlar, rekrutteringsmidlar og tiltak i kompetansestrategien. Fylkesmannen er i tett dialog med kommunane regionvis og enkeltvis om opplegg for kompetanseutvikling og prioriteringar. Tiltak som vert sette i verk gjeld for både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i fylket.

Fylkesmannen fekk i 2011 kr 1 096 000 i utviklingsmidlar, kr 1 096 000 i kompetansemidlar, kr 170 000 i likestillingsmidlar, kr 257 000 i språkstimeringsmidlar, kr 600 000 til kompetanseheving for assistenter og kr 26 000 til tiltak for rettleiing for nyutdanna førskulelærarar. I Sogn og Fjordane har vi fire kompetanseregionar som etter framlagt kompetanseplan i tråd med nasjonale og eigne satsingar, vart tildelt heile beløpet for utviklingsmidlar. Midlane vart fordelte etter ein fordelingsnøkkel på tal barnehagar og tal barn i barnehagar i regionane. Den einskilde kommune eller barnehage søker ikkje om desse midlane. Kompetanseplanane og rapporteringar viser at nasjonale satsingar blir godt ivaretakne og alle barnehagane og heile personalet deltek.

Rekneskap for bruk av midlane blir rapportert til KD i tråd med gjeldande retningslinjer.

Leiarkonferansen for styrarar i 2011 vart arrangert 13. -14. april. Tema på konferansen var barnehagen sitt samfunnsmandat, barnehagen som ein del av utdanningssystemet og kva rolle den har i barna sitt oppvekstmiljø. Leiarkonferansen er årleg og er eit samarbeid mellom KS, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Utdanningsforbundet og Fylkesmannen.

Barnehagekonferansen 2011 vart arrangert 24.-24. oktober med hovudtema "medverknad og danning". Dette er ein årleg konferanse som vi arrangerer saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane, KS og Utdanningsforbundet. Konferansen hadde omlag 150 deltakarar.

Handlingsplan for likestilling har vore tema på kommunesamling. Fylkesmannen har gjennomført ein kursdag for styrarar og pedagogiske leiarar der Gender Loops som metode var tema. Kurset hadde 30 deltakarar. Fylkesmannen har oppnemnt eit likestillingsteam samansett av ein frå kvar av dei fire regionane og ein frå Høgskulen i Sogn og Fjordane; tre kvinner og to menn. Fylkesmannen har delt ut prosjektmidlar til region Nordfjord og region Sogn. For Sogn er likestilling eit tema i leiaropplæringa "Sats på barnehagen - snu Sogn". I Nordfjord deltek alle kommunane i prosjektet "Likestilling i plan og praksis".

På oppdrag frå Fylkesmannen har Høgskulen i Sogn og Fjordane utarbeidd ein rapport "Rekruttering av menn til førskulelærarutdanninga og arbeid i barnehage". Rapporten baserer seg på intervju av 11 mannlege studentar ved førskulelærarutdanninga.

Studietilbodet "Språkleg og kulturelt mangfold i barnehagen" som var planlagt med oppstart i 2011 vart avlyst grunna få påmelde.

I samband med prosjektet "Fleirkulturell pedagogikk og språkstimulering i barnehagen" har vi delt ut midlar til fem prosjekt. Midlane har gått til einskildbarnehagar, kommunar og regionar.

"*Sats på barnehagen - snu Sogn*" er eit samarbeidsprosjekt som skal utvikle kommunane som barnehageeigar. Målet er å utvikle og etablere fagnettverk for fagområda i rammeplanen og leiarutdanning for styrarar og pedagogiske leiarar. Satsinga er retta mot St.meld 41 Kvalitet i barnehagen. Fylkesmannen er medlem i programstyret og deltek på leiarutdanninga.

Kompetanseheving for assistenter (KOMPASS) er eit kompetansehevingstiltak for assistenter i barnehagen. Fylkesmannen i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane tilbyr deltidsstudiet over fem samlingar à to dagar med oppstart i 2012. Innhold i studiet er lagt ut frå føringar i tildelinga av kompetansemidlane.

Høgskulen i Sogn og Fjordane tilbyr, på oppdrag frå oss, "Rettleiing for nyutdanna førskulelærarar". Tiltaket er eit tilbod til kommunane for å ivareta nyutdanna tilsette.

34.3 Andre satsingsområder

Fylkesmannen informerer om statlege satsingar og strategiar på nettsidene, i telefon, e-post og i kommunesamlingar.

Fylkesmannen og to styrarar eller pedagogiske leiarar frå kvar region deltok på konferanse i Oslo med tema Danning og oppdragelse.

Fylkeskommunen, Fylkesmannen si helseavdeling og utdanningsavdelinga har gjennomført samlingar for tilsette i barnehagar om *kosthold og ernæring i barnehagen*.

Fylkesmannen har ikkje hatt tiltak knytt til manifest mot mobbing på grunn av endring i bemanninga i utdanningsavdelinga. Manifest mot mobbing er sett opp som eit prioritert arbeidsområde i 2012 der det mellom anna skal vere tema på møte der Fylkesmannen møter kommunane.

Fylkesmannen og Høgskulen i Sogn og Fjordane hadde fire samrådingsmøte i 2011. I desse møta drøftar vi felles saker og utfordringar i barnehagesektoren. Gjennom tett kontakt med kommunane legg vi til rette for prioriterte tiltak. Møta er også ein nyttig kanal for utveksling av informasjon.

Måloppnåinga vurderer vi som tilfredsstillande på dei områda det har vore jobba med.

Ressursrapportering

I samband med årsrapporteringa har vi funne feil i resultatrapporteringa vår. Forbruket pr resultatområde er ikkje lasta opp alle månadane. Vi har difor mauelt berekna dei manglande opplastingane. Total ressursbruk er likevel tilnærma rett.

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|--|----------------------|-----------------|
| 31.1 Tilsyn | kr 1 092 118,00 | kr 0,00 |
| 31.4 Informasjon og veiledning | kr 669 998,00 | kr 0,00 |
| 31.5 Eksamens, nasjonale prøver og kartl. prøver | kr 525 690,00 | kr 975 591,52 |
| 31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31) | kr 515 150,00 | kr 0,00 |
| 32.2 Kompetanseutvikling | kr 103 000,00 | kr 10 081,98 |
| 32.3 Skoleporten | kr 144 242,00 | kr 0,00 |
| 32.9 Andre oppg. for økt kval. i gr.oppl.(rest 32) | kr 222 515,00 | kr 0,00 |
| 33.1 Tilskuddsforvaltning | kr 257 575,00 | kr 0,00 |
| 33.2 Klagesaksbehandling | kr 315 550,00 | kr 298 077,26 |
| 33.4 Tilsyn | kr 645 998,00 | kr 0,00 |
| 33.5 Kontroll av årsmelding og årsregnskap | kr 0,00 | kr 0,00 |
| 33.9 Andre tilsyn og forv. på b.hageomr. (rest 33) | kr 247 272,00 | kr 41,45 |
| 34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen | kr 92 727,00 | kr 0,00 |
| 36 Landsdekkende oppgaver KD | kr 0,00 | kr 0,00 |
| Andre oppgaver under KD | kr 3 630,00 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 4 835 465,00 | kr 1 283 792,00 |

Statens Helsetilsyn

Resultatområde 41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven

Sjå under.

41.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi har motteke 12 tilsynsklager mot kommunar i 2011. I tillegg var det fem saker frå 2010 som ikkje var avslutta innan årsskiftet. Ni av desse sakene vart behandla i 2011, og 7 vart ikkje avslutta innan årsskiftet. Ei av sakene vart sendt vidare til setjefylkesmann i Hordaland, og er ikkje handsama hjå oss.

I to av dei ferdigbehandla sakene, har Fylkesmannen konkludert med lovbro.

Tilsynssakene gjeld gjennomføring av undersøkingar, partsstatus, spørsmål om dokumentinnsyn i undersøkinga,

endring i samvær med omsorgsplasserte barn og korleis barneverntenesta medverkar til gjennomføring av samvær etter barnelova. To saker gjeld ungdom som opplevde å ikkje få tak i sakshandsamaren i barneverntenesta.

Fylkesmannen har motteke to tilsynssaker etter forskrift om tilsyn med barnevernsinstitusjonar jf. § 11. I tillegg var det ei sak som ikkje var avslutta frå 2010. I ei av sakene vart det konkludert med lovbro.

41.2 Planlagt tilsyn

Det er i 2011 utført 20 individtilsyn. Det tilsvrar 100% av det som er lovpålagd. Halvparten av tilsyna var umelde.

Det har vore gjennomført tilsyn med 3 kommunale barneverntester i 2011. Det tilsvrar lovkravet for landsomfattande tilsyn med kommunalt barnevern initiert av Statens helsetilsyn. Tema for tilsynet var korleis kommunen arbeider med undersøking og evaluering av hjelpetiltak til heimebuande born.

Det vart funne brot på krav stilte i lov eller forskrift i alle tilsyna som er gjennomførde. Døme på lov- eller forskriftsbrot er:

«Kommunen sikrar ikkje at barneverntenesta gjennomfører undersøking i samsvar med regelverket.»

«Kommunen sikrar ikkje born sin rett til medverknad i undersøkings- og evalueringfasen.»

«Kommunen sikrar ikkje at barneverntenesta evaluerer hjelpetiltak til heimebuande born i samsvar med regelverket.»

Det har ikkje vore gjennomført systemrevisjon av institusjonane i 2011, først og fremst på grunn av stor utskifting i personalgruppa på barnevernområdet.

41.3 Klagesaker

Fylkesmannen har motteke fem klagesaker på communal barnevernteste i 2011. I tillegg var det ei sak som ikkje var avslutta innan 2010. Fire av sakene var ferdigbehandla, og to var ikkje avslutta innan utgangen av året. Alle dei fire ferdigbehandla sakene vart behandla innan tre månader.

Fylkesmannen har motteke ei klage på endring av ettervernstiltak. Ei klage omhandla avslag på søknad om hjelpetiltak i form av støtte til barnehageplass. Ei klage gjaldt friviljug plassering i fosterheim og ei klage gjaldt avslag på søknad om økonomisk stønad. I alle sakene har Fylkesmannen stadfestat vedtaka frå kommunane.

Vi har i 2011 behandla elleve klager frå bebuarar på institusjonane eller frå deira føresette. Alle sakene gjeld klager på bruk av tvang, jf. § 25, og ingen av klagene gjeld andre brot på forskrifter, jf. § 26.

Dette er ein auke på fire saker, samanlikna med 2010.

Fleire av klagarane har teke opp fleire forhold. Klagene gjeld grenser for rørslefridom, ransaking, grenser for bruk av mobiltelefon og pc. I ei av sakene fekk klagaren medhald når det gjeld bruk av piercing, men ikkje når det gjeld grenser for telefonbruk.

I tillegg har Fylkesmannen motteke førespurnader under individtilsyn og på telefon som ikkje er klagar. Desse har vi avklart med institusjonen eller ungdommen direkte.

41.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen har hatt følgt opp fire kommunar. Oppfølginga har samanheng med brot på fristar. Det er ikkje gjeve bot til nokon kommune i 2011.

Vi oppmodar kommunane om å senda inn kontrollskjema innan fristane.

Resultatområde 73.1 Klager på økonomisk stønad og kvalifiseringsprogrammet

etter lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (Nav)

Vi har handsama 32 klagesaker på dette området i 2011. Av desse vart 30 saker handsama innan tre månader og i to saker vart fristen på tre månader overskriden.

Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i NAV

Sjå under

74.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi har ikkje motteke eller oppretta sak om tilsyn ut frå enkelthendingar.

74.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen hadde krav om fire tilsyn i 2011. Det vart gjennomført 3 tilsyn. Siste tilsynet vart avlyst grunna ressurssituasjonen i avdelinga.

Det vart funne avvik i to kommunar. Tilsynsrapportane er sende til Helsetilsynet. Avvika er ikkje lukka, og sluttrapport vert sendt når sakene er ferdige.

74.9 Andre oppdrag

Resultatområde 81 Tilsyn og klagesaksbehandling etter sosialtjenesteloven

Sjå under.

81.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi har ikkje motteke eller oppretta sak om tilsyn ut frå enkelthendingar.

81.2 Planlagt tilsyn

Det er utført sju stadlege tilsyn i 2011.

Rapportane frå tilsyna er sende Helsetilsynet innanfor fristen 20.01.2012.

I tillegg gjennomførte vi to tilsyn på rusfeltet, og rapport er sendt. Det vart funne avvik i ein av kommunane. Avviket er ikkje lukka.

I tilknyting til tilsynet i kommunane hadde vi også tilsyn med tilsvarande område i spesialisthelsetenesta. Dette vil bli rapportert under rapporteringa frå helseseksjonen.

81.3 Klager etter sosialtjenesteloven

Det kom inn 22 klagesaker. Vi har handsama 15 saker. Av desse er 13 handsama innan tre månader, medan to av sakene gjekk utover denne fristen.

81.9 Andre oppdrag

Vi har ikkje motteke klagesaker etter kap. 4A.

Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling etter helsetjenestelovgivningen

82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Vi syner til eiga rapportering til Statens helsetilsyn gjennom Regrot.

Vi har behandla 73 saker i 2011. Av desse blei fire avvist. Seks saker blei avslutta etter lokal avklaring. I 17 av sakene var sakshandsamingsstida meir enn 5-6 månader. Gjennomsnittleg sakshandsamingsstid var 117 dagar.

To legar fekk åtvaring frå Statens Helsetilsyn for medisinsk uforsvarleg legearbeit.

82.2 Planlagt tilsyn

Helsetilsynet i fylket utarbeidde i samarbeid med Fylkesmannen plan for gjennomføring av planlagt tilsyn innan helse-, sosial og barnevernsområdet. Vår felles plan vart så langt det lot seg gjere koordinert og samordna med dei andre avdelingane i embetet og eksterne statlege etatar. Innan helseområdet vart tilsynsplansen gjennomført slik vi hadde planglagt både med omsyn til landsomfattande tilsyn, regionale tilsyn med spesialisthelsetenesta og eigeninitierte tilsyn. Eigeninitiert tilsyn var eit felles helse- og sosialtilsyn innan rusfeltet.

Vi viser elles til rapportering pr 30. juni 2011 og pr 20. januar 2012.

82.3 Klagesaker

Vi fekk inn 56 saker etter lov om pasientrettar. I ni av desse sakene brukte vi meir enn tre månader på sakshandsaminga. Median sakshandsamingstid var 65 dagar. Vi avslutta 49 saker i 2011. Vi viser også til RegRot-rapportering.

Vi har motteke 64 vedtak etter lov om pasientrettar kap 4 A i 2011. I alt varte 53 vedtak meir enn tre månader. Vi tok 13 vedtak til etterretning og det var naudsynt med oppfølging av resterande vedtak. Tre vedtak blei oppheva. Ingen vedtak blei endra, og det har ikkje kome klager på vedtaka.

82.9 Andre oppdrag

§ 3-3 meldingar: Vi har i 2011 motteke omlag 64 meldingar etter lov om pasientrettar § 3-3. Meldingane har vore handterte etter retningslinjene frå Statens Helsetilsyn og er blitt registrerte fortløpende i Meldesentralen. Det har vore jobba aktivt i helseføretaket for å betre meldekulturen. Der det har vore fleire meldingar med tilnærma same feil, har pasienttryggingsutvalet sytt for ei overordna oppfølging. Dette gjeld til dømes i samband med medikamenthandtering. Vi samarbeider med den i helseføretaket som har ansvar for oppfølging av meldingane. Meldingane blir brukt i kvalitetsarbeidet. Etter vurdering har enkeltmeldingar vore følgde opp som tilsynssak.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Resultatområde 41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven

Sjå under.

Resultatområde 42 Familierett

42.1 Ekteskapsloven

I 2011 gav vi separasjonsløyve i 199 saker, noko som er likt med 2010.

Vi gav skilsmisseløyve i 160 saker, noko som er 36 færre enn i 2010.

Vi gav løyve til fritak for å legitimere skifte i 19 saker.

42.2 Anerkjennelsesloven

I 2011 hadde vi 17 saker som gjaldt godkjenning av utanlandske skilsmisser. Dette er sju færre enn i 2010.

42.3 Barneloven

Vi har handsama ei klage på rett til opplysningar etter barnelova § 47. Klagaren fekk ikkje medhald.

Utover dette har Fylkesmannen ikkje hatt saker på området. Vi har hatt noko generell rettleiing om regelverket i barnelova kapittel 5 og 6. Fleire har hatt nytte av at vi viser til informasjonsbrosjyrane som er utarbeidde av BLD.

42.4 Veiledning og informasjon

Fylkesmannen informerer brukarar som tek kontakt om oppgåvane til familievernkontoret, og sender ut informasjonsmateriell ved behov.

Resultatområde 43 Krisetiltak

Fylkesmannen har ikkje gjennomført tilsyn i 2011.

Resultatområde 44 Familievern

Det er ikkje gjennomført tilsyn med familievernkontor i 2011. Tilsyn med familievernkontora skal gjennomførast minimum kvart 3. år, eller etter ei risikovurdering. Fylkesmannen har ikkje vurdert det som naudsynt å gjennomføra tilsyn i 2011.

Resultatområde 45 Barn og unge

Ved utgangen av 2011 var det 19 barneverntenester som utførte oppgåver for dei 26 kommunane i fylket.

Det har vore ein auke i talet på tilsette i barnevernet som følgje av midlane frå departementet, men framleis slit ein del kommunar med å halde fristane på undersøkingar og med å oppfylle kravet om tiltaksplanar i alle saker. Fylkesmannen har teke kontakt med fire kommunar i Sogn og Fjordane for å få nærmare klårgjering av årsakene til fristoverskrivingane. Fleire born i fosterheim manglar tilsynsførar, og krav til tal tilsynsbesøk vert ikkje følgt.

Eit fleirtal av sakene som kjem inn til oss gjeld foreldre og andre pårørande som er misnøgde med måten barnevernet har handsama ei sak på.

Det er få som klagar på manglande hjelpetiltak.

45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

I år har styrkinga av det kommunale barnevernet vore ein sentral del av Fylkesmannen sitt utoverretta arbeid mot kommunane. Embetet har tildelt midlar til 7,6 stillingar for 2011 og over 1 000 000 til kompetansetiltak. I tillegg vart det ei ytterlegare styrking til stillingar før nyttår, med 1,3 stilling, som skal gjelde frå 01.02.2012.

Vi gjennomførte ei dagssamling i juni, der første halvdel av dagen hadde tildeling av kompetansemidlane som hovudtema. Den andre delen av dagen vart brukt til å sjå på samarbeidet mellom politi og barnevern, der også politiet var invitert.

Programmet "Vald i nære relasjonar" vart starta opp med ei samling i 2009, og heldt fram også i 2010. Hausten 2011 vart det gjennomført ei oppfølgjingssamling. Samarbeidet vil halde fram vidare. Ved utgangen av 2011 hadde tre av kommunane utarbeidd handlingsplan mot vald i nære relasjonar, medan fleire kommunar har starta målretta arbeid med fokus på temaet.

Fylkesmannen har i samarbeid med Bufetat årlege fylkessamlingar for kommunalt og statleg tilsette som arbeider med barnevern. Føredragshaldarane i 2011 var Sjumilssteget frå Troms, som snakka om tverretatleg samarbeid på eit tidleg stadium. "Forandringsfabrikken" hadde innlegg om det å vera barn og ungdom i barnevernet. På dag to snakka BUP og Familiekontoret om samvær i eit tilknytingsperspektiv.

Fylkesmannen har saman med Fylkesmennene i Hordaland og Rogaland hatt to møte med Bufetat region vest. I tillegg er det regelmessige samarbeidsmøte med Bufetat fagteam og kommunane i Sogn og Fjordane.

Råd og rettleiing til kommunane skjer i møte, dialog og telefonkontakt, og relevant informasjon på heimesida.

Fylkesmannen har lagt vekt på å informere og stimulere kommunane til interkommunalt samarbeid på barnevernområdet.

45.2 Fritak for taushetsplikt

Vi har handsama åtte saker om samtykke til fritak frå teieplikt i 2011. Dei fleste sakene gjeld teieplikt for barnevernstilsette eller tilsette i barnehage- og skulesektoren i sivile saker om barnefordeling. Alle sakene er handsama innan to veker.

Ei utfordring i arbeidet med desse sakene er at vi får søknadene kort tid før hovudforhandlinga tek til, og at dei fleste søkerne er mangelfullt opplyste. I løpet av 1. kvartal 2012 vil vi derfor sende ut eit orienteringsbrev til advokatar, domstolar og andre involverte partar, med informasjon om regelverket og ei påminning om kva ein søker om samtykke til fritak frå teieplikta må innehalde.

45.3 Handlingsplan mot kjønnslemlesting

I den utoverretta aktiviteten har vi teke temaet kjønnslemlesting opp saman med problematikken rundt overgrep og vald i nære relasjonar .

Overgrep og vald i nære relasjonar var tema på ein konferanse som vi arrangerte i november 2011. Målgruppa for konferansen var barnevernstilsette, helsepersonell og andre som arbeider med barn og oppvekst. Fylkesmannen har gitt støtte til Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt for å få etablert eit overgrepsmottak i fylket. Vi har støtt opp om opplæring av personell og utarbeiding av ein interkommunal plan for å kunne førebygge kjønnslemlesting og overgrep. Det er og lagt vekt på å gjøre kjent rundskriv og rettleiingsmateriell på området for helsepersonell og andre aktuelle målgrupper, som politi, barnevern m. fl. Det har vore undervist om temaet på turnuskurs for legar, fysioterapeutar, og kiropraktorar.

45.4 Biologisk opphav

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har handsama fem saker der personar har bede om opplysningar om sine biologiske foreldre. I tillegg har vi handsama tre saker som gjeld spørsmål om å klarleggje biologisk opphav for adopterte.

45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har tildelt midlar til 7,6 stillingar for 2011, og over 1 000 000 til kompetansetiltak. I tillegg vert det ei ytterlegare styrking med 1,3 stilling, som skal gjelde frå 01.02.2012.

Fylkesmannen følgjer opp satsinga gjennom rapportering, fortløpende kontakt med kommunane som har fått tildelt midlar og ved deltaking på nokre av kompetansetiltaka det er tildelt midlar til.

Resultatområde 46 Universell utforming

Hausten 2010 vart det laga ein handlingsplan for universell utforming av Statens hus på Leikanger. Her vart det slått fast at Statens hus og embetet oppfyller dei fleste av kriteria for universell utforming i offentlege verksemder. Det vart likevel avdekt nokre manglar; dei fleste av desse vart utbetra i løpet av 2011. Nokre tiltak er teknisk og økonomisk utfordrande, og har difor ikkje blitt gjennomført enno. Det skal lagast ein eigen handlingsplan for lokala til landbruksavdelinga i Førde i løpet av våren 2012 etter at desse no er ferdig renoverte.

I planen vert det også slått fast at krava om universell utforming skal etterfølgjast ved inngåing av nye innkjøpsavtalar og ved utforminga av nye teknologiske løysingar. Vi er med i innkjøpssamarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune som har universell utforming som eit eige kriterium i anbodsprosessane.

Fylkesmannen har i høyringar av kommunale planar sett til at unversell utforming har vore med som tema. Vi syner i våre fråsegner etter plan- og bygningslova og til diskriminerings- og tilgjengelighetslova, og at ein i planane skal tilrettelegge for alle. Når vi gir høyringar i planarbeidet, nyttar vi mellom anna Moment og tipshefte (IS-0333) frå Helsedirektoratet som sjekkliste for å gå gjennom områda som vert vurderte i plansamanheng.

I Sogn og Fjordane fylkeskommune er universell utforming ein del av folkehelsearbeidet. Fylkesmannen samarbeider med fylkeskommunen om tilrettelegging for eit inkluderande samfunn i eit eige program i folkehelsearbeidet.

Resultatområde 47 Innvandring og integrering

Eit særleg koordinerande ansvar for området innvandring og integrering er lagt til utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen.

Det er laga eit samla oversyn over embetssoppdrag knytt til området innvandring og integrering på Fylkesmannen sine ulike sektorområde. Internt hos Fylkesmannen har vi ei arbeidsgruppe som koordinerer arbeidet på området.

Koordinator har delteke på Integreringskonferansen og møte som IMDI-vest har gjennomført. Han har også halde innlegg på KS i Sogn og Fjordane sin haustkonferanse.

47.1 Statsborgerseremonier

Vi hadde seremonien i Statens hus på Leikanger laurdag 30. april. Seremonien vart leia av dåverande ass. fylkesmann Anne Karin Hamre.

Vi sende ut invitasjon til 92 personar, og 31 personar meldte seg på innan fristen. 7 svara at dei ikkje høve denne gongen, men ønskjer invitasjon neste gong. Tre av dei påmelde meldte forfall på grunn av sjukdom, slik at det endelige talet på deltakarar vart 28. Deltakarane kom frå kommunane Flora, Førde, Jølster, Luster, Årdal, Vågsøy, Sogndal, Stryn, Bremanger, Eid, Askvoll, Floppen og Vik. Dei kom frå 14 ulike opphavsland.

Statsborgerseremonier

| Embeter | Antall seremonier | Prosent nye statsborgere som har deltatt |
|----------------|--------------------------|---|
| FMSF | 1 | 30 |
| Sum | 1 | |

47.2 Bosetting av flyktninger

Det vart i august gjennomført samarbeidsmøte mellom Fylkesmannen, KS, IMDI-vest, UDI-vest og Nav der ein såg på hindringar og utfordingar knytt til busetjing av flyktningar.

Ein konklusjon etter dette møtet er at vi saman skal gjennomføre ein konferanse på tema der vi vil samle ulike sektorar i kommunane som arbeider med busetjing av flyktingar. Samlinga er planlagt til august 2012.

47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

Fylkesmannen har gitt nødvendig rettleiing til kommunane ved bruk av lova. Det har ikkje vore klagesaker knytt til kommunale vedtak i forhold til introduksjonsloven for 2011.

47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

Fylkesmannen har gjennomført kurs i samarbeid med VOX for lærarar som gjennomfører norskopplæring for voksne innvandrarar og asylsøkjarar. Tilsaman har det vore fire kursdagar og over 200 deltagarar på desse samlingane.

Fylkesmannen har ilag med vaksenopplæringssentra i fylket starta opp arbeidet med eit felles etter- og vidareutdanningstilbod for alle lærarane i fylket. 78 deltagarar har søkt seg inn på dette studiet som startar 9. februar 2012. Det faglege ansvaret har Høgskulen i Sogn og Fjordane og VOX.

Tilskotsforvatning:

Fylkesmannen har rapportert til IMDI vedkomande tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrarar og norskopplæring for asylsøkjarar. Fylkesmannen betaler ut grunntilskot, resultattilskot, per capita tilskot og tilskot til norskopplæring for asylsøkjarar i mottak.

Resultatområde 48 Likestilling

Om intern forankring av oppdraget

Eit særleg koordinerande ansvar for likestillingsarbeidet er lagt til utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen.

Det er laga eit samla oversyn over embetssoppdrag knytt til området likestilling på Fylkesmannen sine ulike sektorområde. Vidare er det utarbeidd rutinar som sikrar at likestillingsområdet vert vurdert i kommunale planprogram, på linje med fagområdet universell utforming, jf. embetsoppdrag nr. 46.

Til bruk for leiinga i embetet er det laga eit oversyn over kommunane sine plikter etter lovverket om aktivitets- og rapportering på likestillingsområdet.

Fylkesmannen har sikra seg eit godt oversyn over oppgåvefeltet, kva oppgåvene fører med seg internt og eksternt, og dessutan sikra god ansvarspllassering og forankring på leiarnivå i organisasjonen.

Intern kompetanseutvikling

Fylkesmannen deltok i 2011 på erfaringskonferansen Framtidsdrømmer, om gutter og jenter sine utradisjonelle utdanningsval. Konferansen var eit samarbeid mellom Komité for kjønnsbalanse i forskning, Senter for likestilling og Universitetet i Agder og det vart presentert oppdatert nasjonal politikk og forsking på feltet.

Det skal opprettast kontakt med KUN - Senter for kunnskap og likestilling i januar 2012. Føremålet er å vidareutvikle vår kompetanse på likestillingsområdet gjennom eit systematisk samarbeid og evt. hospitering.

Oppfølging og rettleiing av kommunane

Likestilling og kommunane si aktivitets- og rapporteringsplikt har vore tema på Fylkesmannen sine dialogmøte med kommunane i 2011.

Elleva planprogram, konsekvensutgreiingar eller kommunedelplanar er vurderte og det er gjeve fråsegn i fleirtalet av sakene. Vi prøver i dette arbeidet å sjå kommunane sine årsmeldingar i samanheng med planlagde tiltak på feltet.

Når det gjeld innsatsen på dei ulike sektorområda har den viktigaste innsatsen på miljøområdet i 2011 vore innan den nye forvaltningsordninga for nasjonalparkane og andre store verneområde. I 2011 har Fylkesmannen vore ansvarleg for konstituerande møte i totalt seks nasjonalpark- eller verneområdestyre. I tillegg har vi hatt aktivitet i ytterlegare to nasjonalparkstyre. I oppnemninga av styra (som formelt vert gjort av Miljøverndepartementet) har likestillinglova § 21 vore følgt når det gjeld samansettet av styra. Vi har i dette arbeidet vore eit viktig bindeledd mellom Miljøverndepartementet og kommunane (15 her i fylket) og fylkeskommunen. Det er til saman heile 96 verv (faste medlemmer og varamedlemmer) i dei åtte styra som omfattar verneområde i Sogn og Fjordane.

Etter kommune- og fylkestingsvalet i september, og seinare konstitueringar av kommunestyre- og fylkesting, har vi innhenta framlegg til nye styremedlemmer og varamedlemmer i dei seks styra der Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har vertsskapsrolla. Det har i dette arbeidet vore nødvendig å sikre at kommunane og fylkeskommunen kjem med framlegg til både kvinne og mann som styremedlem/varamedlem.

Ved dei to store kommunesamlingane vi gjennomførte i 2011, var Fylkesmannen oppteken av at det skulle vere god balanse mellom kjønna når det gjaldt innlegg og presentasjonar.

Når det gjeld barnehagesektoren har handlingsplan for likestilling vore sentral. Handlingsplanen har m.a. vore vore tema på sektormøte med kommunane, jf. [presentasjon datert 01.11.2011](#).

Fylkesmannen har gjennomført ein kursdag for styrarar og pedagogiske leiarar der [Gender Loops](#) som metode var tema. Kurset hadde 30 deltakarar. Fylkesmannen har vidare oppnemnt eit likestillingsteam samansett av ein frå kvar av dei fire regionane i fylket og ein frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Teamet er samansett av tre kvinner og to menn. Fylkesmannen har og delt ut prosjektmidlar til regionane Nordfjord og Sogn. I Sogn er likestilling eit tema i leiaropplæringa *Sats på barnehagen - Snu Sogn*. I Nordfjord deltek alle kommunane i prosjektet *Likestilling i plan og praksis*.

Når det gjeld utfordringar på likestillingsområdet, ser vi at rekruttering og det å halde på dei mannlige tilsette i barnehagane peikar seg ut. Meir generelt er det ei utfordring å få synleggjort det pedagogiske likestillingsarbeidet i barnehagane sine planar og praksis. Fylkesmannen arbeider systematisk for å møte desse utfordringane.

Ressursrapportering

I samband med årsrapporteringa har vi funne feil i resultatrapporteringa vår. Forbruket pr resultatområde er ikkje lasta opp alle månadane. Vi har difor mauelt berekna dei manglende opplastingane. Total ressursbruk er likevel tilnærma rett.

| Resultatområde | Kapittel 1510 Fagdep. | |
|---|------------------------------|---------|
| 41 Tilsyn med barnevernområdet | kr 53 352,22 | kr 0,00 |
| 42 Familierett | kr 170 758,00 | kr 0,00 |
| 43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak | kr 4 600,00 | kr 0,00 |
| 43.9 Andre krisetiltak (rest 43) | kr 0,00 | kr 0,00 |
| 44 Familievern | kr 0,00 | kr 0,00 |
| 45 Barnevern | kr 1 008 852,00 | kr 0,00 |
| 47 Integrering | kr 123 499,00 | kr 0,00 |
| Andre oppgaver under BLD | kr 12 001,25 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 1 373 062,00 | kr 0,00 |

Justis- og politidepartementet

Resultatområde 51 Siviladministrasjon

51.2 Vergemålsloven

Tilsyn med overformynderi og opplæring for overformynderane har ikkje vore prioritert i 2011. Vi har godkjent **23** overformynderirekneskap for 2010. Det er **3** kommunar som ikkje har levert rekneskap og revisjonsmelding for 2010. Vi har besøkt overformynderi og verjer i ein kommune, og gjeve dei informasjon og opplæring. Vi har elles gjeve rettleiing til overformyndarar som har spørsmål, og vi har gjennomført tilsyn på bakgrunn av innspel om moglege uhedige tilhøve i enkelte kommunar.

Vi har som internt prosjekt å førebu Fylkesmannen sine nye oppgåver som lokalt verjemålsorgan. I 2011 har vi delteke i sentrale samlingar der verjemålsreforma har vore tema, og vidareformidla informasjon om reforma til kommunane etter kvart som informasjonen har vorte tilgjengeleg. Arbeidet med å førebu nye oppgåver på verjemålsområdet held fram i 2012.

Oppgaver etter vergemålsloven

| Embeter | Antall saker | Antall tilsyn |
|------------|--------------|---------------|
| FMSF | 7 | 0 |
| Sum | 7 | 0 |

Resultatområde 52 Borgerrettigheter

52.1 Fri rettshjelp

Vi har handsama 547 saker på rettshjelpsområdet i 2011 (inkludert 24 saker for Kontrollkommisjonen). Omlag 89 % av sakene vart handsama innan fire veker frå dei kom inn. Ved årsskiftet hadde embetet ein restanse på 22 saker. Totalt sett har det vore ein nedgang på over 200 innkomne saker samanlikna med førre år. Vi trur dette i hovudsak skuldast ein nedgang i tal asylklagesaker, som igjen har ført til ein nedgang i saker som gjeld tolkeutgifter. Vi har sendt kvartalsvise rapportar til Statens sivilrettsforvaltning i tråd med embetsoppdraget, og desse rapportane innheld meir detaljerte opplysningar om sakstype og kor mykje vi har utbetalt i salær i løpet av året.

I løpet av 2011 har vi motteke 16 klager på vedtak innan rettshjelpsområdet. Ei av klagene tok vi til følgje, medan 15 av sakene vart oversendt Statens sivilrettsforvaltning for klagehandsaming. Klageinstansen omgjorde to av våre vedtak, medan 13 av våre vedtak vart stadfesta.

Vi har elles arbeidd aktivt for å få advokatar til å ta i bruk den elektroniske skjemaløysinga for fritt rettsråd, men har framleis mykje å gå på.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane deltok med fire sakshandsamarar på den årlege rettshjelpssamlinga til Statens sivilrettsforvaltning i november.

Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer

Fylkes-ROS for Sogn og Fjordane var ferdig i 2007. Den har vist seg som eit nyttig verktøy i mange ulike samanhengar. Det gjeld ikkje minst til foredrag og anna utoverretta verksemder der vi ønskjer å skape medvit om risiko og sårbarheitsutfordringar i fylket. Fylkes-ROS er eit viktig grunnlag for vurderinga av kva type uønskte hendingar som Fylkesmannen sin beredskapsplan bør ha tiltakskort for. Øvingsutvalet brukar fylkes-ROS som eit grunnlag for vurderingar av kva tema og scenarium som det bør øvast på.

Arbeidet med revisjon av fylkes-ROS starta vinteren 2011, og dei fleste fagetatane i fylkesberedskapsrådet har vore involvert i arbeidet. Fleire nye tema skal på plass, m.a. drikkevatn og uønskte hendingar på sjøen.

Konsekvensar av klimaendringar vil vere eit gjennomgåande analysetema i alle kapitla. Målet er å verte ferdig med analysen i løpet av første halvår 2012. Som ein del av arbeidet med den nye analysen vil vi også få på plass ein tverretatleg strategi for oppfølging av funna.

Fylkesberedskapsrådet er ein viktig arena for å kunne ivareta rolla med å samordne, halde oversikt over, og informere om samfunnstryggleik og beredskap. Rådet hadde sitt ordinære møte i november, der fylkes-ROS var eit hovudtema. Dei fleste medlemene i rådet deltok saman med Fylkesmannen, Helse Førde og kommunane på ei stor helseberedskapsøving dagen etter.

53.2 Samfunnsplanlegging

Å bidra til ei trygg og robust arealforvaltning er ein av hovudstrategiane for Fylkesmannen sitt samfunnstryggleiksarbeid. Vi legg vekt på å rettleie kommunane om våre forventningar til korleis omsyn til risiko og sårbarheit skal ivaretakast. Arenaer for slik rettleiing har i løpet av 2011 m.a. vore møte og konferansar, regionalt planforum, kommunevise rettleiingsmøte, i tillegg til drøftingar av konkrete plansaker med kommunane. Vi har også gitt bidrag på samfunnstryggleksområdet til fylkeskommunen sin reguleringsplanrettleiar.

Krav til å ivareta samfunnstryggleik er fast tema i Fylkesmannen sin uttale til varsel om oppstart av planarbeid. Vi går gjennom alle kommune- og reguleringsplansaker, og varsler og nyttar motsegn når vi meiner at omsyn til samfunnstryggleik ikkje er tilfredsstillande ivareteke.

Vi påpeiker alltid overfor kommunane at konsekvensar av klimaendringar må vere ein del av risiko- og sårbarheitsanalysen, og at vi vil bruke motsegn dersom planen ikkje syner kva vurderingar som er gjort i så måte. Vi har laga ei sjekkliste for korleis omsynet til klimaendringar kan integrerast i ROS-analysen, og delt denne med kommunane.

53.5 Planlegging innen kraftforsyning, flom- og skredfare

Fylkesmannen har tett og god kontakt med NVE, m.a. for gjensidig avklaring av synspunkt og bruk av motsegner i arealplansaker. Vi hadde i løpet av 2011 eitt formelt møte med NVE om samarbeid og grenseflater i dette arbeidet.

Vi har delteke og hatt foredrag på NVE si fagsamling om arealbruk i flaum- og skredusette område.

Vi har vore høyringspart i NVE sitt arbeid med plan for skredfarekartlegging.

Omsynet til samfunnstryggleik inngår som ein del av Fylkesmannen sin høyringsuttale til meldingar og konsesjonssøknader i samband med utbygging av vass- og vindkraftverk, og kraftlinjer. Nasjonal, regional og lokal forsyningstryggleik er hovudtema i våre uttalar om samfunnstryggleik.

Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

54.1 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

Vi har i løpet av 2011 hatt rettleiingsmøte med seks kommunar. Gjennomgående tema har vore ROS-analysar, beredskapsplanlegging, kriseinformasjonsarbeid, arealforvaltning, psykososialt arbeid, brannvernarbeid, drikkevassforsyning og kommunalt beredskapsråd. I forkant av møta har vi hatt dialog med Mattilsynet, DSB, politiet, og andre avdelingar i embetet.

Det er tett samarbeid mellom beredskapseininga og helse-, sosial- og justisavdelinga (HSJ) om rettleiingsmøta. Beredskapseininga gir kommunane munnlege tilbakemeldingar og råd om helse- og sosialberedskapsplanane. Med bakgrunn i observasjonar og vurderingar i samband med rettleiingsmøta, vurderer HSJ om det kan vere aktuelt å starte tilsynssak.

Fylkesmannen sin beredskapsplan er oppdatert og det føreligg instruksar og planar for krypto- og sambandstenesta.

Oppdatert liste over skjermingsverdige objekt er sendt til DSB, og vi har hatt møte med politiet og Forsvaret om dette temaet.

54.2 Øvelser

Det er gjennomført øvingar med den kommunale kriseleiinga i 25 kommunar. 24 kommunar øvde saman med Fylkesmannen, Helse Førde og fylkesberedskapsrådet i Loen 16. november. Øvinga var i regi av Helsedirektoratet, og hadde eit helseberedskapsscenario. Alle deltarane øvde i same lokale.

I mai deltok vi i planlegging og gjennomføring av ei stor redningsøving på Flåmsbana. Kriseleiinga i Aurland kommune øvde parallelt med redningsetatane, og Fylkesmannen var kontrollør og evaluator.

Fylkesmannen deltok på DSB si øving "Trim 2011".

54.6 Regional samordning

Fylkesberedskapsrådet er ein viktig arena for Fylkesmannen for å kunne ivareta rolla med å samordne, halde oversikt over, og informere om samfunnstryggleik og beredskap. Rådet hadde sitt ordinære møte i november, der hovudtemaet var revisjon av fylkes-ROS og erfaringar etter terrorhendingane 22. juli. Dei fleste medlemene i rådet deltok òg på helseberedskapsøvinga dagen etter.

Forsvaret og dei frivillige organisasjonane er blant medlemene i fylkesberedskapsrådet. Under rettleiingsmøte, og i annan kontakt med kommunane, er dei frivillige organisasjonane regelmessig eit sentralt tema. Vi oppmodar kommunane om å ha kontakt med organisasjonane, og å ha dei med i dei kommunale beredskapsråda. På same måte oppmodar vi om at kommunane òg tar med Heimevernet i råda.

Fylkesmannen deltok på møte med HV, m.a. HV-09 sitt IFO-møte i januar 2011.

Fritaksordninga for forsvaret er følgd opp i tråd med forventningane som er stilt til oss.

54.8 Felles digitalt nødnett

Vi har samla inn fullmakter frå kommunane etter oppdrag frå Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK). Fullmaktene er vidaresende til DNK.

54.9 Atomberedskap og strålevern

Fylkesmannen sin atomberedskapsplan er oppdatert.

54.10 Beredskap innen kraftforsyning

I løpet av året har vi hatt fleire møte med kraftforsyninga sin distriktsjef (KDS), og med beredskapsorganisasjonen til selskapa i kraftforsyninga (KBO). Eit viktig tema på desse møta har vore sårbarheit for svikt i straumforsyninga. KDS har bidrøge med innspel til kapitlet om kraftforsyning i revisjonen av fylkes-ROS.

Vi deltok på NVE sitt møte i januar om den stramme kraftsituasjonen nasjonalt, og hadde hyppig og tett kontakt med KDS om situasjonen regionalt.

Vi har vidareformidla varsel om ekstremvêr og flaum når DNMI og NVE har sendt ut slike. Rapportering er gjennomført når dette er pålagt, eller når vi har funne det nødvendig.

Under ekstremvêret "Dagmar" i romjula var det tette og gode samarbeidet med KDS veldig viktig for oversikten over, og handteringa av situasjonen.

Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

55.1 Organisering for krisehåndtering

Beredskapsplanen for embetet er ajourført. Alle i kriseleiinga har fått tilgang til nytt krisestøtteverktøy (CIM), og alle i operasjonsstaben har fått opplæring i loggføring.

Kommunane sine beredskapsplanar har vore hovudtema på alle rettleatingsmøta i løpet av året. Fem av kommunane deltok på eit arbeidsmøte i regi av beredskapseininga og helse-, sosial- og justisavdelinga. Fornying av beredskapsplanverka var hovudtema på møtet.

Det er instruksar og planar for krypto og sambandstenesta.

55.2 Krisehåndtering

Vi brukar CIM aktivt i krisehandteringa. Alle kommunane har fått opplæring i krisestøtteverktøyet.

Vi har vore involvert i fleire hendingar i 2011, t.d.:

- Bygda Veitastrond var isolert (februar)
- Store nedbørsmengder over heile fylket, og skred der to menneske omkom i bustadhus i Balestrand (mars)
- Store nedbørsmengder i Stryn (juli)
- Lokal og regional oppfølging etter terroraksjonane 22. juli
- "Dagmar" (desember)

Den mest omfattande hendinga var ekstremvêret "Dagmar" i romjula. Her var embetet si kriseleiing i funksjon frå 1. juledag til 5. juledag. Vi hadde til saman fem telefonmøte i fylkesberedskapsrådet, der alle dei sentrale beredskapsaktørane i fylket var med. I periodar var store delar av fylket utan straum og telesamband, og det aller meste av vegnettet var stengt.

Den store svikten i infrastrukturen skapte store problem med å oppretthalde forsvarlege helsetenester. Hendinga kravde difor ei koordinert mobilisering av innsats for å gjere det tryggast mogleg for folk, og for raskast mogleg å få samfunnet tilbake i ein normalsituasjon.

55.3 Evaluering

Vi tok initiativ til ei evaluering etter skredhendinga i Balestrand i mars, der to personar omkom. Vi leia evalueringa, som enda opp i ein rapport.

Vi deltok på Stryn kommune si interne evaluering av ekstremvêret 25. juli, der 40-50 menneske måtte evakuere frå husa sine midt på natta. Vi deltok i tillegg på eit folkemøte i Stryn om same tema.

Evalueringa etter ekstremveret "Dagmar" er allereie i gang, og arbeidet vil ende opp i ein evalueringssrapport med forslag til forbetringar.

Vi oppmodar alle kommunar om å evaluere seg sjølve, både etter øvingar og reelle hendingar.

Ressursrapportering

I samband med årsrapporteringa har vi funne feil i resultatrapporteringa vår. Forbruket pr resultatområde er ikkje lasta opp alle månadane. Vi har difor mauelt berekna dei manglande opplastingane. Total ressursbruk er likevel tilnærma rett.

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|--|---------------|--------------|
| 51.2 Vergemålsloven | kr 58 611,00 | kr 0,00 |
| 51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51) | kr 0,00 | kr 0,00 |
| 52.1 Fri rettshjelp | kr 529 722,00 | kr 19 755,88 |
| 52.9 Annet Borgerettigheter (rest 52) | kr 0,00 | kr 0,00 |

| | | |
|---|-----------------|--------------|
| 53 Forebyggende samfunnssikkerhet | kr 898 570,00 | kr 0,00 |
| 54 Beredskapsforberedelser | kr 491 615,00 | kr 0,00 |
| 55 Regional og kommunal krisehåndtering | kr 407 493,00 | kr 0,00 |
| Andre oppgaver under JD | kr 271 209,00 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 2 657 220,00 | kr 19 755,00 |

Kommunal- og regionaldepartementet

Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

61.1 Kommunerettet samordning

Det har vore eit mål å besøke alle kommunane i løpet av ein valperiode. I 2011 vart det gjennomført fem kommunebesøk, der vi møtte administrativ leiing og ordførar. Under nokre av besøka var også formannskapet med. Kommunebesøka er viktige for dialogen mellom kommunen og Fylkesmannen.

Utveljing av kommunar for Fylkesmannen sine kommunebesøk vert gjort på grunnlag av når kommunen sist vart besøkt og ROS-analyse.

Fylkesmannen har to faste drøftingsmøte per år med KS i tillegg til den løpende kontakten.

Fylkesmannen sin årlege kommunekonferanse gjekk av stabelen i mai. Samhandlingsreforma og forholdet mellom stat og kommune var viktige tema på konferansen.

Fylkesmannen har faste møte på leiarnivå med NAV.

61.2 Omstiling og fornying i kommunene

I 2011 delte Fylkesmannen ut 4,2 mill. kroner av skjønnsmidlane til offentlege fornyingsprosjekt, fordelt på 14 prosjekt. Det er krav om 50 % eigenfinansiering ved tildeling. Den samla ramma utgjorde såleis 8,4 mill. kroner. Krav om samarbeid mellom kommunar er prioritert, og dette har gjort det mogeleg å få til større prosjekt. Tildelinga vart gjort i to omgangar, januar og juni. Det blir lagt vekt på å spreie informasjon om ulike prosjekt som har fått fornyingsmidlar. Prosjekt har blitt presentert på konferansar og faglege nettverkssamlingar. I tillegg til dette har prosjekta presentert seg ved å skrive eigne artiklar som er å finne på heimesidene våre: <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=45410>

Det vart gjennomført to større evalueringar av prosjekt i 2011: *Utvikling av elektroniske tenester i kommuneforvaltninga* og *Digitalt skulesamarbeid i Sogn og Fjordane*. Det elektroniske søknadsskjemaet vart revidert i 2011.

Gjennom eit felles programstyre (Fylkesmannen, fylkeskommunen, KS og rådmannsutvalet) for fornying av offentleg sektor og IKT, er det felles tildeling av skjønnsmidlar og fylkeskommunale utviklingsmidlar til fornyingsprosjekt. Medrekna fylkeskommunale utviklingsmidlar vart det i 2011 tildelt 8,2 mill. kroner, fordelt på 18 prosjekt.

61.3 Samordning av statlig tilsyn

Fylkesmannen har ei intern tilsynsgruppe der alle avdelingane er representerte. Føremålet med gruppa er å samordne Fylkesmannen sine tilsyn, kommunebesøk og forvaltningskontrollar mot kommunane. Fylkesmannen inviterer eksterne tilsynsetatarar til felles møte kvart andre år. Samordning av tilsyn og tilsynsmetodikk er tema i møta. Vi sender ei påminning om Fylkesmannen sitt samordningsansvar for tilsyn til dei eksterne tilsynsetatane før nyttår, og ber dei melde tilbake til oss kor langt dei har kome i planlegginga av tilsyn komande år. Medio januar har Fylkesmannen ein førebels plan for komande år klar til utsending, og vi orienterer dei eksterne tilsynsetatane om planen. Vi har eit godt samarbeid med dei andre tilsynsetatane, men det er ei stor utfordring å få til god samordning av tilsyn, besøk og forvaltningskontrollar mellom fleire avdelingar intern og eksternt.

Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i Kommuneloven

- I 2011 godkjente Fylkesmannen budsjett og økonomiplan for tre Robek-kommunar. For desse kommunane vart det i tillegg særskilt handsama ein lånesøknad.
- Utanom Robek-kommunane har det vore gjennomgang av budsjett og økonomiplan for 23 kommunar.
- Fylkesmannen handsama ein lånesøknad for eit IKS (interkommunalt samarbeid).
- Fylkesmannen handsama seks kommunale garantisøknader.
- Det er utført kontroll på at kommunane har vedteke finansreglement etter ny forskrift gjeldande frå 01.07.2010. Ved siste årsskifte var det ein kommune som ikkje hadde vedteke reglement etter nye forskrifter. I tillegg var det fem kommunar som ikkje hadde vedteke administrative rutinar for finansforvaltninga.

62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Ved utgangen av 2011 var 3 av dei 26 kommunane i fylket i Robek-registeret. Flora vart meldt inn i registeret i 2011. Dei to andre kommunane er Vik og Bremanger.

Fylkesmannen har i 2011 hatt åtte kommunemøte der økonomi var det sentrale temaet. Dette kjem i tillegg til den løpende kontakten Fylkesmannen har med alle kommunane i fylket.

I samband med Kostra-rapporteringa for 2011, følgde økonomistaben tett opp kommunane sin status under rapporteringsperioden. Det var særleg oppfølging på rapportering frå kommunale føretak (KF og IKS). Kommunar som hadde mangefull innrapportering vart purra anten pr e-post eller ved telefonkontakt. Kostra-skjema vart fordelte mellom avdelingane. Det var knytt kontaktpersonar til dei ulike skjema. Oversyn over kontaktane vart lagt ut på våre heimesider.

I Sogn og Fjordane har Fylkesmannen oppretta eit eige økonominettsverk for kommunane. Nettverket består av økonomiansvarlege og rekneskapsmedarbeidarar i kommunane. I tillegg er kommunerevisjonen godt representert. I 2011 hadde vi to samlingar, ei i juni og ei i november. Budsjett, økonomiplan, pensjon, sjølvkost, internkontroll og investeringsrekneskapen var nokre av temaa i 2011. Tilbakemeldingane frå samlingane er gode. Økonominettsverket har eit eige område på våre heimesider:<http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=33569>

Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

Vi har gjeve generell rettleiing om kommunalrettslege spørsmål. Mange spørsmål gjeld habilitet. Det har og vore ein del spørsmål til reglane om lovlegkontroll. I etterkant av kommunevalet hadde vi ein del spørsmål kring konstituering, avtaleval og forholdsval, kjønnsbalanse og lovleg val av kontrollutval.

63.1 Kommunalrett

Vi har gjeve generell rettleiing om kommunalrettslege spørsmål. Mange spørsmål gjeld habilitet. Det har og vore ein del spørsmål til reglane om lovlegkontroll. I etterkant av kommunevalet hadde vi ein del spørsmål kring konstituering, avtaleval og forholdsval, kjønnsbalanse og lovleg val av kontrollutval.

Lovlighetskontroll

| | | | | |
|---------|---|---|-----------------|------------------------|
| Embeter | Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i | Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen | Vedr. habilitet | Vedr. lukking av møter |
|---------|---|---|-----------------|------------------------|

| | Antall saker | Antall opprettholdt | Antall ulovelig | Antall saker | Antall opprettholdt | Antall ulovelig | | |
|------------|-------------------------|--------------------------------|----------------------------|-------------------------|--------------------------------|----------------------------|---|---|
| FMSF | 1 | 1 | 0 | 2 | 0 | 2 | 1 | 0 |
| Sum | 1 | 1 | 0 | 2 | 0 | 2 | | |

63.2 Valg

I samband med kommunestyre- og fylkestingsvalet 2011, deltok vi på kommunal- og regionaldepartementet sin valkonferanse i februar.

I samarbeid med fylkeskommunen og KS, arrangerte vi valkonferanse for alle kommunane i fylket i mai. Alle dei 26 kommunane våre deltok på konferansen.

I vårt fylke var det éin kommune som gjennomførte val over to dagar. Vi hadde derfor valberedskap frå kl. 14 til kl. 19 søndag 11.september, der vi var tilgjengelege for eventuelle spørsmål knytt til gjennomføringa av valet.

Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Vi har løpende rettleiing av kommunane om problemstillingar innan forvaltningsretten. Det er mest spørsmål om habilitet og forvaltninga si utgreiingsplikt. Vi får også ein del spørsmål frå kommunane om rett til innsyn i dokument etter offentleglova og forvaltningslova.

Under opplæringa av kommunane i samband med ny lov om helse- og omsorgstenester frå 01.01.2012, var bruken av forvaltningslova eit sentralt tema.

Vi har i 2011 handsama to klagesaker som gjeld manglande dokumentinnsyn etter offentleglova. Begge klagene vart tekne delvis til følge. Vi har ikkje hatt klagesaker som gjeld manglande dokumentinnsyn etter forvaltningslova.

Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

65.1 Kommuneinndeling

Vi har ikkje hatt saker på dette området i 2011.

65.2 Interkommunalt samarbeid

Det er etablert fleire interkommunale samarbeid i fylket. Nye område for samarbeid i 2011 var m.a. forum for folkehelse og helse og omsorg inndelt i fire regionar, oppretting av digitalt planregister i Nordfjord, politikarportalen for 11 kommunar i Sunnfjord og Ytre Sogn, videoløysing for Nordfjordkommunane og oppretting av fire regionale vassområde som følgje av ny vassforskrift. Utgreiinga av interkommunalt barnevern i Nordfjord og Sunnfjord som vart starta opp i 2010 heldt fram i 2011. Det er venta at kommunane gjer vedtak i løpet av 2012. Samarbeidstiltaka er støtta med skjønsmidlar.

Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

66.1 Byggesaker

Vi har handsama 225 byggjesaker i 2011. Talet var 165 for 2010. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for 2011 var 90 dagar per sak. Talet for 2010 var 109 dagar. Mengda setjfylkesmannssaker er framleis ei stor utfordring for oss. I 2011 fekk vi inn 152 setjesaker, medan talet på saker frå eige fylke er 66. Det betyr at talet på saker inn er noko lågare enn tal avslutta saker i 2011. Det er derfor spennande å sjå om vi klarer å ta unna det vi får inn av saker i 2012.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fekk i 2010 kr 214 149,- til nedbygging av byggjesaksrestansen. Midlane vart nytta til overtid hausten 2010. Både byggjesakene og setjesakene var så vidt innanfor tremånadersfristen ved årsskiftet 2010/2011. I første halvår 2011 fekk vi inn fleire saker enn vi avslutta. Vi har derfor nytta overtid hausten 2011 for å kome meir à jour. Vi har 87 saker over fristen på tre månader i år, 62 av desse er setjesaker som gjeld dispensasjon, 25 byggjesaker frå eige fylke. Ved årsskiftet hadde vi ein restanse på 33 setjesaker og 9 byggjesaker frå eige fylke. Med det etterslepet vi har, vil vi truleg ikkje klare å handsame alle sakene innanfor fristen på tre månader i 2012.

66.2 Saker om ekspropriasjon

Vi har i 2011 handsama tre saker om oreigning. I to av sakene stadfesta vi oreigningsvedtak til gjennomføring av reguleringsplan, og i ei sak gav vi samtykke til oreigning til framføring av kraftline. Det er søkt om og gjeve rett til førehandsovertaking i sju saker.

66.3 Klage etter eierseksjonsloven

Vi har ikkje hatt slike saker i 2011.

Klage etter eierseksjonsloven - antall

| Embeter | Antall klager | Tatt til følge | Ikke tatt til følge | lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen |
|----------------|----------------------|-----------------------|----------------------------|---|
| FMSF | 0 | 0 | 0 | |
| Sum | 0 | 0 | | |

66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

Vi har ikkje hatt slike saker i 2011.

Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

| Embeter | Antall klager | Tatt til følge | Ikke tatt til følge | lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen |
|----------------|----------------------|-----------------------|----------------------------|---|
| FMSF | 0 | 0 | 0 | |
| Sum | 0 | 0 | | |

Ressursrapportering

I samband med årsrapporteringa har vi funne feil i resultatrapporteringa vår. Forbruket pr resultatområde er ikkje lasta opp alle månadane. Vi har difor berekna manuelt dei manglante opplastingane. Total ressursbruk er likevel tilnærma rett.

Resultatområde Kapittel 1510 Fagdep.

| | | |
|---------------------------|-----------------|---------|
| 62 Kommuneøkonomi | kr 950 501,00 | kr 0,00 |
| 66 Bolig- og bygningsrett | kr 1 731 087,00 | kr 0,00 |
| Andre oppgaver under KRD | kr 534 369,00 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 3 215 957,00 | kr 0,00 |

Arbeidsdepartementet

Resultatområde 73 Sosiale tjenester

Sjå under.

73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Fylkesmannen har arrangert månadlege fagdagar for Nav-kontora i samarbeid med Nav Sogn og Fjordane. Tema varierer, td. hadde ein fagdag lov om sosiale tenester i Nav som tema.

Vi er alltid tilgjengelege for rettleiing om lovtolking.

I samband med opplæring i ny lov om helse- og omsorgstenester har vi hatt spesielt fokus på sakshandsamingsreglane i forvaltningslova. Her har det delteke personar frå Nav-kontora.

Vi har handsama 32 klagesaker, der tre av sakene gjaldt økonomisk stønad og ei sak mellombels bustad. To av sakene har hatt lenger sakshandsamingstid enn tre månader.

Vi har ikkje hatt klagesaker som gjeld Kvalifiseringsprogrammet.

I tillegg følgjer vi opp kommunar etter avslutta tilsyn ved å tilby rettleiing, anten pr. telefon eller skriftleg.

73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen - formidlingstiltak og kompetanseutvikling

Rådgjevarar hjå Fylkesmannen og hjå Nav Sogn og Fjordane har hatt eit tett og godt samarbeid kring felles kompetanseplan for Nav-kontora. På denne måten sikrar vi at alle satsingsområde vert presenterte og gjort kjende for dei tilsette. Vi sikrar også samordning og koordinering. Vi har hatt samarbeidsmøte annakvar veke. I tillegg deltek Fylkesmannen på alle leiarsamlingar i Nav.

Leiinga i Nav Sogn og Fjordane, Fylkesmannen og KS har faste samlingar med rådmennene i fylket. Her er mellom anna sentrale styringssignal tema.

I fellesskap arrangerer Fylkesmannen og Nav Sogn og Fjordane fylkesdekkande fagdagar for Nav-kontora ein gong pr. månad. Tema har t.d. vore: arbeid og psykisk helse, "Helhetlig prinsippstyrt metodisk tilnærming", skjønnnsutøving, Kvalifiseringsprogrammet og motiverande intervju. Deltakartalet varierer frå gong til gong, med mellom 20 og 50 deltakarar.

Alle Nav-kontor har tilbod om deltaking i regionale nettverksgrupper. Tema i desse samlingane er kvalitet i oppfølgingsarbeidet, ulike utfordringar i samband med sosialtenestelova, eller etiske problemstillingar. Vi og Nav Sogn og Fjordane samarbeider om å drive desse nettverka. Nettverksmøta har mellom 8 og 15 deltakarar. "Reflekterande team" vert regelmessig nytta som arbeidsmetode i nettverka, og det vert ofte drøfta problemstillingar knytt til arbeidet med sosiale tenester i Nav. Psykiatritenesta i kommunane er også invitert til å delta. Deltaking frå psykiatritenestene har variert, men vi opplever det som svært nyttig når dei er med.

Fylkesmannen har ytt tilskot til Nav-kontor i samband med deltaking på "Mulighetskonferansen i Nav 2011". I alt 17 Nav-kontor deltok.

73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Alle Nav-kontor har hatt kontinuerleg tilbod om opplæring og rettleiing knytt til Kvalifiseringsprogrammet. Fylkesmannen har engasjert ein person i full stilling for å arbeide med oppdraga i Kvalifiseringsprogrammet. Ho har vore kontaktperson for Nav-kontora på dette området.

Kvalifiseringsprogrammet var eit deltema på fagdagen i februar og hovudtema på fagdagen i juni. I juni deltok tolv Nav-kontor.

Fylkesmannen har rapportert kvart tertial til Arbeids- og velferdsdirektoratet.

73.4 Utenrettslig økonomisk rådgivning

Fylkesmannen har arrangert todagars vidaregåande kurs i økonomi- og gjeldsrådgjeving i samarbeid med regionkontakten vår på dette området. Det var 43 deltakarar, dei fleste frå Nav-kontor, men også nokon frå skatteoppkrevjarkontor og økonomiavdelingar i kommunane.

Alle Nav-kontor har tilbod om å vere med i fagleg forum for økonomisk rådgjeving. Det er berre eitt kontor som ikkje prioriterer deltaking, men dette kontoret vil komme attende til det seinare. Det er tre regionale nettverk i fylket, og dei har ulik møtefrekvens, med frå to til seks møte i året. Det varierer kor mykje Fylkesmannen er engasjert i gjennomføringa av samlingane. Det eine nettverket har inngått samarbeid med namsmennene. Tal deltakarkommunar i nettverka: Indre Sogn: sju, Sunnfjord: elleve, Nordfjord: sju. Det varierer om det møter ein eller to personar frå kvart Nav-kontor til samlingane.

Fylkesmannen har engasjert ekstern konsulent som Nav-kontora har kunna ringe til for å få rettleiing i gjeldssaker. Han har også vore på besök på kontora for å gi rettleiing. Konsulenten har dessutan delteke på nokre møter i dei regionale nettverka. Til saman har han arbeidd 180 timer.

Vi har kjøpt boka "Gjeldsrådgivning - sosialfaglige perspektiver på gjeldssaker i Nav" av Torleif Kahrs og gitt eitt eksemplar til kvart Nav-kontor.

Tre kommunar har planlagt interkommunalt samarbeid om gjeldsrådgjeving. Dette er Årdal, Lærdal og Aurland. Søknad om midlar til dette er til behandling i Arbeids- og velfredsdirektoratet. Fylkesmannen ser positivt på søknaden sidan samarbeid mellom desse kommunane vil kunne styrke tenestetilbodet.

73.5 Boligsosialt arbeid

Fylkesmannen har utført tilskotsarbeidet i tråd med oppdraget. Det var fire kommunar som fekk tilskot i 2011 og ein kommune som overførte pengar frå 2010.

Riksrevisjonen har gjennomført revisjon på området tilskotsforvaltning, utan at vi fekk vesentlege merknader.

Det er ikkje arrangert konferanse i lag med Husbanken i år. Konferanse var planlagt, men avlyst. Vi har hatt eitt planleggingsmøte og eitt samarbeidsmøte med Husbanken.

Boligsosialt arbeid er tema på leiarsamlingar, fagdagar og i faglege fora. Vi prøver også å oppmøde leiinga i embetet om å leggje vekt på denne satsinga i deira møter med rådmenn og politisk leiing i kommunane.

Vår utfordring er at vi ikkje så lett får kontakt med leiinga i kommunane, der vedtak om bustadplanlegging og bygging skjer. Vi har derimot godt samarbeid med Nav-kontor, psykiatriteneste og ruskonsulentar, og vår pådrivar-verksemnd blir såleis utført mot dei. Så må vi berre håpe at dei når fram til sine overordna.

73.6 Barn og unge

I Sogn og Fjordane har vi to kommunar som har fått tilskot for å hindre barnefattigdom. Den eine er Høyanger som fekk tilskot i samband med eit prosjekt som vart avslutta i 2011. Her har Fylkesmannen rettleia om korleis dei skal bruke midlane, slik at dei kjem barn, unge og familiene deira til gode.

Den andre løvyinga vart ytt til ei interkommunal barnevernsteneste, HAFS, som har hatt ferieprosjekt for utvalde barn og unge. Vi har hatt tett kontakt med dette kontoret.

Elles har det vore vanskeleg å gå ut til kommunane for å motivere dei til å søkje. Våre kommunar ligg relativt godt an på sosialhjelpsstatistikken, og vil såleis ikkje nå fram i prioriteringa på landsbasis. Vi må vere ærlege på at dette er knappe ressursar, og at kommunane i eiga saksbehandling må prioritere vanskelegstilte barn, unge og familien deira.

Vi informerer om tilskotsordninga i samband med leiarsamlingar, på nettet og andre relevante arenaer. Vi har ofte telefonkontakt med tilskotsmottakarane.

Vi har invitert fylkesmannen i Troms for å informere om Sjumilssteget. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane kjem til å starte eit tilsvarende prosjekt.

Ressursrapportering

I samband med årsrapporteringa har vi funne feil i resultatrapporteringa vår. Forbruket pr resultatområde er ikkje lasta opp alle månadane. Vi har difor mauelt berekna dei manglande opplastingane. Total ressursbruk er likevel tilnærma rett.

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|--|---------------|--------------|
| 73.3 Kvalifiseringsprogrammet | kr 283 000,00 | kr 8 799,29 |
| 73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73) | kr 226 720,00 | kr 21 242,08 |
| 74 Tilsyn med sos. tj. i arbeids- og velferdsforv. | kr 73 500,00 | kr 0,00 |
| Andre oppgaver under AD | kr 32 000,00 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 615 220,00 | kr 30 041,00 |

Helse- og omsorgsdepartementet

Resultatområde 73 Levekår og sosiale tjenester

73.1 Lov om sosiale tjenester

Sjå under.

Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

Sjå under.

75.1 Habilitering og rehabilitering – nasjonal strategi

I 2010 oppretta vi eit læringsnettverk om individuell plan. I september 2011 gjennomførte vi ein dagskonferanse for alle kommunar, der hovudtema var nasjonal strategi for habilitering og rehabilitering. I tillegg var det ein presentasjon og evaluering av arbeidet med individuell plan frå nokre kommunar som deltok i prosjektet i 2010. Mellom andre informerte Sigrunn Gjønnes frå Helsedirektoratet om oppfølging av Nasjonal strategi for habilitering og rehabilitering og koordinerande eining i Nasjonal helse- og omsorgsplan 2011 - 2016. Ho la spesielt vekt på styrkinga av Koordinerande eining i den nye helse- og omsorgslova.

Rådmann Arve Varden understreka korleis leiinga kan ta ansvar og etterspørre dei aktivitetane som skal prioritert. Nokre av prosjektkommunane presenterte sine erfaringar, noko som er nyttig for at kommunane skal lære av kvarandre.

Ein brukarrepresentant informerte om kor viktig det er å koordinere tenesta og arbeidet med individuell plan. Den nye statusen til Koordinerande eining har vorte framheva ved opplæring i den nye lova om helse- og omsorg.

Koordinerande eining og individuell plan har også vore tema på leiarnettverk som Fylkesmannen arrangerer to gonger kvart år for leiarar i helse- og omsorgssektoren.

75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier

I våre høyringsfråsegner til kommunale planar vert tilrettelegging for funksjonshemma og universell utforming ettersett og kommentert. Vidare har temaet vore belyst i parallellsesjonar for leiarar i helse- og omsorgssektoren. Universell utforming i eit folkehelseperspektiv vart belyst på ei samling for kommuneleiingane i november med eksempel på ulike tiltak frå Rogaland. Vi har ikkje hatt spesiell omtale av Familieeiviserprosjektet på våre samlingar i 2011.

75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders og sykehjem

Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling

Sjå under.

76.1 Samarbeid mellom 1. og 2.linjetjenesten

Fylkesmannen har engasjert seg i opplysningsarbeid om samhandlingsreforma overfor fleire typer helsepersonell, kommuneadministrasjon, politikarar og frivillige lag og organisasjonar. Dette har skjedd på 17 møte med einskildkommunar eller grupper av kommunar, tre konferansar for alle kommunane i fylket med administrasjon og politikarar, to konferansar for leiarar i helse- og sosialsektoren, fire møte spesielt retta mot legar. To møter for heile fylket har handla om juridiske aspekt ved dei nye helse- og omsorgslovene. I tillegg er dette behandla i innlegg på heimesida, på bloggar og i helse- og omsorgsmeldinga.

KS, rådmannsutvalet og Fylkesmannen har hatt fleire møte med siktet på å etablere ein gruppevis desentralisert struktur for samarbeid mellom kommunane i gjennomføringa av samhandlingsreforma. Dette er gjort etter mønster frå utdanningssektoren. Samarbeidet er i ferd med å komme i gang. Helse Førde og kommunane i fylket har etablert ein formell struktur for samarbeidet mellom 1. og 2. linjetenesta gjennom koordineringsrådet. Fylkesmannen har ei observatørrolle i dette organet.

Fylkesmannen har halde innlegg om samhandlingsreforma og verknader av den for frivillig sektor på ei samling for alle frivilligsentralane på Vestlandet, som vart arrangert i Aurland i september 2011, og på eit møte for idrettsråda i Sunnfjord i november.

I kjølvatnet av Utøyatradisjonen har Fylkesmannen i samarbeid med RBUP Vest arrangert to samlingar for helsepersonell i første og andre linetenesta, og for anna støtteapparat i kommunane for å styrke ivaretakinga av ofra.

76.2 Individuell plan

Fylkesmannen etablerte i 2010 eit læringsnettverk der 15 påmeldte kommunar skulle arbeide med å få på plass betre rutinar for koordinerande eining og bruk av individuell plan. På møtene i læringsnettverket vart det halde faglege innlegg og det var ein arena for læring og erfaringsutveksling mellom kommunane. Hausten 2011 hadde vi oppfølgingssamling, der nokre kommunar fekk presentere arbeidet sitt i etterkant av læringsnettverket. Alle kommunane var inviterte til fagdagen i september. Læringsnettverket og oppfølgingssamlinga har vore i samarbeid med Helse Førde. Temaet har ikkje vore teke opp i separate møte med fylkeskommunen.

76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten

Vi har ikkje hatt aktivitetar som tek opp kvalitetsstrategien som isolert tema, men omgrepsapparatet og tankegangen i strategien vert nytta i dei fleste utoverretta aktivitetane våre. Kvalitetsarbeid er på ulike måtar tema på nettverksamlingane for leiarar i helse- og omsorgstenestene som vi held to gonger i året. Det har også vore tema på fire dialogmøte med kommunane.

I november starta vi opp eit læringsnettverk som skal fungere i heile 2012 med fire samlingar til saman. Læringsnettverket har som målsettjing å utvikle robuste samhandlingsformer som gir læring og betre kvalitet i helse-, omsorgs-, barnevern- og velferdstenestene.

76.5 Felles digitalt nødnett

Nødnettet er ikkje etablert i Sogn og Fjordane.

Resultatområde 77 Andre oppdrag

Sjå under.

77.1 Helsemessig og sosial beredskap

Helse-, sosial- og beredskaps-seksjonane samarbeider godt hjå oss. Beredskapsseksjonen utfører rettleiingsmøte med fleire kommunar årleg der dei også vurderer planane for sosial- og helsemessig beredskap. Det vart avdekt at fleire kommunar har mangelfulle planverk på dette området og Fylkesmannen har drive aktiv rettleiing til dei aktuelle kommunane i form av eit seminar for kommunar som har trengt det. For tre kommunar er det oppretta tilsynssak for å få etablert eit akseptabelt planverk innanfor helsemessig og sosial beredskap.

I november arrangerte Fylkesmannen møte i fylkesberedskapsrådet med etterfølgjande beredskapsøving for alle kommunane i fylket. Temaet var ekstremvêr.

Stormen Dagmar, som kom første juledag, har gitt mange kommunar ei særslig realistisk trening i helsemessig beredskap og har aktualisert beredskapstemaet.

77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

| Embeter | Antall saker | Gjennomsnittlig saksbehandlingstid |
|----------------|---------------------|---|
| FMSF | 0 | |
| Sum | 0 | |

77.3 Særfradrag

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

| Embeter | Antall saker | Gjennomsnittlig saksbehandlingstid |
|----------------|---------------------|---|
| FMSF | 18 | 10 |
| Sum | 18 | |

77.4 Førerkortsaker

I alt 326 personar fekk dispensasjon frå helsekrava i førarkortforskrifta. I tillegg fekk 76 delvis dispensasjon, medan 26 fekk avslag.

Det var 154 tilrådingar til politiet om inndraging av førarrett.

Alle sakene vert registrerte i Trafikk systemet og rapportert til Helsedirektoratet to gonger pr år. Kvart kvartal kontrollerer vi talet på saker og saksbehandlingstida opp mot vår eiga serviceerklæring.

Det har vore ein auke i talet på saker på 58 % sidan 2010.

Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

| Embeter | Antall saker | Gjennomsnittlig saksbehandlingstid |
|----------------|---------------------|---|
| FMSF | 1222 | 17 |
| Sum | 1222 | |

77.5 Pasientjournaler

Pasientjournaler. Antall saker.

| Embeter | Antall |
|----------------|---------------|
| | |

| | |
|------------|----------|
| FMSF | 0 |
| Sum | 0 |

77.6 Rett til trygderefusjon

Ingen slike saker.

77.7 Felles barnevern, sosial og helsemelding

Helse- og omsorgsmelding for 2010 vart publisert 1. mars 2011.

77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i pasientrettighetsloven kap. 4A

Vi har motteke 54 vedtak i 2011. Fleire av desse inneheld fleire tiltak. I alt 45 av vedtaka skulle prøvast etter tre månader. Det betyr at handsaminga av desse sakene er tidkrevjande. I så å seie alle vedtak har det vore nødvendig med innhenting av fleire opplysningar. Dette har vi for ein stor grad gjort pr telefon. Grunnen til at vi har valgt å gjere det slik er at vi då samtidig kan gje rettleiling. Vi meiner at dette har vore nyttig. Vi har ikkje fått klager på vedtaka våre etter dette regelverket.

Pasientrettighetslova kap 4A har vore tema på alle leiarnettverka. Vi har kartlagt behovet for opplæring. På bakgrunn av kartlegginga har vi komme til at vi i 2012 vil invitere kommunane til ein temasamling i kvar region (fem samlingar).

Vi har fleire gonger kontakta den offentlege tannhelsetenesta med tilbod om opplæring, noko dei har takka nei til i 2011.

Fylkesmennene i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har oppretta eit nettverk for erfaringsutveksling om kap 4A. Vi møtest ein gong kvart år.

Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

Fylkesmannen samarbeider med og møter fylkeskommunen og kommunane på fleire arenaer for generelt folkehelsearbeid. Fylkesmannen har hatt innlegg og informert om ny folkehelselov og forventningar i samband med innføring av denne frå 01.01.2012. Dette har vert gjort på opplæringsarrangement og ved fleire andre samlingar i kommunane og med frivillige lag og organisasjonar. Informasjon har vore gitt på leiarnettverk for helse- og omsorgspersonell, folkehelsekoordinatorar i kommunane, KS, Idrettskrinsen og frivilligsentralane sitt regionmøte for Vestlandet. Utfrå tilbakemeldingane frå kommunane er det uklart om bruken av dei frie midlane for styrking av folkehelsearbeidet har ført til auka aktivitet. Tre kommunar har starta opp frivilligsentral. Ni av 26 kommunar har signalisert at dei er i gang med planlegging av frisklivssentral. Vi deltok saman med fylkeskommunen på ei samling for desse kommunane i november, der Helsedirektoratet var til stades og orienterte om rettleiarene for frisklivssentralar.

83.1 Folkehelsearbeid generelt

Fylkesmannen har informert om forventningane til kommunane som er signalisert i ny folkehelselov og handlingsplan for helse og omsorg 2011-2015. Innføring av Samhandlingsreforma har vore tema for to leiar samlingar for kommunar, fylkeskommunen, helseføretak og frivillige lag og organisasjonar. I tillegg har det vore gjennomført dialogmøte med fleire tema i alle fem regionane i fylket, der folkehelse var eit deltema. Det har også vore halde to separate lovseminar om dei nye lovane for sakshandsamarar og andre interesserte i kommunar og organisasjonar i fylket.

Vi har vore pådrivarar og stimulert kommunane til å ta i bruk FRI-programmet i ungdomsskulane (tobakksførebyggande arbeid). Vi har delt ut ein tobakksfripris til Tannhelsetenesta i tillegg til at tre ungdomsskular har fått pris for at alle klassane ved skulane deltek i FRI-programmet.

Vi har lagt ut informasjon om effekten av fysisk aktivitet og sunt kosthald på Fylkesmannen sine nettsider og informert på ulike konferansar og møte med kommunane.

Fylkesmannen deltek i planforum saman med fylkeskommunen, der kommuneplanane vert gjennomgått. Plangruppa til fylkesmannen har oversikt over korleis kommunane rullerer kommuneplanar. Helse-, sosial- og justisavdelinga får overordna planar og kommuneplanar til fråsegn, der folkehelse er eit vurderingstema.

Fylkesmannen har orientert om det nye statistikkverktøyet for komunehelseprofilar som vert utvikla ved Folkehelseinstituttet.

Fylkesmannen deltek i det regionale partnerskapet for folkehelse saman med fylkeskommunen og kommunane.

Hausten 2011 har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomført dialogmøte med kommunane i fylket der folkehelse var eitt av fleire tema. Kommunane vart delte i fem grupper. Føremålet med møta var dialog om arbeidet i kommunane og utfordringar knytte til satsingane og dei ulike tiltaka på folkehelseområdet.

Føremålet var også dialog om statlege mål og forventningar til kommunane, i tillegg til læring og erfaringsutveksling.

Folkehelsearbeid

| Embeter | Antall saker | Gjennomsnittelig saksbehandlingstid |
|------------|-----------------|--|
| FMSF | 0 | |
| Sum | 0 | |

83.2 Miljørettet helsevern

Fylkesmannen har ikkje laga oversikt over faglege utfordringar for kommunane innan miljøretta helsevern. Vi har behandla to klagesaker etter kommunehelsenestelova § 4 A12.

Miljøretta helsevern var eige tema på Folkehelsedagane som vart arrangert i samarbeid med fylkeskommunen 8.-9. november 2011. I samband med implementering av ny folkehelselov vart og miljøretta helsevern og kommunen si rolle veklagt i fleire innlegg. I alt deltok 13 kommunar på konferansen.

83.3 Ernæring, fysisk aktivitet, tobakk og seksuell helse

Fylkesmannen kommenterer og etterspør planar for folkehelsearbeid, ernæring, fysisk aktivitet og tobakksarbeid i høyningsfråsegner for samfunnsdelen i kommuneplanar. Både på leiarsamlingar, dialogmøte i regionane og samlingar for folkehelsekoordinatorar har levevaneområda vore tema ved at kommunane har gjort greie for sine satsingar. Fylkesmannen har formidla statlege føringer på området. Ernæring har vore tema på leiarsamlinga med spesiell vekt på eldre, born og unge. I september arrangerte vi to-dagars kurs i samarbeid med helsesøstergruppa med temaet bra mat, og med gjennomgang av retningslinjer for veging og måling i helsetasjonen. Dessutan hadde vi ein dag med kurs om motiverande intervju og endringsfokusert rådgiving. Kurset var gratis for deltakarane. Fylkesmannen dekte kurset med midlar frå Fri-programmet og midlar til gjennomføring av Samhandlingsreforma.

Deltakarprosenten i Fri-programmet for ungdomsskuleklassar i Sogn og Fjordane ligg høgt. Vi ligg for inneverande år på tredje plass i landet, siste skuleår på andre plass. Fylkesmannen set opp ein premie til tre skular som har alle klassane på ungdomstrinnet med i programmet. I 2012 deltek 87% av elevane frå Sogn og Fjordane i Fri-programmet.

Fylkesmannen har delt ut midlar til fire kommunar som har søkt om støtte til tiltak for svangerskapsførebyggande tiltak og uønska abort. Alle som søkte fekk midlar.

83.6 Smittevern

Vi gjennomførte smittevernkonferanse i september 2011. Vi har hatt kontakt med spesialisthelsetenesta både om smittevernkonferan og infeksjonskontrollprogram. Det er planlagt ytterlegare samarbeid til neste år.

Vi har ikkje hatt saker etter lov om smittevern, men vi har vore i kontakt med ein kommune som har trengt rettleiing.

Smittevernplanar har vore tema på smittevernkonferanse.

Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste

Sjå under.

84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Fylkesmannen har gjort tre tiltak med sikte på å bygge faglege legenetvert og bidra til stabilisering av primærlegar.

Det er etablert ei samfunnsmedisinsk rettleiingsgruppe som resultat av samarbeid mellom Legeforeningen og Fylkesmannen. Ti legar deltek med sikte på å kvalifisere seg til samfunnsmedisinsk spesialisering. I samband med dette er det arrangert samfunnsmedisinsk dag for fastlegar med interesse for samfunnsmedisin på Statens hus. Fylkesmannen er godkjend utdanningsinstitusjon for samfunnsmedisin.

Det er etablert eit læringsnettverk for sjukeheimslegar der Fylkesmannen samarbeider med ein røynd fastlege om drifta. I alt 18 sjukeheimslegar var med på første samling som tok for seg trygg medikamentforskriving til eldre basert på Kunnskapssenteret sin pasienttryggleikskampanje.

Fylkesmannen arrangerte i desember eit fagmøte for legar i fylket. Emne for møtet var samhandlingsreforma, førarkortreglar og korleis fylkesmannen handsamer klager på legar.

Fylkeslegen har delteke ved ein rad møte for legar for å markere aktuelle tema som samhandlingsreforma og legerekutteringsvanskar.

Fylkesmannen gjorde ei kartlegging av rekrutteringa og stabiliteten av fastlegar i fylket i februar 2011. Det er framleis rekrutteringsvanskar i fleire kommunar. Det er også problem å få legar til å bli verande i fylket. Det var berre eit par stillingar som var vakante, men 17 % av stillingane har vikar. Dette representerer eit kvalitetsproblem. Ein av fem fastlegar har vaktfritak og 28 % er over 55 år. Berre 54 % av kommunane har samfunnmedisinsk rådgjevar (kommunelege/kommuneoverlege). Det kom fram av kartlegginga at berre 65 % av fastlegane har vore tilsett i meir enn to år i kommunen dei no arbeider i. Denne undersøkinga har fylkeslegen presentert i møte for kommuneadministrasjon og politikarar.

Det er etablert to større interkommunale legevakter i fylket, noko som har bidrige positivt til betre rekruttering av fastlegar i småkommunar som tidlegare har hatt stor vaktbelastning. Ved begge legevaktsordningane deltek fastlegane mindre enn ønskjeleg i legevaktsarbeid.

84.2 Turnustjeneste

Fylkesmannen har arrangert to kurs i offentleg helsearbeid for turnuslegar, fysioterapeutar og kiropraktorar. Kursa har deltakarar frå Sogn og Fjordane og Hordaland. Vi har fått gode evalueringar frå deltakarane.

Fylkesmannen har arrangert to kurs i akuttmedisin for turnuslegar i Sogn og Fjordane.

Vi har eit opplegg med grupperettleiing i kommunehelsetenesta. Det vert arrangert to todagars-samlingar for kvart turnuslegekull. Vi har tidlegare delteke i eit pilotprosjekt der vi også har arrangert grupperettleiing for kvart turnuslegekull. Dei fleste turnuslegane rapporterer at dei er nøgde med den praktiske tenesta i sjukeheim, men det kjem fram at denne tenesta vert organisert ulikt i kommunane.

Vi godkjenner og skaffar turnusplassar for fysioterapeutar i samarbeid med regionansvarleg fylkesmann.

84.3 Klagesaksbehandling etter lov om helsetjenesten i kommunene, pasientrettighetsloven og lov om sosiale tjenester

Vi har i 2011 fått inn 74 tilsynssaker. I 17 av desse sakene var sakshandsamingstida lenger enn fem månader. I alt 72 saker blei avslutta i 2011.

Vi fekk inn 56 saker etter lov om pasientrettar. I ni av desse sakene brukte vi meir enn tre månader på handsaminga. I alt 49 saker blei avslutta i 2011.

Vi viser også til RegRot - rapportering

84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Vi er kjende med at fengselet i Vik har avtale med spesialisthelsetenesta og at dei tilsette får informasjon om retten til individuell plan. Vi har ikkje handsama saker frå fengselshelsetenesta.

84.5 Helsetjenestetilbud til asylsøkere, flyktninger, familiegjenforente og direktebosatte overføringsflyktninger

I samband med implementering av nye lover for folkehelse og helse- og omsorgstenesta vert innvandrarhelse teke opp som tema for å understreke utfordringar med sosial ulikheit i helse, og korleis kommunane bør vektlegge desse utfordringane i sine tenester. Det har ikkje vore arrangert eigne tiltak for dette temaet, men det har vore parallellesjonar om helsestasjonstenesta for innvandrarar og asylantar. Fylkesmannen legg vekt på at kommuneplanane har merksemd på området, og at det vert formulert tiltak som er forpliktande, både i samfunnssdelen og i andre delplanar for å ivareta helsetjenestetilbodet til asylantar og invandrarar.

84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Sjå punkt 84.5 over

84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjoner

Fylkesmannen hadde i 2010 i samarbeid med andre instansar (sjå rapport 2010) ei kursrekke som var innretta mot å hjelpe kommunane med å utarbeide handlingsplanar mot vald i nære relasjoner der 13 kommunar deltok. I 2011 vart det arrangert oppfølgingssamling der nokre kommunar presenterte planane sine. Fire kommunar har laga handlingsplanar som er politisk behandla, medan ein kommune har planen sin ute til høyring. Vidare har ein kommune oppretta eit konsultasjonsteam som jobbar inn mot andre yrkesgrupper som arbeider med born og oppvekst.

Det er oppretta valdtektsmotak på sentralsjukehuset i Førde. I Flora er det eit interkommunalt krisesenter for kvinner og mindreårige born som alle kommunane i fylket nyttar.

Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt planlegg å opprette eit overgrepsmottak for alle kommunane i fylket. Planarbeid og opplæring av personell er i gang, og KS har sagt dei er positive til ei slik løysing. Det er ikkje gjort forpliktande vedtak i dei ulike kommunane. Fylkesmannen har støtt opp med midlar til planlegging og opplæringsføremål.

84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten

Nye faglege retningslinjer om veging og måling har vore tema på parallellesjon for kommunale leiarar og helsepersonell. Vidare gjekk ein representant for Helsedirektoratet gjennom retningslinjene. På samlinga var alle kommunar i Sogn og Fjordane representerte.

Fri-programmet var tema på helsesøstersamlinga i september, og overvekt bland barn og unge var eit anna tema på samlinga. Fleire tiltak og forskningsprosjekt om overvekt og ernæring vart presenterte på samlinga. "Gode vanar og små "grep" i kvardagen - frå barnemat til kosthald" var tittel på eit av innlegga som var veldig praktisk retta.

84.9 Svangerskapsomsorgen

Fylkesmannen hadde ikkje slike saker i 2011.

84.10 Kjønnslemllestelse

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har teke opp kjønnslemllesting saman med overgrep og vald i nære relasjoner. Dette var tema på ein konferanse som Fylkesmannen arrangerte i november 2011. Målgruppe for konferansen var barnevernstilsette, helsepersonell, politi og andre som jobbar med barn og oppvekst.

Fylkesmannen har gitt støtte til Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevakt for å få etablert eit overgrepsmottak i fylket. Fylkesmannen har støtt opp om opplæring av personell og utarbeiding av ein

interkommunal plan for å kunne førebygge kjønnslemlesting og overgrep. Det er også lagt vekt på å gjøre kjent rundskriv og rettleiingsmateriell på området for helsepersonell og andre aktuelle målgrupper, som politi, barnevern med fleire. Det har vore undervist om temaet på turnuskurs for legar, fysioterapeutar og kiropraktorar.

84.11 Tannhelse

Tannhelsetenesta deltek i fleire av samarbeidsarenaene som Fylkesmannen har med kommunane. Dei er med i nettverk mot vald og overgrep, og har laga prosedyrar saman med barnevernet. Dei deltek i det generelle folkehelsearbeidet, og leier nettverk for betre kosthald og mot tobakk. Tannhelsetenesta er involvert i fleire av nettverka og det utoverretta rådgivningsarbeidet vi har. Tannhelsetenesta har etablert samarbeidsavtalar med mange av kommunane for å sikre tverrfagleg samarbeid mellom kommunane og tannhelsetenesta for å følgje opp fleire målgrupper.

Tannhelsetenesta har i fleire år hatt stor aktivitet på folkehelseområdet, spesielt retta mot tobakk og ernæring. Tannhelsetenesta fekk tobakksfrei pris for 2011 i Sogn og Fjordane.

Resultatområde 85 Spesialhelsetjenesten

Ikkje slike saker i 2011.

85.1 Abortloven

Ikkje slike saker i 2011.

85.2 Sterilisering

Ikkje slike saker i 2011.

85.3 Lov om transplantasjon

Antall saker

| Embeter | Antall |
|----------------|---------------|
| FMSF | 0 |
| Sum | 0 |

85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler

Tillateler til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

| Embeter | Antall saker | Gjennomsnittlig saksbehandlingstid |
|----------------|---------------------|---|
| FMSF | 83 | 5 |
| Sum | 83 | |

85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

| Embeter | Antall saker | Gjennomsnittlig saksbehandlingstid |
|----------------|---------------------|---|
| FMSF | 0 | |
| Sum | 0 | |

85.6 Godkjenning av private sykehus, privat medisinsk laboratorie- og røntgenvirksomhet

Ikkje slike saker i 2011.

85.7 Funksjonsprogram for nye offentlige sykehusbygg

Ikkje slike saker i 2011.

Resultatområde 86 Omsorgstjenester

86.1 Omsorgsplan 2015

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har på ulike måtar bidrige i kommunane sitt arbeid med å nå målsettingane i Omsorgsplan 2015. Vi har oppretta og delteke på ulike arenaer som gjeld oppfølging av kommunane si gjennomføring av strategiar og satsingar i Omsorgsplan 2015.

Dei siste åra har det samla talet på omsorgsbustader og sjukeheimslassar vorte reduserte i fylket. Dette skjer trass i opptrapningsplan for heildøgns omsorgsbustader. Vi har tolka dette som ei avventande haldning i kommunane til den kommande samhandlingsreforma.

Ei eiga arbeidsgruppe har ansvar for gjennomføring av oppdraga til Fylkesmannen knytt til Omsorgsplan 2015. Gruppa er samansett av tre tilsette med helsefagleg og sosialfagleg kompetanse. Gruppa har avtale med rådgjevar ved utdanningsavdelinga og økonomirådgjevar om å verte innkalla til møte i arbeidsgruppa ved behov. I tillegg til dette samarbeider gruppa med andre tilsette ved helse-, sosial- og justisavdelinga om fleire av tiltaka under Omsorgsplan 2015. Vi har også andre samarbeidspartnarar.

Det er oppretta ei koordineringsgruppe for Kompetanseløftet 2015. Føremålet med gruppa er formidling av statlege signal og føringar, informasjon og erfaringsutveksling, samhandling og gjennomføring av tiltak i Kompetanseløftet 2015. Til no har denne gruppa vore innkalla til eitt møte i året. Vi kallar inn ulike aktørar som har ansvar for og arbeider med rekruttering, opplæring og kompetanseheving av helse- og sosialpersonell i kommunane i fylket til desse møta.

Vi møter i styringsrådet for Utviklingsenteret for sjukeheimar og heimetenester i fylket. Vi har også delteke på nettverksamlinga til Regionalt senter for omsorgsforsking for utviklingsentera for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland hausten 2011.

Fram til 2011 har vi hatt regelmessige samarbeidsmøte med Husbanken, Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Rogaland om investeringstilskotet knytt til bygging av sjukeheimar og omsorgsbustader. Vi har ikkje vorte innkalla til slike møte dette året. Etter at embetsoppdraget til Fylkesmannen vart endra på dette området, har det vore lite kontakt og samarbeid med Husbanken.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane arrangerer nettverksamling for leiarar i kommunal helse- og omsorgsteneste to gonger i året, ei samling i mai månad og ei i november. Arbeidsgruppa med ansvar for Omsorgsplan 2015 har medansvar for programmet til desse nettverksamlingane. Dette er vår viktigaste arena i arbeidet med å setje fokus på dei ulike satsingane og tiltaka i Omsorgsplan 2015. I tillegg brukar vi Fylkesmannen.no som ein viktig arena for å informere kommunane og andre om Omsorgsplan 2015.

På leiarnettverksamlingane vert det i stor grad lagt vekt på erfaringsutveksling og erfaringsoverføring mellom kommunane, utviklingsenteret, høgskulen, Helse Førde, Fylkesmannen og andre aktuelle samarbeidspartar. Samhandlingsreforma har på ulik vis vore tema på leiarnettverksamlingane dette året. I tillegg har mellom anna ernæring og over- og undervektsproblematikk, legemiddelbehandling, individuell plan, demensomsorg og miljøbehandling i eldreomsorga vore tema.

Både på vår- og haustsamlinga har koordinator for utviklingsenteret for sjukeheimar og heimetenester halde innlegg og orientert om deira arbeid og satsingsområde, i tillegg til kva dei kan bidra med av hjelp til kommunane. Forsking og fagutvikling har vore tema, og ulike prosjekt har vorte presenterte.

Hausten 2011 har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomført dialogmøte med kommunane i fylket der Omsorgsplan 2015 var eitt av temaa. Kommunane vart delte i fem grupper. Føremålet med møta var dialog om kommunane sitt arbeid og utfordringar knytt til satsingane og dei ulike tiltaka i Omsorgsplan 2015. Føremålet var også dialog om statlege mål og forventningar til kommunane, i tillegg til læring og erfarsingsutveksling.

86.2 Demensplan 2015

Demensplan 2015 sine hovudsatsingsområde har vore tema på Fylkesmannens nettverksamlingar for leiarar i pleie- og omsorgstenesta. Fylkesleggen har hatt planen som tema i " fylkeslegens time" på desse samlingane. Rettleiar for utgreiing og diagnostisering av demens har også vorte presentert. Ein av kommunane våre har også bidrige på ei av samlingane med eigne erfaringar og informasjon om oppfølgingsarbeid etter tilsyn der demensutgreiing var tema.

Vi har delteke i arbeidet med å samle inn data i den nasjonale kartlegginga av tenestetilbodet til personar med demens. Også denne gongen vart det nødvendig med ekstra påminning til enkelte kommunar for å få tilbake kartleggingskjema. Fylkesleggen har lagt fram resultatet frå den nasjonale kartlegginga av tenestetilbodet til personar med demens for vårt fylke på leiarnettverksamling hausten 2011. Vi vil følgje kartlegginga vidare opp overfor dei enkelte kommunane i 2012.

Det er vårt inntrykk at kommunane legg vekt på Demensplan 2015. Prosjekt med dagtilbod og aktivitetstilbod for demente er på gang i fleire kommunar. Like eins opplæring av pårørande (pårørandeskular). Vi har informert kommunane om ny tilskotsordning i dette arbeidet på leiarnettverksamling haust 2011.

Den nasjonale kartlegginga syner mellom anna at ti av 26 kommunar har dagtilbod, og 15 av 26 kommunar har demensteam/koordinator. I våre dialogmøte med kommunane hausten 2011 får vi tilbakemelding om behov for vidare utbygging av dagtilbod og avlasting til demente. Det vert også gjeve tilbakemelding om at kommunane erfarer vekst i transportutgiftene for brukarar som deltek i sosiale aktivitetar og dagtilbod.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner det er viktig at kommunane får presentere små og større prosjekt og tiltak for dei andre kommunane i fylket, og vi brukar våre leiarnettverksamlingar som arena til dette føremålet. Kommunane sine tilbakemeldingar syner at gode døme alltid vert godt mottekne.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve tilskot frå Kompetanseløftet 2015 til kommunar som søker om støtte til opplæring i Demensomsorgens ABC. Stadig fleire kommunar søker om støtte til slik opplæring. Det er også ein del kommunar som samarbeider om denne opplæringa, noko vi vurderer som positivt.

Av 26 kommunar i fylket har 13 tidlegare vore med i eit prosjekt-nettverk for miljøbehandling for personar med demens i regi av Olaviken. Etter at prosjektet var avslutta ønskte kommunane at nettverket skulle halde fram. Utviklingsenteret vil overta administreringa. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har vore ein støttespelar i dette arbeidet. Koordinator for Utviklingsenteret for sjukeheimar og heimetenester orienterte på leiarnettverksamlinga i mai 2011 om dei vidare planane for fylkesnettverket i miljøbehandling.

86.3 Kompetanseløftet 2015

I følgje personellstatistikken (Kostra 2010) har vi framleis ei positiv utvikling i talet på årsverk i omsorgstenestene i fylket. Veksten er likevel lågare enn året før. Del årsverk i brukarretta teneste med fagutdanning har ei negativ utvikling i høve til tidlegare. Del årsverk av pleiarar med relevant fagutdanning (frå vidaregåande skule) er redusert frå 42% i 2008 til 41% i 2010. Del årsverk i brukarretta tenester med høgskuleutdanna held seg stabilt.

Kompetansesituasjonen i dei kommunale omsorgstenestene er framleis ei utfordring for kommunane i fylket. Dette er vi uroa over, spesielt med tanke på dei framtige oppgåvane til kommunane knytt til samhandlingsreforma. Samstundes kan tilsette utan helse- og sosialfagleg utdanning verte ein ressurs dersom kommunane er i stand til å ta vare på dei og legge til rette for utdanning og kompetanseheving.

Kommunane rapporterer om utfordringar med å rekruttere helsefagarbeidarar, lærlingar og sjukepleiarar. Spesielt kystkommunane har utfordringar med å rekruttere sjukepleiarar. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane får også tilbakemelding frå kommunane om utfordringar med fleire studentar og lærlingar som ikkje er skikka til arbeid i omsorgsyrka.

Det er god rekruttering til både heiltids- og deltidstudiet i sjukepleie og vernepleie i Sogn og Fjordane. Det er også god rekruttering til vidareutdanningane sjølv om søkeratala varierer noko.

I 2011 fekk 23 av 26 kommunar i fylket tildelt tilskotsmidlar frå Kompetanseløftet 2015. Fylkesmannen får gode tilbakemeldingar på denne ordninga. Det vart søkt om tilskot på omlag 10 mill. kroner. Vi hadde omlag 2,5 mill. kroner til fordeling. Sjølv om ordninga ikkje er omfattande, opplever kommunane dette som eit positivt bidrag til rekruttering og kompetansebygging.

Kvaliteten på arbeidet i kommunane med kompetansekartlegging og planlegging varierer. Alle kommunar rapporterer om resultat og plantal til Fylkesmannen, men det er ikkje alle som rapporterer innan fristen.

86.4 Investeringstilskudd til sykehjem og omsorgsboliger

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har tidlegare delteke på samarbeidsmøte med Fylkesmennene i Rogaland og Hordaland og Husbanken region vest om investeringstilskotet. Vi har ikkje delteke på slike møte i 2011. Etter at embetsoppdraget til Fylkesmannen vart endra på dette området, har vi heller ikkje fått spørsmål frå Husbanken om fagleg assistanse i søknadshandsaminga. Vi har fått munnleg tilbakemelding frå Husbanken om at det er lite byggeaktivitet i kommunane i vårt fylke.

Kommunane i Sogn og Fjordane har tidlegare meldt om behov for omlag 700 nye einingar i perioden 2008 - 2015. Ordninga er teken opp med kommunane på ulike arenaer. Fylkesmannen er kjend med at nokre kommunar har større prosjekt under planlegging med byggestart 2011/2012. Det er uvisst om desse kjem i gang slik som planlagt. Vi ser at kommunane har utfordringar. Dei brukar tid til planlegging. Nokre kommunar har også utfordringar knytt til tomtespørsmål. Kommuneøkonomi vil vere avgjerande for om planlagde prosjekt kan realiseraast.

I våre dialogmøte med kommunane hausten 2011 informerte kommunane i fylket om at dei har behov for fleire sjukeheimslassar og omsorgsbustader til demente, til rusmisbrukarar og innan PU-tenestene.

86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten

Internkontrollkravet har blitt løfta fram på ulike arenaer. Mellom anna er kvalitet og internkontroll tema i samband med tilsynsarbeidet vårt. Vi har gjeve råd og rettleiing om internkontroll i oppfølginga vår av kommunane etter utført tilsyn.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjennomført opplæring for kommunetilsette om ny folkehelselov og ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester hausten 2011. Opplæringa vart organisiert med to dagsamlingar. Tilbodet gjekk ut til både leiarar og sakshandsamarar. Dei nye lovene har også vore tema på nettverksamlingane våre for leiarar i helse og omsorgstenestene.

Vi har starta opp eit nytt "forbetningsprosjekt" hausten 2011. Kommunane deltek med tilsette frå ulike tenesteområde i eit læringsnettverk der føremålet mellom anna er kvalitetsutvikling og betre samhandling i tenestene. Eit av måla er å få til endringsarbeid og gode læringssløyfer. Dette handlar også om internkontroll.

IPLOS-fagdag har ikkje blitt gjennomført dette året, i samsvar med tilrådinga frå Helsedirektoratet. Fylkesmannen etterspør IPLOS-data i samband med vår handsaming av klagesaker. Inntrykket vårt er at kommunane kartlegg og rapporterer, men framleis er det få kommunar som brukar IPLOS-data og kvalitetsindikatorar i communal planlegging. Kvalitet på dataa varierer.

Legenormeringa i sjukeheimar er eit tema som fylkeslegen har løfta fram for rådmenn og ordførarar i Fylkesmannen sine møte med kommunane og på nettverksamlingane våre for leiarar i helse- og omsorgstenestene. Temaet har også blitt teke opp i dialogmøte med kommunane. Kostra-tala syner at vi har ein reduksjon i talet på legetimar per veke per bebruar i sjukeheim her i fylket i 2010 i høve til 2008. Gjennomsnittet for kommunane i Sogn og Fjordane var 0,26 timer i 2010 medan landsgjennomsnittet var 0,36. Vi er uroa over utviklinga.

Fylkeslegen i Sogn og Fjordane har løfta fram prosjektet "Etisk kompetanseheving i kommunane" i fylkeslegens time på leiarnettverksamling våren 2010.

Ernæring har vore teke opp som eige tema på nettverksamling for leiarar i helse- og omsorgstenestene. "Nasjonale faglege retningslinjer for førebygging og behandling av underernæring" er blitt gjort kjent og gjennomgått på same arena. Retningslijnene har også vore tema og blitt brukt i tilsynsarbeidet vårt.

86.6 Utviklingssentre for sykehjem og hjemmetjenester/Lindrende behandling

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ fylkessjukepleiar deltek i styringsrådet til Utviklingsenteret for sjukeheimar og heimetenester i fylket. Vi har hausten 2011 delteke i regional nettverksamling med representantar frå utviklingsentera i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane og senter for omsorgsforsking.

Koordinator for utviklingsenteret har avsett tid på nettverksamlingane våre for leiarar i helse og omsorgstenestene til å orientere om eller ta opp aktuelle saker. Erfaringar og kunnskapsformidling frå utviklingsenteret sine prosjekt er tema som har blitt teke opp. På nettverksamlinga hausten 2011 bidrog også senter for omsorgsforsking med informasjon og invitasjon til kommunane om deltaking i forskingsprosjekt.

86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og omsorgstjenesten

Forskrift om en verdig eldreomsorg har blitt løfta fram i "fylkeslegens time" på nettverksamling for leiarar i helse- og omsorgstenestene. Informasjon om forskrifter har også blitt lagt ut på nettsidene våre.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjennomført opplæring for kommunane om ny folkehelselov og ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester, jf. 86.5. Kva for rutinar kommmunane har for bruk av IPLOS er blitt etterspurt i samband med tilsynsverksemda vår. Vi etterspør også IPLOS-data i sakshandsaminga vår.

86.8 Aktiv omsorg/Partnerskap med familie og lokalsamfunn

"Aktiv omsorg" og "Partnerskap med familie og lokalsamfunn" har vore tema på nettverksamlingane våre også dette året. I år har vi mellom anna hatt fokus på folkehelsearbeid og førebyggande tiltak for heile befolkninga, også for brukarar av omsorgstenester. Temaet har også i ulik grad blitt teke opp i dialogmøta våre med kommunane.

Rundskriv I6/ 2009 om rett til eiga tru og livssynsutøving er tidlegare gjort kjent på nettsida vår.

86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemning

Alle kommunane har vore inviterte til å delta på Habiliteringskonferansen. Konferansen er eit samarbeid mellom habiliteringstenesta i Helse Førde og Fylkesmannen. På denne konferansen vart kapittel 4 A gjennomgått. I tillegg har Fylkesmannen ytt tilskot til e-læringsprogram, og dette er gjort kjent i kommunane.

Fylkesmannen har hatt to møte med habiliteringstenesta der føremålet er å fremme felles forståing for regelverket og problemstillingane kommunane arbeider med.

Fylkesmannen fekk 593 enkeltmeldingar om bruk av tvang og makt mot 22 personar med psykisk utviklingshemming etter sosialtenestelova kapittel 4A i 2011.

I tillegg overprøvde vi 20 kommunale vedtak, der vi godkjende 18 av desse. Vedtaka fordeler seg med ni vedtak etter sosialtenestelova kapittel 4 A bokstav b, medan ni av vedtaka er heimla i sosialtenestelova kapittel 4 A bokstav c. Vi har gjeve dispensasjon frå kravet til utdanning i ni av sakene. I tre av sakene var sakshandsamingstida lenger tre månader. Vi har gjennomført sju tilsyn hos personar med tiltak i løpet av året. Per 31.12.2011 er det 16 personar med godkjende vedtak, samstundes som vi har to vedtak mot ein person under handsaming.

86.10 IPLOS - individbasert pleie- og omsorgsstatistikk

Vi har ikkje blitt gjort kjende med at det har vore spesielle utfordringar med IPLOS.

I samband med tilsyns- og klagesakshandsaminga vår etterspør vi IPLOS.

Det har ikkje vore gjennomført møter og konferansar spesielt retta mot IPLOS.

Resultatområde 87 Psykisk helse

Sjå under.

87.1 Tvungen undersøkelse

Ingen meldte.

87.2 Behandling uten eget samtykke

Vi har handsama 6 saker som gjeld klage på tvangsmedisinering i psykisk helsevern.

87.3 Privat forpleining i det psykiske helsevernet

Ikkje slike saker i 2011.

87.4 Godkjenning av institusjoner som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsevern

Fylkesmannen har i løpet av 2011 ikkje handsama søknader som gjeld godkjenning av institusjonar som skal ha ansvar for tvunge psykisk helsevern.

87.5 Vedtak om overføring

Ikkje slike saker i 2011.

87.6 Forpleining, kontroll og tilsyn med pasienter i det psykiske helsevern

Ikkje slike saker i 2011.

87.7 Videre utvikling av det psykiske helsearbeidet i kommunene

Fylkesmannen har samanstilt og sendt inn rapportering innan 15.04.2011 (jf. rundskriv IS-24/2010). Vi har gått gjennom budsjetta i kommunane og sendt inn rapport om utviklinga for den einskilde kommune så langt det let seg gjere. Vi har hatt samarbeidsmøte med Fylkesmennene i Hordaland og Rogaland saman med Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid for å utveksle erfaringar rundt etablering av nettverk og kompetanseutvikling.

Vi har vår og haust arrangert Rusfagleg forum med tema innan fagområdet psykisk helse og rusproblematikk i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Helse Førde, fylkeskommunen, Nav og brukarorganisasjonar. Målgruppa for Rusfagleg forum er brei, og samlingane fungerer som eit fylkesomfattande nettverk.

Fylkesmannen har i samarbeid med Nav Sogn og Fjordane arrangert fagdag med temaet arbeid og psykisk helse. Målgruppe var tilsette i Nav og psykisk helseteneste i kommunane. Vi inviterte også tilsette i spesialisthelsetenesta.

Fylkesmannen arrangerte hausten 2011 dialogmøte med kommunane, der vi hadde alle sentrale satsingar som tema, inkludert psykisk helse og rus. Vi samla 5-6 kommunar og hadde innlegg og drøfting.

Fylkesmannen får svært gode tilbakmeldingar på arrangement og samlingar. Erfaringsutveksling mellom kommunar, mellom oss og kommunane, og gode faglege innlegg har vore nyttig og viktig i løpet av året.

87.8 Dispensasjon fra forskrift om faglig ansvarlig for vedtak i det psykiske helsevernet

Fylkesmannen handsama i 2011 to søknader frå Helse Førde om dispensasjon frå forskriftena. Begge søknadene gjaldt kortvarig konstituering som overlege i påvente av spesialistgodkjenning. Dispensasjon vart gitt i begge sakene.

87.9 Godkjenning av psykiatriske poliklinikker

Fylkesmannen har i løpet av 2011 ikkje handsama søknader som gjeld godkjenning av psykiatriske poliklinikkar. Vi har pr 1. januar og pr. 1. juli sendt oversikt over refusjonsgjevande stillingar ved dei psykiatriske poliklinikkane i fylket til Helfo.

87.10 Gjennomføring av tvungent psykisk helsevern for personer som ikke har bosted i riket

Antall saker

| Embeter | Antall |
|------------|----------|
| FMSF | 0 |
| Sum | 0 |

Resultatområde 88 Rusområdet

Sjå under.

88.1 Alkoholloven

Antall saker

| Embeter | Antall |
|------------|----------|
| FMSF | 3 |
| Sum | 3 |

88.2 Rusmiddelarbeid

Fylkesmannen har for 2011 forvalta øyremerkte midlar til kommunalt rusarbeid, koordinerande tillitsperson og vidare- og etterutdanning etter gjeldande regelverk for ordningane, og i samarbeid Helsedirektoratet.

Rusfagleg forum er eit veletablert forum som har to samlingar over to dagar, vår og haust. Rusfagleg forum er eit forum for alle som arbeider på rusfeltet i fylket. Spesialisthelsetenesta er med i planlegginga. Invitasjon går ut til ei brei målgruppe i kommunane, i tillegg til brukarorganisasjonar, Nav og politiet. Tema våren 2011 var: Rus (misbruk) frå brukarperspektiv og cannabis. Her var det ca 150 deltagarar. Hausten 2011 var tema avrusning, abstinensbehandling og gravide rusmiddelmisbrukarar. Denne samlinga hadde om lag 120 deltagarar.

Fylkesmannen har to gonger i året eit samarbeidsforum som vi kallar Ressursgruppe rus. Her deltek Helse Førde med to representantar, Fylkesmannen, Korus, kommunerepresentantar, Høgskulen i Sogn og Fjordane og rusettervernet. Her er det informasjonsutveksling og planlegging av rusfagleg forum og andre utoverretta aktivitetar.

I 2011 har det vore gjennomført prosessgruppe i rus og psykiske lidingar over 3 dagssamlingar i Førde i samarbeid med Korus. Her var det om lag 30 deltagarar.

Det har vore arrangert grunnkurs i motiverande samtale i samarbeid med Korus over to dagar i Førde med ca 35 deltagarar.

Fylkesmannen og Korus har tett samarbeid om kompetanseutvikling for kommunane og spesialisthelsetenesta i fylket.

Ressursrapportering

I samband med årsrapporteringa har vi funne feil i resultatrapporteringa vår. Forbruket pr resultatområde er ikkje lasta opp alle månadane. Vi har difor mauelt berekna dei manglande opplastingane. Total ressursbruk er likevel tilnærma rett.

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|--|-----------------|-----------------|
| 81 Tilsyn og klagesaksbeh. etter sosialtj. loven | kr 576 679,00 | kr 0,00 |
| 82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven | kr 2 480 867,00 | kr 0,00 |
| 83 Folkehelsearbeid | kr 168 897,00 | kr 5 751,20 |
| 84 og 85 Primærhelsetj. og Spesialhelsetj. | kr 846 142,00 | kr 56 136,63 |
| 86 og 75 Omsorgstj, Habilitering og Rehabilitering | kr 464 325,00 | kr 0,00 |
| 87 og 88 Psykisk helse og Rusområdet | kr 713 513,00 | kr 1 529 102,71 |
| 76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag | kr 626 640,00 | kr 0,00 |
| Andre oppgaver under HOD | kr 32 000,00 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 5 909 063,00 | kr 1 590 990,00 |

Samferdselsdepartementet

Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet

91.1 Avkjørselssaker etter vegloven

I 2011 har vi handsama ei avkjørslesak etter veglova.

91.2 Konsesjon til anlegg og drift av taubaner

Vi har gjeve konsesjon eller fornya konsesjon til 4 ulike baner i 2011, fordelt på 3 saker (ei sak omhandla 2 ulike skitrekk).

Vi har til handsaming nokre få saker som gjeld vurdering av tilbaketrekking av konsesjon eller pålegg om fjerning og liknande.

Vi har ikkje hatt klagesaker.

Utenriksdepartementet

Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet

92.1 Apostiller

Apostillesaker vert handsama fortløpende. Publikum kan få løyst slike saker både på Statens hus på Leikanger og ved Fylkesmannen si avdeling i Førde. I 2011 vart det skrive ut 445 apostiller.

92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler

Vi har ikkje hatt slike saker til handsaming i 2011. Fylkesmannen i Hordaland handsamar dei sakene som gjeld både Hordaland og Sogn og Fjordane.

Kulturdepartementet

Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

Statstilskot til registrerte og uregistrerte trussamfunn for 2011 vart fastsett til 330 836 kroner, mot 294 483 kroner for 2010.

I 2011 mottok vi éi klage på fastsett statstilskot. Vi har ikkje motteke klager over kommunale vedtak.

I 2011 mottok vi ingen søknader om godkjenning av trus- eller livssynssamfunn. To trussamfunn har fått nye forstandarar.

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet

Resultatområde 93 Konsultasjonsprosedyrer mellom statlige myndigheter og sametinget

Ikkje noko å rapportere.

Resultatområde 96 Gravferdsloven

I 2011 handsama vi 15 søknader om oskespreiing, mot 11 i 2010. Vi avslo ein av søknadene.

Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred

I 2011 innvilga vi ti søknader om søndagsopne butikkar. Dette er same tal løyve som i 2010. I 2011 handsama vi to søknader om status som typisk turiststad. Begge søknadene vart avsleagne.

Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området

Sjå rapportering på kvart enkelt område.

98.1 Rekruttere og beholde medarbeidere

Vi utarbeida ei lokal avtale for inkluderande arbeidsliv i mars 2011.

Vi har ikkje eigne måltal for rekruttering av innvandrurar. Ved ledige stillingar nyttar vi standardteksten frå staten om mangfold, men vi har likevel få søkjrarar med innvandrarbakgrunn. Vi har kalla inn alle kvalifiserte søkerar med innvandrarbakgrunn til intervju, og tilsett to i 2011. Vi har deltatt som mentor i to program der målgruppa var minoritetsspråklege.

Fylkesmannen var mentor i Global Future i regi av NHO, og administrasjonssjefen var mentor i Ung med mentor

i regi av Nav.

Vi har også valt å ikkje ha eigne måltal på rekruttering av medarbeidrarar med nedsett funksjonsevne. Vi har ikkje fått søkjurarar på ledige stillingar i 2011 som har opplyst om at dei har nedsett funksjonsevne, og det er difor også vanskeleg å fange dei opp i tilsetningsprosessar. Vi har hatt fleire personar på arbeidspraksis og utprøving av arbeidsevne gjennom Nav sine ordningar det siste året.

Vi tilrettelegg for livsfasepolitikk ved å ha fleksibilitet for alle tilsette, noko som og kjem seniorane våre til gode. Vi har difor valt å ikkje avtale ekstra fridagar for seniorane. I medarbeidarsamtalen skal tilsette over 60 år bli spurt om kva dei meiner er viktig for å halde fram i jobben fram til pensjonsalder.

Sjukefråværet ved embetet var 6,1 % i 2011. Dette er framleis høgare enn det vi tradisjonelt har hatt. I den lokale IA-avtalen har vi sett som mål å komme under fire prosent i løpet av perioden. Vi har oppdatert rutinane for oppfølging av sjukmelde i samsvar med nytt regelverk. Vi har sett fokus på korleis vi skal førebyggje sjukefråvær, og har prioritert tiltak i 2011 som held fram i 2012. Vi har avtale om bedriftshelseteneste og brukar denne aktivt, både ved førebygging og i oppfølging av sjukmelde.

Vi skal fastsetje måltal for alle delmåla i IA-avtalen i løpet av 2012.

I samarbeid med kompetansenettverket for offentlege verksemder i Indre Sogn har vi planlagt ei kursrekke der tema er delmål 2 i IA-avtalen. Delmål 2 har som føremål å auke sysselsetjinga av personar med redusert funksjonevne. Det første av desse kursa vart gjennomført i november 2011, og resten blir arrangert i løpet av vinteren 2012. I tillegg har vi delteke i IA-nettverket "Sogn viser veg" i regi av Nav. Her var det ei samling i desember 2011, og to nye samlingar vinteren 2012. Føremålet med desse samlingane er å få ny kunnskap om arbeidet med delmål 2, og erfaringsutveksling med dei andre verksemndene i nettverket om korleis vi kan få til dette i praksis.

Tilsatte med innvandrerbakgrunn

| Embete | Antall 2010 | % 2010 | Antall 2011 | % 2011 |
|------------|-------------|----------|-------------|----------|
| FMSF | 3 | 2,42 | 4 | 3,18 |
| Sum | 3 | 0 | 4 | 0 |

98.2 Kompetanseutvikling

I tillegg til individuelle kompetansetiltak i avdelingane, hadde vi i 2011 desse fellestiltaka:

- norskkurs
- skriving for nett/bloggsjanger
- oppfølgingssamling for leiarutvikling i embetet

Rapportering på fordeling av kompetansemidlar:

I rapporteringa vår om fordeling av kompetansemidlar har vi rapportert ut frå kven som deltek på felles kompetansetiltak i embetet. Per i dag klarar vi ikkje å dokumentere korleis kompetanseutvikling i kvar enkelt avdeling vert fordelt på kjønn og alder.

Individuell kompetanseutvikling er tema i medarbeidarsamtalane. Embetet gjev permisjon og økonomisk støtte til relevant vidareutdanning. Mellom anna er det i 2011 tilsette som har fått permisjon og økonomisk støtte til å ta fagprøve og til å ta mastergrad på fagområdet sitt.

I 2011 hadde vi to embetsprosjekt, der det både var mannleg og kvinneleg prosjektleiar. Vi er også bevisste på å ha så jamn kjønnsfordeling som mogeleg på deltakararane i prosjektgrupper og kurs og kompetansetiltak.

Fordeling menn/kvinner i lederstillinger

| Embete | Kunngjorte lederstillinger | % tilsatte kvinner | % tilsatte menn | Antall kvinnelige ledere | Antall mannlige ledere |
|--------|-------------------------------|-----------------------|--------------------|-----------------------------|---------------------------|
| FMSF | 3 | 33 | 66 | 3 | 4 |

Fordeling av kompetansemidler

| Embete | % kompetanse kvinner | % kompetanse menn | % under 50 år | % over 50 år |
|--------|----------------------|-------------------|---------------|--------------|
| FMSF | 53 | 47 | 76 | 24 |

98.3 Medvirkning

Vi er opptekne av å sikre medverknad frå tilsette og tillitsvalde. I strategisk kommunikasjonsplan 2011-2013 har vi retningslinjer for informasjon, og mål og viktige prinsipp for intern kommunikasjon. I vår plan for lokal personalpolitikk heiter det:

Alle medarbeidarane skal ha innverknad på eigen kvardag. Samarbeidet mellom leiing, medarbeidarar og tillitsvalde skal vere prega av godt samspele. Det er viktig at diskusjonar om organisering og disponering av ressursar vert gjort tidleg for å få reell moglegheit for medverknad.

Møteplassar for medverknad

Vi har kvartalsvise møte med tillitsvalde i samsvar med hovudavtalen. I tillegg involverer vi hovudtillitsvalde ved tilsetjingar, og når det er viktig med tidleg informasjon i prinsipielle saker eller i saker som gjeld budsjett. Organisasjonane kjem med innspel når vi organiserer ulike arbeidsgrupper eller prosjektgrupper. Utformiinga av medråderetten er elles beskrive i lokal tilpasningsavtale.

Det er open dialog mellom partane, og dei tillitsvalde får tidleg informasjon om saker for å sikre reell medverknad. Møta med hovudtillitsvalde vert evaluert årleg.

98.4 Likestilling og likeverd

Vi utarbeida ein handlingsplan for universell utforming av Statens hus hausten 2010. Nokre av tiltaka som vart satt opp der vart gjennomførte innan utgangen av 2011, medan andre blir gjennomførte ved naturleg fornying (nye innkjøpsavtalar, teknologiske løysingar, plandokument med meir). Det skal lagast ein eigen plan for landbruksavdelinga no når ombygginga der er ferdigstilt. Denne skal vere klar i løpet av våren 2012.

For å løyse resten av dette embetsoppdraget sette vi i august 2011 saman ei arbeidsgruppe på fem personar som utarbeidde ein handlingsplan for likestilling og arbeid mot diskriminering. I denne planen fokuserer vi på dei to første punkta i resultatkrava: mål og tiltak knytt til likestilling og arbeid mot diskriminering, og kvinnelege leiarar.

For å kartlegge korleis stoda er på dette området i dag, utarbeidde vi eit spørjeskjema til dei tilsette med desse temaata:

- FMSF si haldning på dette temaet
- Opplevd diskriminering når det gjeld kjønn
- Tilrettelegging av arbeidskvardagen
- Religion og livssyn
- Seniorpolitiske tiltak
- FMSF sitt arbeid mot trakkassering og diskriminering

Utfordringar hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Resultata frå spørjeundersøkinga om likestilling og opplevd diskriminering i embetet syner at mange av oss tilsette er utan formeining eller usikre kring temaet. Ei hovudutfordring vil difor vere å sørge for ei større bevisstgjering om dette i embetet.

Vi kallar alltid inn kvalifiserte søkerar med utanlands opphav til intervju. Mange av dei som er inne på intervju, blir ikkje tilsett på grunn av for dårlig skriftspråk. Ved alle tilsetjingar blir det gjort ein språktest, der søkeren skal skrive ein tekst på nynorsk.

Det siste året ser vi at vi har fått ei skeivheit i kjønnsbalansen ved tilsetjingar, og vi har tilsett fleire kvinner enn menn i forhold til kjønnsfordelinga blant søkerane. Per 1.9.11 var kjønnsfordelinga for tilsette i embetet 56 % kvinner og 44 % menn.

Kjønn har ikkje så stor påverknad på lønnsnivået som det utdanning, ansiennitet og fagområde har, og det er såleis ikkje ei systematisk skeivheit. Ved lokale forhandlingar ligg det ei overordna føring om at kvinner skal få ein større del av potten enn det som er kvinneandelen i årsverk. Dette blir oppnådd i våre forhandlingar.

I spørjeundersøkinga hadde vi eit eige spørsmål om seniortiltak. Her var tilbakemeldingane at vi har gode

ordningar med ekstra seniordagar og liknande, og at Fylkesmannen som arbeidsgjevar har gode intensjonar når det gjeld å tilrettelegge for kompetanseheving og utviklingstiltak for seniorar. Det vart likevel stilt spørsmål ved om intensjonane samsvarar med røynda. Det er mellom anna kommentert at det på grunn av arbeidsmengde og "mangel på folk" er vanskeleg å nytte seg av desse tilboda.

På avdelingsleiarnivå har vi no ein kvinneandel på 40 %. (3 av 7). Per november 2011 var det 8 seksjonsleiarar / assisterande i embetet. Av desse er det 3 kvinner, altså 37 %.

Basert på desse utfordringane har vi utarbeidd desse måla:

MÅL 1: Alle tilsette skal ha god kunnskap om Fylkesmannen sitt arbeid for likestilling og mot diskriminering internt i embetet.

MÅL 2: Vi skal leggje betre til rette for at seniorpolitikken vår kan gjennomførast i praksis.

MÅL 3: Vi skal vere meir bevisste på mangfold ved tilsetjingar.

Forslag til tiltak for å nå dei ulike måla (lista er ikkje uttømmande).

Tiltak – Mål 1:

- Sikre ei større bevisstgjering i embetet ved å informere jamleg om lover og rettar, ordningar for tilrettelegging og rutinar for varsling, med meir. Desse punkta må vere med i publiseringssplanen for intranettet vårt.
- Ta dette temaet opp med jamne mellomrom på fellessamlingar og avdelingsmøte.
- Større involvering av avdelingsleiarar og tillitsvalde i formidling av informasjonen.
- Fokus på open informasjon, samhandling og godt arbeidsmiljø som eit førebyggjande tiltak.

Tiltak – Mål 2:

- Større grad av oppfølging av seniorar frå avdelingsleiarar. Ta opp evt. ønskje om fritid og kompetansetiltak med seniorar jamleg - som eit minimum i medarbeidarsamtalar, men også elles gjennom året.
- Ved behov finne fram til andre måtar å organisere arbeidskvardagen og fordele arbeidsoppgåver.

Tiltak – Mål 3:

- Vi skal prøve å rekruttere det underrepresenterte kjønn dersom like kvalifikasjoner elles (moderat kvotering).
- Halde fram med å alltid kalle inn kvalifiserte søkerar med utanlandsk opphav eller nedsett funksjonsevne til intervju. Dersom nokon ikkje blir kalla inn, må ein ha ei grunngjeving for kvifor dei ikkje blir rekna som kvalifiserte i innstillinga.
- Vurdere språkkrava våre ved tilsetjingar der vi har søkerar med utanlandsk opphav.

Iverksetjinga av tiltaka vil skje frå 2012, men dette må følgjast opp over lengre tid dersom vi skal få til ein varig effekt.

Oppfølging av planen og tiltaka skal vere tema på leiarmøte i november 2012.

Tilstandsrapport kjønn

| | | Kjønnsbalanse | | | Månadsløn % | | Månadsløn | |
|--|------|---------------|------|-------|-------------|------|-----------|--------|
| | | M% | K% | Total | M | K | M | K |
| Totalt i virksomheten | 2010 | 46,6 | 53,4 | 118 | 49,7 | 50,3 | x | x |
| | 2011 | 44 | 56 | 125 | | | x | x |
| Toppledelse, kategori 1 | 2010 | 57,1 | 42,9 | 7 | 100 | 97 | 60 123 | 58 342 |
| fylkesmann, ass fylkesmann, fylkeslege, avd direktør | 2011 | 57,1 | 42,9 | 7 | 100 | 98 | 63 733 | 62 216 |
| Mellomledelse, kategori 2 | 2010 | 62,5 | 37,5 | 8 | 100 | 106 | 44 425 | 46 889 |

Arsrapport 2011 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane - Innhold:

| | | | | | | | | |
|---|------|------|-------|----|-----|-----|--------|--------|
| kontorsjef, seksjonssjef, ass dir, ass fylkeslege | 2011 | 60,0 | 40,0 | 10 | 100 | 95 | 51 158 | 48 854 |
| Kategori 3 | 2010 | 80,0 | 20,0 | 10 | 100 | 93 | 40 299 | 37 430 |
| seniorrådgiver, senioringeniør | 2011 | 64,3 | 35,7 | 14 | 100 | 98 | 41 670 | 41 022 |
| Kategori 4 | 2010 | 48,4 | 51,6 | 64 | 100 | 92 | 36 450 | 33 543 |
| rådgiver, ingeniør, overing., avdelingsing., fylkes - sjukepl., - agronom, - skogmester, arkivleder | 2011 | 45,5 | 54,5 | 66 | 100 | 101 | 37 306 | 37 650 |
| Kategori 5 | 2010 | 27,3 | 72,7 | 22 | 100 | 91 | 32 675 | 29 793 |
| konsulent, 1. konsulent, seniorkonsulent | 2011 | 23,8 | 76,2 | 21 | 100 | 108 | 30 930 | 33 330 |
| Kategori 6 | 2010 | 28,6 | 71,4 | 6 | 100 | 149 | 15 843 | 23 648 |
| fagarbeider, renholder, | 2011 | 0,0 | 100,0 | 5 | 100 | 0 | 0 | 28 558 |
| Kategori 7 | 2010 | 28,6 | 71,4 | 1 | 100 | 149 | 15 843 | 23 648 |
| lærling, trainee | 2011 | 50,0 | 50,0 | 2 | 100 | 159 | 19 547 | 31 042 |

| | Deltid | Midlertidig ansettelse | | Foreldrepermisjon | | Legemeldt sykefravær | | Tiltak 1 | Tiltak 2 |
|----------------------------------|--------|---------------------------|-------|-------------------|------|-------------------------|-------|----------|----------|
| | | M% | K% | M% | K% | M% | K% | M% | K% |
| Totalt i virksomheten | 2010 | 2,50 | 17,80 | 4,20 | 2,50 | 15,00 | 85,00 | 1,57 | 3,15 |
| | 2011 | 3,20 | 16,00 | 10,91 | 7,14 | 16,51 | 83,49 | 1,67 | 3,34 |

Tabell 3, samletabell

| 2010 | Ledere med personalansvar | | Medarbeidere | | | Lønn | | |
|------------------------------------|----------------------------------|----|---------------------|------|------|---------------|-------------|-------------|
| | m% | k% | Totalt (N) | m% | k% | Totalt (N) | M% | K/M% |
| Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | 60 | 40 | 10 | 46,6 | 53,4 | 118 | 100,00 % | |
| 2011 | Ledere med personalansvar | | Medarbeidere | | | Lønn | | |
| 2011 | m% | k% | Totalt (N) | m% | k% | Totalt (N) | M% | K/M% |
| | 50 | 50 | 10 | 0,4 | 0,52 | 125 | 100,00 % | 132,56 % |

98.5 Føringer på IKT-området

Tal lisensar er rapportert i skjema.

GIS

I sakshandsaming vert webkartløysinga www.fylkesatlas.no nytta av tilsette i embetet. Dette er ei innsynsløysing basert på Mapserver med Adaptive som byggjer på open kjeldekode. Denne løysinga er eit resultat av eit samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Mange kommunar i fylket nyttar også vår regionale løysing i sakshandsaminga. Internt og til meir krevjande geodata- og GIS-oppgåver nyttar vi ArcGIS-programvare som vi har tilgang til gjennom felles lisensserval.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i 2011 vore leiar for FAD sitt fagutval for kart/GIS og delteke i referansegruppa i Norge digitalt.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane utviklar Lakseregisteret for DN som skal innehalde ulike modular. I 2011 vart Lakseregisteret - Fiskeforskrifter ferdigstilt. Ein ny modul for evaluering av nasjonale laksefjordar og lakseelver er under planlegging. Sjøfangstregisteret vert drifta av embetet for DN og inneholder mellom anna eiga kartløysing. Vi har vidare drift og utvikling for denne løysinga i 2012.

98.7 Trippelnett

Ut frå rapporteringskrav sender Trippelnett eigen rapport til FAD med status per 1. mars og 1. september. Vi viser til desse rapportane.

Vi ber dessutan FAD vurdere om rapporteringsfristane i embetsoppdraga bør endrast slik at dei er i samsvar med fristane for årsrapport og evt ein frist etter første halvår.

Trippelnett er under oppgradering og blir handsama som eige prosjekt med rapportering til FAD. Portalprosjektet har prioritert portalsider og internett som dei første områda som skal oppgraderast. Prosjektet vart starta opp i desember 2011 og vil føregå i heile 2012.

98.8 Sentral drift av Fri rettshjelp-ordningen

Vi har rapportert til FAD om innføring og drift per 30.09.2011 i samsvar med rapporteringskravet i embetsoppdraget. Vi viser til vår rapport av 24.10.2011 for utfyllande informasjon om status og særlege utfordringar.

I juli 2011 fekk vi særskilte midlar frå JD for vidareutvikling av den elektroniske skjemaløysinga. Dette gjeld særleg utvikling av funksjonar som legg til rette for auka bruk og tilgjenge. Sidan august 2011 har arbeidet vore organisert som eit samarbeidsprosjekt mellom justissectsjonen og IKT-seksjonen. Vi håpar å ha ny skjemaløysing klar i løpet av 2. kvartal 2012. Vi har rapportert særskilt til JD om status og forbruk av dei særskilte midlane til dette utviklingsarbeidet.

I 2011 mottok vi 14.990 saker via den elektroniske skjemaløysinga. Dette utgjer 55 % av alle mottekne saker, og er ein nedgang på 2476 elektroniske innsendingar i høve til i fjor. I denne samanheng kan det nemnast at tal saker samla sett har gått ned med 4851.

Per 31.12.2011 er det registrert 1227 unike brukarar av løysinga, der 111 av desse er sakshandsamarar eller administratorar hos fylkesmannsembeta. Fylkesmannen har hatt løpende brukarstøtte for den elektroniske skjemaløysinga både per telefon og e-post.

Sjå elles www.rettsrad.no for informasjon om skjemaløysinga.

Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Utbetalinga av partistøtte 2011 er gjort tilgjengeleg på nett samtidig med utbetalingane. Så eigen nettstad: <http://partistotte.fylkesmannen.no/PartistotteWeb/>

I tillegg er rådata frå partistøtte publisert på datahotellet data.norge.no. Her finn ein og informasjon om datasettet, samt bakgrunnen for dataene.

Andre

Ressursrapportering

I samband med årsrapporteringa har vi funne feil i resultatrapporteringa vår. Forbruket pr resultatområde er ikkje lasta opp alle månadane. Vi har difor mauelt berekna dei manglande opplastingane. Total ressursbruk er likevel tilnærma rett.

| Resultatområde | Kapittel 1510 | Fagdep. |
|---|-------------------------|----------------|
| Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk. | kr 3 423 230,56 | kr 0,00 |
| Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk. | kr 0,00 | kr 0,00 |
| Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift | kr 32 136 656,00 | kr 0,00 |
| Sum: | kr 35 559 886,00 | kr 0,00 |